

# Årsmelding 2014



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

## Om årsmeldinga

Årsmelding 2014 viser resultat som er oppnådde i Hordaland fylkeskommune i løpet av året.  
Årsmeldinga er eit fellesprodukt med bidrag frå alle avdelingar.  
Årsmeldinga er tilgjengeleg på internett: [www.hordaland.no/publikasjonar](http://www.hordaland.no/publikasjonar)

Framsidedfoto: Amalie Skram videregående skole.  
Ansvarleg: Fylkesrådmannen  
Redaksjon: Kommunikasjonsseksjonen  
Tekstgrunnlag: Avdelingane i fylkesadministrasjonen













# Innhald

- 3 Innhald
- 4 Hendingar i 2014
- 6 Kollektiv framgang
- 7 14 377 kroner
- 8 Driftsrekneskap i balanse, store investeringar pressar økonomien
- 16 Viktige planar for regional utvikling vedtekne
- 26 Fleire gode leveår for alle
- 28 Kultur — ein premiss for samfunnutviklinga
- 40 Brukte over 3 mrd. kr for gje unge rett kompetanse for framtida
- 48 Betre tannhelse hos barn og unge i Hordaland
- 54 Solid vekst i kollektivtrafikken
- 64 Satsing på leiarskap for framtida
- 70 Internasjonale prosjekt vekte merksemd
- 76 Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet
- 82 Kommune-Stat-Rapportering - KOSTRA
- 85 Vedlegg
- 86 Visste du dette om Hordaland?















Foto: Stanley Hauge

# Hendingar i 2014

JANUAR	FEBRUAR	MARS	APRIL	MAI	JUNI
 <p><b>2/1:</b> Den nye snøggåttutrustning mellom Knarvik, Frekhaug og Bergen hadde første avgang kl. 05.53 frå Knarvik.</p>	 <p><b>2/2:</b> Camilla Halland Storås, elev ved Årstad vidaregåande skole, gjekk heilt til topps i frisør-NM for elevar.</p>	 <p><b>3/3:</b> Den tre kilometer lange fylkesvegen mellom Stokkabakken og Rubbestadneset på Bømlo vart offisielt opna.</p>	 <p><b>2/4:</b> Bybanen, andre byggjesteget, Nesttun-Lagunen, vart kåra til Årets anlegg 2013 av fagbladet Byggeindustrien.</p>	 <p><b>7/5:</b> Nye Årstad tannklinikk vart opna. Dobling frå 7 til 14 behandlingsrom.</p>	 <p><b>18/6:</b> Birøktar Bjarte Tennfjord hausta den første honning på taket av fylkeshuset. (Totalt ca. 100 kilo.)</p>
 <p><b>31/1:</b> Dei første elevane på vekslingsmodellen skriv lærekontrakt: ved Olsvikåsen vgs og Slåtthaug vgs.</p>	 <p><b>28/2:</b> Før første gong registrerte Hordaland fylkeskommune over 50 mill. reiser med buss og Bybanen i løpet av eitt år.</p>	 <p><b>27/3:</b> Terminal sør ved Bergen busstasjon vart opna. Dermed er heile busstasjonen vorten ny. Pris 170 mill. kr.</p>	 <p><b>22/4:</b> To nye kollektivfelt vart opna ved Storavatnet terminal i Bergen.</p>	 <p><b>8/5:</b> Den komplette sykkeltraseen mellom Bergen sør og sentrum vart opna.</p>	 <p><b>27/6:</b> Fylkesordførar Tom-Christer Nilsen vert valt til president i Nordsjøkommisjonen for perioden 2014-16.</p>



JULI	AUGUST	SEPTEMBER	OKTOBER	NOVEMBER	DESEMBER
 <p><b>7/7:</b> Elevar i Hordaland som har nynorsk som hovudmål, får betre karakterar, har lågare strykprosent og får fleire seksarar enn bokmålselevar.</p>	 <p><b>17/8:</b> Trass i lærarstreik, var det skulestart nesten som planlagt for elevane som byrja på Amalie Skram vidaregående skole.</p>	 <p><b>1/9:</b> Streiken ved 15 vidaregåande skular i Hordaland var over kl. 08.30.</p>	 <p><b>1/10:</b> Offisiell opning av Amalie Skram vidaregående skole.</p>	 <p><b>14/11:</b> Nordahl Grieg vidaregående skole blir tildelt innovasjonsprisen 2015.</p>	 <p><b>11/12:</b> Oppfinnarprisen for Hordaland 2014 vart tildelt Ivar Ole Wik i Wik Gruppen AS for oppfinninga Liftroller.</p>
 <p><b>8/7:</b> Amalie Skram vidaregående skole hadde høgast karaktergrense ved førsteopptaket.</p>	 <p><b>28/8:</b> Fylkesutvalet løyvde 2,2 millionar kroner til ei større restaurering av gamle, verneverdige hus og hage på Stend.</p>	 <p><b>25/9:</b> Det internasjonale sykkelforbundet (UCI) tildelte sykkel-VM 2017 til Bergen og Hordaland.</p>	 <p><b>17/10:</b> Den første av to moderne og klimavennlege ledbussar kjem til Bergen. Bussane går på biogass og er 24 m lange.</p>	 <p><b>25/11:</b> Siste salve på byggesteg 3 av Bybanen mellom Lagunen og Flesland vart fyrst i Steinsviktunellen.</p>	 <p><b>18/12:</b> Den nye fylkesveg 48 mellom Straumsbrua på fylkesveg 7 og Tysse sentrum i Samnanger opna for trafikk.</p>

# Kollektiv framgang



Vi reiser meir kollektivt enn nokon gong før i Hordaland. Til saman føretok vi meir enn 52 millionar reiser med rutebuss, bybane eller snøggått i 2014. Det er rekord, og tala aukar år for år. Sidan 2010 har vi hatt ein vekst i kollektivtransporten på om lag 50 prosent! Det er svært gledeleg. Vi er i rute på våre målsettingar og fylkeskommunen arbeider hardt for at veksten i bruken av kollektivtransport skal halde fram.

2014 var det første året med heilårsdrift av Bybanen mellom Bergen sentrum og Lagunen. Bybanen er ryggraden i kollektivsystemet i bydelane den dekkjer. 9,4 millionar personar steig om bord i løpet av 2014. Det er trehundretusen fleire enn året før. Med i alt tjue vogner som kjem kvart femte minutt i rushtida, ser vi no at kapasitetsproblema løyser seg og det er jamnare flyt i trafikken. Allereie før utbygginga til Flesland er ferdig, og før utbygging til Åsane og Fyllingsdalen er starta, er Bybanen ei suksesshistorie om effektiv og miljøvenleg persontransport i Hordaland.

Eit høgdepunkt i 2014 var opninga av Amalie Skram videregående skule på Nygårdstangen i Bergen. Eit fleirårig byggjeprojekt med mange krevjande utfordringar undervegs vart fullført av fylkeskommunen sin eigedomsseksjon i samarbeid med Bergen kommune, som bygde Noreg sin fremste symjearena i same hus. Det å sjå 1 000 elevar og 130 tilsette ta dette topp moderne skuleanlegget i bruk og fylle det med læring, liv og latter er ei enorm glede. På Voss starta vi bygging av Nye Voss gymnas og Nye Voss vidaregåande skule, og ved Årstad vgs gjennomførte vi eit stort rehabiliteringsprosjekt. Dette er investeringar i Hordaland si framtid. Meir enn seks tusen ungdomar fullfører sluttteksamen ved våre skular kvart år.

**Tom-Charter Nilsen**  
fylkesordfører

Ei nyskaping som har hatt mindre blest i media må nemnast: Hyssingen produksjonsskule i Bergen. Dette nye tilbodet fangar opp ungdom som av ulike grunnar har hamna utanfor vidaregåande opplæring og som treng oppfølging. På Hyssingen får dei førstehands erfaring med restaurant- og matfag, kulturverkstad eller betongfag i eit kreativt og inkluderande miljø. Erfaring frå fleire europeiske land har vist at ungdom igjen kan få gnisten til å fullføre vidaregåande utdanning eller skaffe seg jobb.

Når det gjeld framgangen vi har opplevd i 2014 innan tannhelse, nye regionale planar for kultur, folkehelse eller utvikling av attraktive tettstadar, oppfordrar eg til å lese gjennom denne årsmeldinga. Det er lagt ned ein formidabel innsats for å utvikle Hordaland for framtida og eg takkar alle tilsette for jobben de har gjort i 2014.

# 14 377 kroner



**Rune Haugsdal**  
fylkesrådmann

Dette er beløpet Hordaland fylkeskommune har brukt for kvar innbyggjar i fylket i 2014. Kva får ein for fjorten tusen kroner? Det er i grunnen lett å svare på dersom vi tenkjer privat: pc, mobil, mat, kle, husleige, transport og fritid. Vi ser fort kor kronene går.

Kva har så fylkeskommunen brukt desse kronene på, for deg? Det er i grunnen det denne årsmeldinga skal gje svar på. Den som blar gjennom og les vil få mykje god og konkret informasjon om det. Men skal vi forenkle det ned til nokre få linjer, er svaret at Hordaland fylkeskommune har brukt pengane til å utvikle meir og betre kollektivtransport, betre vegsamband, nye skular og betre studietilbod, betre tannhelse og folkehelse, meir verdiskaping og næringsutvikling i by og bygd, kulturtilbod til unge og gamle, nye miljøltiltak, betre forvaltning av naturressursar og fleire fritidstilbod for alle. Så får den enkelte spørje seg: Er dette fornuftig bruk av mine fjorten tusen kroner?

Ved nyttår 2014/2015 er vi 511 357 menneske i Hordaland. Gangar vi opp med dine 14 377 kr får vi 7,35 milliardar kroner. Det er dei totale driftsutgiftene for fylkeskommunen i 2014. I 2013 var driftsutgiftene på 6,99 milliardar. Utgiftene aukar altså, men det gjer òg folketalet. Når vi reknar med alle som er fødte, døde, innflytta og utflytta, har vi på eitt år vorte 6 111 fleire menneske som bur innanfor fylkesgrensene våre. Likevel aukar utgiftene langt meir enn folketalsveksten tilseier. Ei av årsakene til dette er at Hordaland fylkeskommune investerer svært mykje innan samferdsel. Bybaneutbygginga og utbygging av vegar, tunnelar, sykkel- og gangvegar er svært kostnadskrevjande prosjekt. Vi har òg investert i nye vidaregåande skular i Voss og Bergen. Slike store investeringar gjer at fylkeskommunen har teke opp nye lån.

Hordaland fylkeskommune har 8,1 milliardar kroner i lånegjeld pr. 31.12.2014. Det er 891 millionar kroner meir enn i 2013, og det er først når vi trekkjer frå utgifter til renter og avdrag at vi får eit netto driftsresultat på 52,3 millionar kroner, mot 526,5 millionar i 2013. Ein god del av denne nedgangen skuldast ei rekneskapsteknisk endring i føring av momskompensasjon. Likevel er det ein markert reell nedgang i netto driftsresultat i høve til inntektene, frå 2,1 % i 2013 til 0,7 % i 2014. Den tilsvarande nedgangen for heile landet er frå 6,0 % til 3,0 %. Nedgangen i Hordaland kjem ikkje uventa, sidan fylket vårt er blant dei som har høgast investeringar, men endringa i momsføringa gjer at det slår endå sterkare ut hos oss. Eit netto driftsresultat på 0,7 % av inntektene inneber at Hordaland fylkeskommune har avgrensa handlingsrom og lite evne til å tole svingingar i økonomien.

Slik er det òg for den enkelte av oss. Vi vil gjerne ha «litt å gå på». Tener du 500 000 kr i året og har eit netto resultat på 0,7 % etter at skatt, utgifter, renter og avdrag er betalt, har du 3 500 kr «å gå på» om banken skruer opp rentene eller det skjer noko anna i livet som krev pengar. Vi i fylkeskommunen har visst at høge investeringar vil utfordre handlingsrommet vårt. Derfor har vi eit skarpt blick på økonomien. Det har vi dyktige folk til.

Samstundes gjer ikkje denne situasjonen at vi reduserer innsatsen vår i det som er vårt store samfunnsoppdrag: å utvikle Hordaland. Vi er inspirert av at vi er eit fylke i vekst, både i folketal og i verdiskaping. Hordaland er til dømes det største eksportfylket i landet. Næringane våre er i stadig utvikling og omstilling. Vi støttar innovasjon og nytenking, vi byggjer infrastruktur og vi utdannar kvart år ca. 7 000 ungdomar med kompetanse til å utvikle landet vidare. Det vi gjer i dag skal kome framtidige generasjonar til gode.

# Driftsrekneskap i balanse, store investeringar pressar økonomien

Driftsrekneskapen for 2014 vart gjort opp i balanse med brutto driftsutgifter på 7 351 mill. kr. Investeringane var rekordhøge – på i overkant av 3,7 mrd. kr. Lånegjelda auka med 891 mill. kr til vel 8,1 mrd. kr. Aukande utgifter til renter og avdrag tok storparten av inntektsveksten. Hordaland fylkeskommune sitt netto driftsresultat er det lågaste sidan 2009.

Med over 11 mrd. kr til drift og investeringar leverte fylkeskommunen viktige tenester til innbyggjarane og tok nye steg i utviklinga av Hordaland. Gjennom dei store investeringane får vi nye og nyopprusta vidaregåande skular, nye og betre fylkesveggar og eit betre kollektivtrafikktilbod.







## Driftsrekneskap

Tal i mill. kr

	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Budsjett 2014
+ Skatt og rammetilskot	5 457,9	5 676,8	5 712,4
+ Andre driftsinntekter	2 489,2	2 197,3	1 918,6
- Sum driftsutgifter (ekskl. avskr.)	6 985,5	7 351,8	7 111,8
= Brutto driftsresultat	961,6	522,3	519,2
- Netto renteutgifter	156,1	167,1	204,1
- Avdrag	279,0	302,9	302,9
= Netto driftsresultat	526,5	52,3	12,2
- Avsetjing til disp.fond (netto)	3,7	- 20,6	- 6,2
- Avsetjing til bundne fond (netto)	6,7	14,9	- 54,2
- Driftsmidlar til investeringar	385,8	58,0	72,6
= Rekneskapsm. meir-/ mindreforbr.	130,3	0,0	0,0

Driftsrekneskapen for 2014 vart avslutta i balanse. Sluttlinja (rekneskapsmessig meir- eller mindreforbruk) fortel ikkje så mykje om kor god eller dårleg økonomi fylkeskommunen har. Talet fortel berre om ein har brukt meir eller mindre enn budsjettert.

I 2014 vart skatteinntektene lågare enn budsjettert og ein fekk ikkje den forventede veksten i billettinntektene i kollektivtrafikken. Svikten på inntektssida vart delvis motverka av innsparingar på andre område, m.a. renteutgifter.

Rekneskapsforskriftene har reglar om pliktige strykingar dersom rekneskapen viser meirforbruk i høve til budsjettet. For å kome ut i balanse måtte ein redusere overføringane frå drift til finansiering av investeringar med ca. 15 mill. kr. Det vart etter dette overført 58 mill. kr frå drift til finansiering av investeringar.

### Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er eit av dei mest sentrale nøkkeltala i kommunale rekneskapar. Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja.

Tidlegare har det vore vanleg å rekne at kommunesektoren burde ha eit netto driftsresultat på 3 % av driftsinntektene for å ha ein sunn og robust økonomi. I «Rapport fra Det tekniske beregnings-

utvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi» i november 2014 vert det tilrådd at måttalet for fylkeskommunane bør aukast til 4 %.


Netto driftsresultat for Hordaland fylkeskommune gjekk ned frå 526,5 mill. kr (6,6 %) i 2013 til 52,3 mill. kr (0,7 %) i 2014. Den viktigaste forklaringa på nedgangen er endra føring av momskom-

pensasjon frå investeringar. I 2013 vart momskompensasjon frå investeringar bokført i driftsrekneskapen (367,1 mill. kr). Frå 2014 skal denne inntektsposten førast i investeringsrekneskapen.


Sjølv om ein korrigerer for denne rekneskapstekniske omlegginga, var det likevel ein markert nedgang i netto driftsresultat frå 2,1 % til 0,7 %. Eit netto driftsresultat på 0,7 % av inntektene inneber at fylkeskommunen har avgrensa handlingsrom og lita evne til å tole svingingar i økonomien.

Førebelse tal for landet viser nedgang i netto driftsresultat frå 6,0 % til 3,0 %. Sidan Hordaland er mellom fylkeskommunane som har høgast investeringar, er det ikkje uventa at endra føring av momskompensasjon frå investeringar har gjeve større utslag for Hordaland enn for snittet av fylkeskommunane. Hordaland var i 2014 mellom fylkeskommunane som hadde lågast netto driftsresultat.

Heilt sidan 2007 har Hordaland hatt lågare netto driftsresultat enn landsgjennomsnittet, med unntak av 2013. Det høge netto driftsresultatet i 2013 kan i stor grad forklarast med særleg høg momskompensasjon frå veginvesteringar det året.



Brutto driftsutgifter fordelt på sektor



### Driftsutgifter

Driftsutgiftene auka med 5,2 % frå 2013 til 2014, medan inntektene berre auka med 3,9%. Løns- og prisveksten for kommunesektoren er rekna å utgjere 3 %. Ut frå dette har fylkeskommunen hatt ein realvekst i driftsutgiftene på i overkant av 2 %. Samferdsel, kultur- og

idrett og regional utvikling er sektorane som har hatt utgiftsvekst som ligg klart over løns- og prisveksten. Utgiftsveksten innan kultursektoren kan forkla- rast fullt ut med høge utbetalingar av spelemidlar i 2014.

Opplæring og samferdsel er dei to store sektorane med 41,8 % og 37,2 % av fylkeskommunen sine driftsutgifter.

### Budsjettavvik

Skatteinntektene vart 47 mill. kr lågare enn budsjettet. Samanlikna med 2013 auka skatteinntektene med 2 %. Gjennomsnittleg skattevekst for fylkeskommunane var 2,9 %. Sidan Hordaland hadde svakare vekst enn landsgjennomsnittet, fekk ein noko kompensasjon gjennom inntektsutjamninga. Samla svikt i skatt og rammetilskot vart 35,5 mill. kr.

Den største svikten i høve til budsjettet hadde samferdselssektoren med 50,1 mill. kr. Ein fekk ikkje den veksten i billettinntektene som var føresett i budsjettet.

15 skular hadde underskot på til saman 18,3 mill. kr. Men innsparing på ein del andre postar gjorde at samla overskriding for opplæringssektoren vart 12 mill. kr.

Netto renteutgifter viste innsparing på 22,7 mill. kr pga. lågare rentenivå enn føresett i budsjettet.

Lønsavsetjing og premieavvik (pensjonskostnad) viste innsparing på 31,7 mill. kr. Som følgje av streik vart lønstillegga for store grupper først gjevne frå 1. september, og ikkje 1. mai, som var føresett i budsjettet.



Foto: Morten Wanvik





## Investeringar

Tal i mill. kr

Sektor	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Budsjett 2014
Kultur og idrett	1,6	0,7	0,8
Opplæring	443,0	605,7	609,8
Tannhelse	28,1	8,7	10,0
Samferdsel	2 545,4	3 042,8	3 215,3
Politiske organ og adm.	7,7	1,9	2,0
Fellesfunksjonar m.m.	55,0	57,1	71,0
Sum inv. i eigedomar og utstyr	3 080,8	3 716,9	3 908,9

Investeringane var i 2014 på over 3,7 milliardar kroner, meir enn nokon gong før. Nær 82 % av investeringane var til samferdselsføremål, medan vel 16 % vart brukt i opplæringssektoren. Til fellesfunksjonar som m.a. IT-system og profilering av fylkeskommunale bygningar vart det nytta 57,1 mill. kr. Til investeringar ved tannklinikkane vart det brukt 8,7 mill. kr. Den nye og utvida Årstad tannklinikk vart teken i bruk.

## Lån, renter og avdrag



Som følge av høge investeringar har fylkeskommunen si lånegjeld auka kraftig gjennom mange år. Ved siste årsskifte hadde gjelda passert 8 mrd. kr.

Grafen ovanfor viser utviklinga i renter og avdrag. Tala for renteutgifter er etter

frådrag av renteinntekter og rentekompensasjon. Fallande rentenivå har dempa veksten i renteutgiftene. Det er avdraga som har auka mest. I snitt har summen av renter og avdrag auka med over 50 mill. kr årleg den siste fireårsperioden. Dette er ei av dei største

økonomiske utfordringane fylkeskommunen står overfor. Ein svært stor del av inntektsveksten går med til å dekke aukande kapitalutgifter. Om rentenivået skulle begynne å stige, kan det bli nødvendig med kraftige kutt i driftsutgiftene.

# Rekordinvesteringar på 3,7 mrd. kr

Hordaland fylkeskommune sine investeringar i 2014 var på rekordhøge 3 717 mill. kr, over 600 mill. kr meir enn i 2013. Heile 3 043 mill. kr gjekk til investeringar innan samferdsel og 606 mill. kr til opplæringssektoren.


Investeringar i vegar utgjorde 1 514 mill. kr og bybaneutbygging 1 339 mill. kr.

Dei største skuleprosjekta var Amalie Skram vgs. med eit forbruk på 193 mill. kr, tilbygg/rehabilitering ved Årstad vgs. med 146 mill. kr og nye Voss vgs. med 104 mill. kr.

Bompengar (1 672 mill. kr) og lån (1 092 mill. kr) var dei viktigaste finansieringskjeldene.

## Investeringar 2011-2014, mill. kr

Sektor	2011	2012	2013	2014
Opplæring	422	418	443	606
Samferdsel	1 902	2 094	2 545	3 043
Andre sektorar	57	74	92	68
Sum investeringar	2 380	2 586	3 081	3 717



## Stor eigedomsmasse

Hordaland fylkeskommune har ein samla eigedomsmasse på godt over 400 000 m<sup>2</sup>. Dette er i hovudsak skulebygg, tannklinikkar, kollektivanlegg, kulturhus og administrasjonsbygg. Det er investert for over 600 mill. kr i skulebygg og andre eigedomar i 2014.

### Amalie Skram vgs.

Den nye skulen vart teken i bruk frå skuleåret 2014/15 med eit areal på 16 000 m<sup>2</sup> og plass til vel 1000 elevar. Totalt har Hordaland fylkeskommune investert for over 800 mill. kr i dette byggjeprosjektet fordelt over fleire år.

### Skuleutbygging på Voss

Byggjearbeida på nye Voss vgs. tok til på Skulestadmoen i 2014 og den nye skulen skal takast i bruk frå skuleåret 2016. For nye Voss gymnas er det gjennomført pris- og designkonkurranse med venta byggjestart i august 2015 og skal etter planen verte ferdig til skuleåret 2017/18. Totalt legg ein opp til å investere i overkant av 1 milliard kroner i nye skulebygg på Voss.

### Rehabilitering og ombyggingar

Det er investert mykje i rehabilitering og nytt mellombygg på Årstad vgs. dei siste åra og prosjektet nærmar seg slutten. I 2014 er det investert for omlag 150 mill. kr og til skulestart 2015 skal Bygg B vere heilt ferdig. Arbeida med Bygg A startar våren 2015 og er planlagt ferdig til skulestart 2016. Totalt vil ein då ha investert for om lag 600 mill. kr. på Årstad vgs.

I tillegg til den omfattande rehabiliteringa av Årstad vgs. vert det kvart år investert for godt over 100 mill. kr i mindre ombygging- og rehabiliteringsprosjekt i skulebygg og andre bygg. Inkludert i dette er også prosjekt innanfor universell utforming og enøk.



Foto: Rune Jensen

Grunnarbeid på haldeplassen på Flesland, endestasjon for byggjesteig 3 av Bybanen i Bergen, Lagunen-Flesland.

## Enøk

Arbeidet med å redusere energibruken i den fylkeskommunale bygningsmassen pågår på fleire område. Ved nybygg prøver ein å leggje seg på strengare energikrav enn gjeldande teknisk forskrift, medan ein ved rehabilitering av eldre bygg så langt som mogleg legg vekt på å tilfredsstillе dagens forskrift. Enøktiltak vert gjennomførte i samband med vedlikehaldsarbeid og inneklimateiltak eller reine energisparande tiltak, som til dømes etterisolering, utskifting av vindauge, lysstyring, automatikk m.m. Det kan og nemnast at det nye bio-brenselanlegget på Stend vgs. vart tatt i bruk hausten 2014 og erstattar oljefyren.

Gjennom energioppfølgingsystemet har ein no god oversikt over energibruken på dei vidaregåande skulane i Hordaland. På litt lengre sikt vil ein også få kollektivanlegg og tannklikkar lagt inn i energioppfølginga. Energiforbruket ved dei vidaregåande skulane er redusert med omlag 2 % i forhold til forbruket i 2013. Dette utgjer ca. 1 200 000 kWh.

## Samferdsel

### Bystasjonen AS

Siste byggjetrinn på Bergen Busstasjon vart teke i bruk våren 2014. Bystasjonen AS er 100 % eigd av Hordaland fylkeskommune, som har vore byggherre for prosjektet. Byggingprosjektet omfattar innandørs venterom for reisande, kiosk, sjåførtillettar, Skys kundesenter, bussperrongar og reguleringsplasser for ventande bussar. Prosjektet har ei kostnadsramme på 170 mill. kr og er finansiert med 110 mill. kr frå Bergensprogrammet og 60 mill. kr frå riksvegmidlar.

### Bybanen

I 2014 vart det utført grunnarbeid på heile den 7 km lange forlenginga av Bybanen frå Lagunen til Bergen Lufthamn, Flesland. I alt vart det brukt 1,3 mrd. kr til byggjetrinn 3 i 2014.



Foto: Stanley Hauge

Ny sykkelveg i Lars Hilles gate i Bergen, ein del av sykkelvegen frå Bergen sør til sentrum.

Fire tunnelar på til saman 2,9 km på denne strekninga er ferdigsprenge, og arbeidet med verkstad og depot har pågått i heile 2014. På verkstad- og depotområdet på ca. 70 000 m<sup>2</sup> er grunnarbeidet ferdig, og nybygget skal takast i bruk innan utgangen av 2015.

Bybaneutbygginga mot Flesland er krevjande både med omsyn til grunnforhold og annan infrastruktur, og ikkje minst trafikale omsyn. Særleg utbygginga langs Ytrebygdsvegen har vore krevjande. Her har ein måtte stenge for gjennomkøyring av bilar i 21 månader. Opning av den nye bybanetraséen heilt fram til lufthamna vert truleg sommar/haust 2016.

Bergen kommune som er planansvarleg for vidare utbygging av bybanenettet vedtok i juni 2014 å leggje vidare planlegging av Bybanen mot Åsane på is inntil vidare. I staden vart det vedteke å starte utgreiing av traséval frå Bergen sentrum via Haukeland sjukehus og Mindemyren til Fyllingsdalen.

### Fylkesvegvar

Det vart investert for om lag 1 443,6 mill. kr over fylkesveg-budsjettet i 2014. Av investeringane vart 412,5 mill. kr dekte av bompengar. Dei største prosjekta var Ringveg Vest i Bergen, byggetrinn 2 (240,3 mill. kr), Tyssetunellen i Samnanger (252,4 mill. kr), Kvammapakken (62,6 mill. kr), Bømløpakken (84,2 mill. kr) og Askøypakken (74,9 mill. kr).

I 2014 brukte ein 65,6 mill. kr til trafikktryggingstiltak. Til kollektivtiltak vart det nytta 97,5 mill. kr og til gang- og sykkelveg i alt 108,7 mill. kr. Til standardheving med vedlikehaldskarakter vart det nytta vel 61,3 mill. kr. Til rassikring gjekk det med 170 mill. kr. Folkedalstunellen på Fv 7 i Granvin var det store rassikringsprosjektet i 2014, med gjennomslag i tunellen i oktober.

## Innkjøp for 7,2 mrd. kr

Hordaland fylkeskommune kjøpte i 2014 varer og tenester for 7,2 milliardar kroner. Det vart gjort samla innkjøp for 3,73 milliardar kroner over driftsbudsjettet og 3,47 milliardar kroner over investeringsbudsjettet.

For fylkeskommunen er det viktig at desse innkjøpa vert gjort i samsvar med gjeldande regelverk og rutinar. Eit viktig satsingsområde i 2014 har vore å styrkje kompetansen til dei som utfører innkjøpa. Det er gjennomført opplæring for innkjøpsansvarlege og andre. Opplæringa har m.a. omhandla offentlege innkjøp, regelverket og bruk av IKT-verktøy. Arbeidet med å utvikle kontraktstyringsverktøyet og bestillingssystemet «FINS», har vore prioritert. Innkjøpsseksjonen som har ei rolle som sentral tilretteleggjar, har stått for dette.

# Viktige planar for regional utvikling vedtekne

Fylkestinget vedtok i 2014 fem regionale planar. Ytterlegare sju regionale planar er under arbeid. Desse planane er eit viktig grunnlag for fylkeskommunen si oppgåve med å sikre berekraftig utvikling i Hordaland. Den regionale utviklingsrolla handlar om å vise retning. Aktivitetar knytte til mellom anna næring, tettstad- og lokalsamfunnsutvikling og forskning skal vere prega av omsyn til heilskapen. Perspektiv som klima, miljø og folkehelse skal vere gjennomgåande.

Regionalt utviklingsarbeid og tenesteproduksjon handlar og om å sjå koplingar mellom ulike sektorar og utvikle strategiar for å fremje den tenesteytinga og den samfunnsutviklinga ein ønskjer i eige lokalsamfunn og region. For fylkeskommunen inneber det å sjå eigne og andre sine ansvarsområde i samanheng og å utvikle sektorovergrepande perspektiv og tiltak. Som politisk organ skal fylkeskommunen forme ein heilskapleg politikk for eit geografisk område, noko som og inneber å tilpasse og samordne nasjonal sektorpolitikk til regionale utfordringar. Korleis har vi lukkast med dette i 2014?

Fylkeskommunen har medverka med sin kompetanse og skapt arenaer der regionale utviklingsaktørar kan dra nytte av kvarandre sin kunnskap. Vi har også vore til stades både nasjonalt og internasjonalt på dei møteplassane der Hordaland kan dra nytte av samarbeid eller har behov for å verte høyrte.

## Heilskapleg og målretta

Regional planlegging legg grunnlaget for ei heilskapleg og målretta utvikling av hordalandssamfunnet. Arbeidet med tilrettelegging for auka innovasjon og utvikling av dei sterke kunnskapsmiljøa våre er vidareført.

Det er gjennomført og vidareutvikla ei rekkje tiltak innanfor miljøvenleg transport. Vi har også vidareført ein tett dialog med kommunar om fleire utviklingsoppgåver. Det vart i 2014 vedteke ei rekkje planar som er viktige for regional utvikling, mellom anna regional plan for folkehelse, plan for attraktive senter, og ein revidert klimaplan med handlingsprogram. Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland vart sett i verk. Det ligg eit omfattande arbeid bak desse planane, der utstrakt dialog med alle relevante aktørar har stått i sentrum.





## Økonomi

Brutto driftsutgifter til regional utvikling var om lag 20 prosent høgare i 2014 enn året før, som var eit år med låge bruttoutgifter knytt til nærings- og lokalsamfunnsutvikling. I 2014 var bruttokostnadene til dette området meir som normalt, med ein mindre nedgang samanlikna med 2012. Dette har samanheng med lågare statlege overføringar.

Regionalt utviklingsarbeid gjekk i 2014 etter planen, med berre mindre netto avvik i høve til budsjett. Eit mindreforbruk på internasjonalt arbeid er mellom anna knytt til at delar av ei stilling vart dekt av eit EU-prosjekt.

Stor planaktivitet har ført til høgare utgifter til regional planlegging i 2014 enn tidlegare år. Dette har i første rekkje samanheng med bruk av statlege midlar knytt til Regional areal- og transportplan for Bergensområdet.



## Nøkkeltal

	2011	2012	2013	2014	Avvik netto rekneskap - budsjett 2014
Regionalavdelinga drift	9,2	9,5	11,1	13,6	-0,1
Nærings- og lok samfutv	200,1	187,9	149,9	172,9	0,2
Regional planlegging	9,9	11,7	15,2	18,2	0,3
Klima- og naturressursforv	18,6	16,4	17,3	23,6	-0,3
Forskning	41,1	35,8	35	52,8	0,0
Folkehelsearbeid	6,1	5,5	6,6	5,5	0,0
Internasjonalt samarbeid	6,2	7,3	6	6,8	0,6
Regionale utviklingsprosjekt	19,6	9	10,4	4,6	
Sum	310,8	283,1	251,5	298,1	0,7

Tal i millionar kroner. Løpande prisar. Bruk og avsetjing til fond er inkludert i tala ovanfor. Utgifter dekte inn gjennom bidrag frå eksterne samarbeidspartnarar er også inkludert.

## Infrastruktur elbilar

Brutto utgifter til klima- og naturressursforvaltning har også auka samanlikna med tidlegare år. Ei ekstraløyving over fylkeskommunen sitt budsjett til arbeid med infrastruktur for elbilar på slutten av 2013 hadde verknader for aktivitetane i 2014. Dette arbeidet vil halde fram i 2015.

Utbetaling av tilskot til forskning har auka markant. Dette kjem av at mange av prosjekta som Regionalt forskingsfond – Vestlandet har gjeve tilsegn til er komne i gang.

Ein auke i driftsutgiftene til regionalavdelinga er eit utslag i korleis avdelinga var organisert i 2014. Oppgåver knytte til regional planlegging, forskning og folkehelse var mellombels lagt til stabar under fylkesdirektør regional utvikling. Fylkeskommunen er i ein prosess for å sjå nærmare på korleis mellom anna desse funksjonane best skal organiserast og korleis kostnadene bør rapporterast.



Foto: Norsk Elbilforening

## Regional planlegging – utvikling og politikktutforming gjennom planarbeid

Regionalavdelinga har eit overordna ansvar for regional planlegging i fylkeskommunen. 2014 var eit år der mange planprosessar kunne avsluttast. Heile fem regionale planar vart vedtekne i fylkestinget:

- Regional plan for folkehelse 2014 – 2025
- Regional plan for Nordfjella
- «PREMISS: KULTUR» - Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025
- Regional plan for attraktive senter - senterstruktur, tenester og handel
- Klimaplan for Hordaland 2014-2030

### Regionale planar som var under arbeid i Hordaland fylkeskommune i 2014:

Forvaltingsplan for vatn  
Planforslag på høyring.

Areal- og transport i Bergensområdet  
Utarbeiding av planforslag.

#### Haugalandet

Utarbeiding av planforslag.  
Regionalt planarbeid som Hordaland fylkeskommune medverkar i, men der hovudansvaret ligg til Rogaland

Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger  
Utarbeiding av planforslag.

Kompetanse og arbeidskraft  
Oppstart vedteken 2014.

Godshamn i Bergensområdet  
Planarbeid utsett i påvente av statleg konseptvalutgreiing (KVU).  
Ansvarleg avdeling: samferdselsavdelinga

Utviklingsplan for Indre Hordaland  
Førebuing.

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (Bergensområdeplanen) og Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (Sunnhordlandsplanen) er store og arbeidskrevjande planer. Dei er venta ferdige i 2015.

Utviklingsplan for Indre Hordaland vart sett på vent fordi det i same tidsrom er i gang arbeid med Regional næringsstrategi for Hardanger, som ein ønskjer å hauste erfaringar frå og samtidig unngå dobbeltarbeid.

Hordaland fylkeskommune la stor vekt på å involvere alle som har interesse i planane det vart arbeidd med i 2014. Det har vore svært godt oppmøte på samlingane, både frå kommunar, statlege organ og andre aktuelle interesseorganisasjonar.

## Uvêr gjorde plankonferansen svært aktuell

Samstundes som vår fremste kompetanse på klimaendring og planlegging var samla 28. og 29. oktober 2014, vart Vestlandet råka av dramatiske hendingar grunna ekstremvêr og flaum. Målet med Plankonferansen i 2014 «Klima i areal- og transportplanlegging – frå ord til handling» var å skape innsikt om klimaendringar, konsekvensar av dette og korleis vi må planleggje for å hindre uønskete hendingar. Den nye klimaplanen for Hordaland vart også presentert på konferansen.

Transport, klimatilpassing og areal- og transportplan for bergensområdet var tema på fagsesjonane. Alle utgreiingane og analysane vart presenterte for dei om lag 240 deltakarane.



Faksimile Bergens Tidende.

## Planretteiing – kompetansebygging og dialog

Fylkeskommunen har i 2014 lagt ned store ressursar i å støtte kommunane i deira planarbeid. Gjennom fråsegner til kommunale planar og med faste forum retta mot kommuneplanleggjarar har Hordaland fylkeskommune gjeve rettlegeiing til kommunane i planleggingsoppgåver etter plan- og bygningslova. Dei viktigaste foruma er plannettverk, regionalt planforum og plankonferansen.

### Plannettverk

I 2014 var det fem samlingar for kommunale planleggjarar og tilsette i regionale organ om plantema mineralforvaltning, senterstruktur, helsefremjande lokalsamfunn, reguleringsplanlegging/bukvalitet og barn i bevegelse. Desse var godt besøkte og tilbakemeldingar tyder på at dette er aktuelle tema for kommunane i deira planlegging.

### Regionalt planforum

I Regionalt planforum kan kommunane drøfte konkret planarbeid med fylkeskommunen og statlege regionale etatar, noko som gjer planforum til ein viktig arena for dialog med kommunane. Også regionalt planarbeid kan drøftast i planforum. I 2014 var det i alt 12 møte i planforum, med 25 planar til drøfting. 15 kommunar møtte, nokre fleire gonger. Dette er meir enn ei dobling av aktiviteten samanlikna med 2013.

Forutan kommuneplanar, kommunedelplanar og område-reguleringsplanar var også interkommunal næringsplan for Os, Fusa og Samnanger til drøfting i planforum. På eit møte i oktober hadde Statens vegvesen ei brei orientering om prosess og kunnskap knytt til statleg plan for ny ferjefri E39 på strekninga Stord – Os, med deltaking frå berørte kommunar og etatar.

### Kommunal planlegging

I 2014 vart det gjeve fråsegner til om lag 243 reguleringsforslag og 10 kommune(del)planforslag for å ivareta regionale interesser i kommunale plansaker. Fråsegnene vart gjeve for å sjå til at interesser knytte til fylkeskommunen sitt forvaltingsansvar og mål i regionale planar vert sikra. Kultur- og ressursutvalet handsamar alle kommuneplanar og kommunedelplanar med arealdel, i tillegg til reguleringsplanar der det er tilrådd motsegn.

#### Kommunale planforslag på høyring

Plantype/år	2010	2011	2012	2013	2014
Kommune(del)plan	4	14	15	5	10
Reguleringsplan	272	247	187	268	243

### Tettstadutvikling

Fylkeskommunen har gjeve råd til og samarbeidd med ei rekke kommunar om sentrumsutvikling, og formidla tilskot m.a.



Foto: Kari Øvsthus

Opning av miljøgate på landsbydag i Jondal. Unge musikantar skapte stemning.

til analysar, planlegging og realisering av fysiske prosjekt. Fylkeskommunen var til stades ved opninga av miljøgata på landsbydagen i Jondal 7. juni.

#### Tilskot til tettstadsutvikling og planlegging

Fylkeskommunen har løyvt 2,2 mill. kr frå Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN) til realisering av ny sjøfront i Rosendal. Det vart også løyvd midlar til «Liv på Øyro» i Os kommune, utforming av fellesareal i Knarvik sentrum og sentrumspark i Austrheim. For 2014 var det avsett 530.000 til «Partnerskap i kommune- og tettstadplanlegging». Desse er fordelte til Kvam (moglegheitsstudie), Kvinnherad (plan for Uskedalen), Osterøy (plan for Lonevåg), Ullensvang (stadanalyse Nå) og Stord (gangbar tettstad).

## Nærings- og samfunnsutvikling

### Nytt handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

I 2014 vart det utvikla tre hovudstrategiar for å imøtekomme viktige utfordringar for næringslivet: Meir entreprenørskap og innovasjon, fleire med meir relevant kompetanse samt ein velfungerande bergensregion og attraktive regionale senter.

Eit sentralt satsingsområde knytt til hovudstrategien om meir entreprenørskap og innovasjon er å stimulere til at fleire lukkast med å etablere eiga verksemd, og maktar å ta etable-

ringa over i ein vekstfase. I tillegg skal det satsast på vekst i eksisterande bedrifter, klyngeutvikling og innovative næringsmiljø. Blant prosjekta som har fått støtte er prosjektet Flettverk. Dette prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom tekstil, design, forskning og utdanning, der lokale tekstilverksemdar og handverkarar møter moderne fashion design. I 2014 vekte dette arbeidet nasjonal interesse, og fekk ein vesentleg plass i ei stor nasjonal satsing innan tekstil, mote og design.

Innanfor hovudstrategien om å få fram fleire med relevant kompetanse vert det satsa på å vidareutvikle fleksible utdanningsmodellar med meir veksling mellom teoretisk og praktisk læring. Føremålet er at fleire elevar skal kome seg gjennom vidaregåande skule og ende opp med fagbrev. For å få dette til er det viktig med eit tett samarbeid med næringslivet. Døme på prosjekt som har fått støtte i 2014 er planane om å etablere eit felles «Blått kompetansesenter» i Austevoll. Partnerar i dette prosjektet er lokale opplæringsinstitusjonar, høgskular, forskingsmiljø og næringsliv som saman skal utvikla eit visningsenter for marine og maritime næringar. Prosjektet er svært ambisiøst og håpet er at næringsliv, sentrale mynde og fylkeskommune skal få realisert dette prosjektet saman.

Framtidig vekst vil stort sett kome i og omkring Bergen, samt i og omkring knutepunkt og regionsenter i regionane. Å utvikle ein velfungerande bergensregion og attraktive regionsenter er difor ein sentral del av ein politikk for balansert regional næringsutvikling i Hordaland. Døme på tiltak som har fått støtte i denne samanhengen er Matfestivalen i Bergen, felles næringsarealplan for kommunane i Region Vest og regional næringsstrategi for Hardangerregionen.



**Totale løyvdde midlar til nærings- og samfunnsutvikling 2014**

Handlingsprogram for næringsutvikling (HNN)	Kommentarar	Sum (mill.kr)
A Bedriftsretta verkemiddel	Forvalta av innovasjon Noreg	30,0
B Tilrettelegging for næringsutvikling	Forvalta av Hordaland fylkeskommune	30,4
C Regionale næringsfond		4,0
D Omstilling og nyskaping	Forvalta av Hordaland fylkeskommune	1,2
<b>Samla løyvingar over HNN-budsjettet</b>		<b>65,6</b>
Kompensasjonsmidlar for auka arbeidsarbeidaravgift	Forvalta etter handlingsplan godkjent av fylkesutvalet	50,7
Landbruksmidlar	Forvalta av fylkeskommunen saman med aktørane i landbruket	1,3
Lokalsamfunnsutvikling utanom HNN	LivOGLyst	0,2
Andre fylkeskommunale midlar til næringsføremål	Oppfinnarprisen, Næringsbarometeret, stipendiatstilling HiB	0,8
	Prosjekt og institusjonar med driftstilskot	15,5
<b>Samla løyvingar utanom HNN-budsjettet</b>		<b>68,5</b>
<b>Regionale forskingsfond</b>		<b>36,1</b>
<b>VRI</b>		<b>1,7</b>
<b>Totalt til nærings- og samfunnsutvikling</b>		<b>171,9</b>

I 2014 løyvdde fylkeskommunen vel 170 mill. kr til prosjekt innanfor nærings- og samfunnsutvikling. 65,6 mill. kr var knytt til budsjettet «Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland» (HNN), 36,1 mill. kr knytt til regionale forskingsfond og 68,5 mill. kr frå andre postar på fylkeskommunen sitt budsjett.



Foto: Stanley Hauge

Fylkestinget vedtok i 2014 for første gong «Landbruksmelding for Hordaland». Bilete frå saueslepp i Stordalen, Masfjorden.

## Bransjar med særskilt fokus

Hovudstrategiane i næringsplanen er i utgangspunktet meint å vere sektoruavhengige og skal med det gjelde for alle sektorar. For at Hordaland skal utvikle ein posisjon som ein innovativ region i Europa er det likevel viktig at bransjar der fylket har særlege føremoner knytte til vekstpotensial, innovasjonsevne, internasjonal konkurransekraft og evne til omstilling, har særskilt fokus. Med dette som utgangspunkt har fylkestinget for første gong vedteke «Landbruksmelding for Hordaland». Eit anna viktig arbeid som kom på plass i 2014 er matstrategien «Veivalg for lokalmat i Hordaland», som er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Innovasjon Norge, Fiskeriforum Vest, Fylkesmannen i Hordaland og næringa.

## Viktige samarbeidspartnarar

Fylkeskommunen støttar utvalde næringsretta utviklingsaktørar som vert vurderte som viktige partnarar for å gjennomføre næringsutviklingsarbeidet i Hordaland. Dette skjer dels over fylkeskommunen sitt eige budsjett på budsjettposten «Prosjekt og institusjonar med driftstilskott», og dels ved å øymerke ein del av budsjettmidlane i «Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland». Over tid har det utvikla seg ein ueinsarta praksis med omsyn til kva organisasjonar og sektorar som får støtte. I 2014 vart det difor gjennomført

revisjon av fylkeskommunal tildeling av støtte til regionale næringsutviklingsorganisasjonar. Sjå tabell i vedlegg side 85.

## Regionalt forskingsfond Vestlandet

Med Regionalt forskingsfond Vestlandet har fylkeskommunane Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane eit verkty for å knyte forskning til viktige regionale innovasjonsprosessar som kan styrke næringsliv og offentleg sektor i landsdelen. Sidan starten i 2010 har Regionalt forskingsfond Vestlandet tildelt 150 millionar kroner til forskning i bedrifter eller kommunale organisasjonar. Midlane kjem frå Kunnskapsdepartementet. Hordaland fylkeskommune er vertsfylke og formelt ansvarleg for ordninga ovanfor departementet. Denne rolla vart desember 2014 fornya for fem år gjennom politisk vedtak i alle dei tre fylkeskommunane.

Interessa for forskingsfondet vaks i 2014, med 20 % fleire søknader om støtte til hovudprosjekt i høve til året før. Det var også eit jamt tilsig av søknadar om kvalifiseringsstøtte gjennom året. Innan begge søknadstypene var det god interesse for forskningstema innan berekraftig matproduksjon, energi og offentlege utviklingsoppgåver, medan det også i 2014 var lite respons på utlysinga innan reiseliv.

I løpet av dei fem åra med Regionalt forskingsfond Vestlandet, er det aktørar i Hordaland som har fått flest tilsegn på

hovudprosjektsøknadene sine. Av 90 søknader har dei fått 26 tilsegn, som gir ei uttelling på 29 %.

## Regional forskingsstrategi Hordaland

Regional forskingsstrategi 2015-2019 vart vedteken av fylkestinget i desember 2014 og er ei oppfølging av strategien frå 2010. Strategien har som hovudmål å stimulere til auka forskingsinnsats og meir innovasjon i privat og offentleg sektor. Den peiker på sentrale oppgåver og ansvarsområde for lokale og regionale styresmakter knytte til forskning og utvikling i Hordaland. Samstundes er strategien styringsdokument for Hordaland fylkeskommune sine eigne ansvarsområde innan forskingsfeltet.

Forskningsstrategien legg vekt på forskinga si sentrale rolle i regional utvikling. Fylket står overfor store endringar og utfordringar knytte til blant anna befolkningsutvikling, næringsutvikling, offentleg sektor og klima. Forskningsbasert kunnskap vert stadig viktigare for å møte utfordringane innan desse samfunnsområda. Samanlikna med andre fylke er forskingsaktiviteten innanfor universitets- og høgskulesektoren høg. I næringsliv og offentleg sektor er derimot forskingsaktivitet svakare enn venta, samanlikna med andre fylke.

Dei to strategiske hovudgrepa i strategien er å legge til rette for betre samarbeid mellom regionale aktørar og forskingsmiljø i fylket og å stimulere til auka bruk av ordningar for finansiering av forskning.

Hordaland fylkeskommune vil invitere forskingsmiljø, næringsliv, verkemiddelapparatet og andre aktørar i offentleg sektor i Hordaland til eit breitt samarbeid for realisering av forskingsstrategien i dei komande åra.

## VRI Hordaland

VRI Hordaland (Virkemiddel for Regional FoU og innovasjon) er dei regionale utviklingsaktørane sitt felles verktøy for å styrke samarbeidet mellom bedrifter og forskingsmiljø. VRI har i 2014 medverka til åtte søknadar til regionale og nasjonale forskingsretta verkemiddel, i tillegg til å ha medverka til eit potensielt nytt ARENA-nettverk. Det er òg sett i gang fire mindre forprosjekt der bedrift og forskingsmiljø saman vil arbeide med ei problemstilling. Rundt 100 bedrifter har vore involvert i ulike VRI-aktivitetar i 2014.

## Klima og miljø

Klimapartner Hordaland, lansert i juni, har fjorten offentlege og private partnerar og 40 000 tilsette. Målet er å redusere klimagassutslepp og stimulere til grøn samfunns- og næringsutvikling i Hordaland. I november vart klimagassrekneskap for kvar av verksemdene og samla utsleppstal presentert på eit toppleiar møte. Norsk Klimastiftelse er prosjektleiar.

Samarbeid og spreing av ny kunnskap står sentralt i alle klimatiltiltaka. Dei populære frukostmøta i Bergen Rådhus tilbyr



Foto: Bjar te Brask Eriksen



## Analysar som set dagsorden

### 151 000 fleire hordalendingar i 2030

Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD) leverer analysar, kart og statistikk som skal fungere som kunnskapsgrunnlag for arbeidet i avdelingane. Ein ser likevel at rapport- og analysearbeidet ved seksjonen vekker interesse utanfrå.

Publikasjonen Hordaland i tal skildrar utviklinga i fylket gjennom tal, grafar og kart. I 2014 vart det utgjeve to utgåver, "Folketal og demografi" og "Næring, innovasjon og kompetanse".

Ein befolkningsprognose utarbeidd av AUD viser at vi vil verte 151 000 hordalendingar i 2030. Prognosen er utarbeidd ved hjelp av plan og analyseverktøyet PANDA og inn-gjekk i eit samarbeid mellom fylkeskommunane og SINTEF. Utifrå denne analysen vart det laga prognosar for bustad- og arbeidsmarknaden. Prognosane er lagde til grunn for planarbeidet i fylkeskommunen, til dømes gjennom rapporten "Bustadbehov i Bergensregionen 2014-2030" som fungerer som statistikkgrunnlag for Regional plan for areal og transport i Bergensområdet.

I 2014 vart klima- og energistatus for Hordaland utarbeidd for første gong. Rapporten set fokus på dei lokale klimaendringane, der eitt av funna er at dagtemperaturen i Bergen har auka med 1,9 grader i perioden 1970-2014. I tillegg inneheld rapporten data om lokal luftforureining, naturskadar, klimagassutslepp og trafikkstatistikk.

AUD gjennomførte to spørjeundersøkingar for samferdsels-avdelinga som kartla kva befolkninga og verksemdar

meiner om drosjetilbodet. Desse, saman med ein analyse av utnyttinga og effektiviteten i drosjesentralane, vart lagde til grunn for ei politisk sak om evaluering av drosjenæringa i bergensområdet.

Du finn alle AUD-rapportar og aktuell statistikk på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)



Foto: Bjarte Brask Eriksen

Hordaland fylkeskommune har som første fylkeskommune utvikla eit statistikk- og metodeverktøy for å få oversikt over folkehelsa. Det er utvikla av Stian Skår Ludvigsen og Aina Haugstad i Hordaland fylkeskommune. Her lagar dei ein befolkningspyramide i praksis, ein statistikk som er tilgjengeleg i det nye verktøyet.

faglege føredrag om alt frå energieffektivisering i bygg til planlegging for sykkel. Tiltaket Energileiing og energisparing i kommunane gjev kompetanseheving og erfaringsutveksling mellom driftsansvarlege i fire nordhordlandskommunar. Tiltaket er langsiktig og vil gi reduserte kostnader til oppvarming.

Sykling vert løfta kraftig fram, ikkje minst av fylkesordførar Tom-Charter Nilsen som fremmer elsykling som ei særskild effektiv og klimavenleg transportform.

Satsinga på infrastruktur for elbilar held fram, med offensiv tilrettelegging for lading i heile fylket. Mange burettslag og fleire kommunar har fått tilskot til normallading. Etablering av eit grønt energipunkt Danmarks plass er høgt politisk prioritert.

Klima og klimatilpassing var hovudtema på Plankonferansen 2014. Klimageservice Hordaland handlar om å nedskalere glo-

bale klimamodellar til å kunne seie noko om venta klima for lokalsamfunn i fylket i resten av hundreåret. Saman med Uni Research vart prosjektet utvikla vidare og fekk i desember 2014 tilskot frå Regionalt forskingsfond. Oppstart er i 2015.

Klimarådet er toppolitikarar i fylket som, under leing av fylkesvaraordførar Mona Hellesnes, gjev strategiske råd og pådrag for klimaarbeidet i fylket og nasjonalt. Dei hadde tre møte i 2014, og har mellom anna teke opp landstraum og klimavenleg ferjedrift. Fylkesutvalet løyvde i 2014 1,5 mill. kr til etablering av eit landstraumpunkt i Bergen hamn.

Fylkeskommunen sin miljøpris gjekk til Naturvernforbundet Hordaland. Organisasjonen fekk prisen for den 100 år lange innsatsen sin for natur- og miljøvern.

Systematisk miljøstyring er innført i heile fylkeskommunen. Sjå eigen miljørapport i årsmeldinga.



## Naturressursforvaltning

### Energi

Det er handsama 29 vasskraftprosjekt i 14 politiske saker. Pakkeløysingar for småkraft har gjort det enklare å vurdere sumverknader. Fylkeskommunen var positiv til dei aller fleste søknadene om utbygging, men vedtok å ikkje tilrå 8. I kategorien minikraftverk av slo fylkeskommunen søknad om løyve til utbygging av Røyrvik kraftverk i Kvam kommune. I Sveio kommune har fylkeskommunen kome med fråsegn til melding om to vindkraftanlegg. Det eine på Ryvarden er beden trekt av NVE.

### Heilskapleg vassforvaltning

EU sitt vassdirektiv og Vassforskrifta krev forvaltningsplanar for vatn med tiltaksprogram i alle vassregionar. Hordaland fylkeskommune er vassregionmyndigheit i vassregion Hordaland og leiar planarbeidet. Utkast til forvaltningsplan 2016-2021 med tiltaksprogram var på høyring i andre halvår 2014. Det kom 65 høyringsuttalar. Plan og tiltaksprogram skal til i Fylkestinget i juni 2015, og planen vert den første i sitt slag i vassregionen.

### Akvakultur

Hordaland er eit stort akvakulturfylke og gode lokalitetar er viktig. I medhald av tildelingsforskriftene i akvakultur-

lova handsamer fylkeskommunen søknader om tildeling av og endring i eksisterande løyve til akvakultur og all klarering av lokalitetar.

Sakshandsaminga omfattar kvalitetssikring og høyring av søknader. I alt 60 søknader vart slutthandsama i 2014, derav 54 som gjaldt oppdrett av laks og aure i sjøvatn. I tillegg låg 21 søknader til handsaming ved utgangen av året. Dei fleste søknadane gjeld endringar på eksisterande godkjente lokalitetar. Akvakulturforvaltninga har lågt konfliktnivå og godt samarbeid.

Hordaland fylkeskommune er fylkeskommunal representant i prosjektet SettSjøbein. Prosjektet «Rekruttering til marin sektor 2011-2014» er no i slutt fasa. Prosjektet har gitt positiv utslag for søknader til dei aktuell skulane.

### Vilt, innlandsfisk og skjelsand

Fylkeskommunen har hovudansvar regionalt for forvaltninga av haustbare, ikkje truga artar av vilt- og innlandsfisk, i hovudsak tilrettelegging og koordinering. Det vert jobba mest med å betre bestandsforvaltninga av hjort. Prosjektet Hordahjort (2009-2013) gav auka kunnskap om hjorten sin arealbruk gjennom året, og vart i 2014 følgt opp med prosjektet Forvaltning av hjortebestand, der etablering av større og meir naturgitte bestandsplanområde er eit av måla.

Fylkeskommunen gir løyve til utsetting av innlandsfisk, fangst av kystsel og opptak av skjelsand. Det var ni skjelsandkonsepsjonar i fylket ved utgangen av året, og årleg opptak er på om lag 30 000 m<sup>3</sup>.



Foto: Norsk havbrukssenter



Foto: Vikebygd landskapsark AB



Ytre Alsåker småkraftverk, Foto: Anne-Gro Ullaland

# Fleire gode leveår for alle

Gjennom Regional plan for folkehelse 2014-25 «Fleire gode leveår for alle», som fylkestinget vedtok i mars 2014, ønskjer Hordaland fylkeskommune å bidra til eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid i fylket.

- Helsevenleg samfunnsplanlegging og omsynet til «helse i alt vi gjer» er eit berande element i regional planlegging, og kjem til syne i innretninga av dei ulike regionale planane. Dette kjem også til uttrykk i rettleiinga fylkeskommunen gjev til kommunane knytt til samfunnsplanlegging i møtepunktet mellom folkehelseomsyn og planlegging.
- Medverknad er ein viktig berebjelke i folkehelsearbeidet og i planlegging. Dialog med og god involvering av både innbyggjarane og ulike samarbeidspartar er ein viktig føresetnad i dei ulike seksjonane si verksemd.
- Utjamning av sosiale helseskilnader er eit mål i folkehelsearbeidet både nasjonalt og regionalt. Døme på slike satsingar er samarbeidet for auka gjennomføring av vidaregåande opplæring gjennom vekslingsmodellen, satsinga på programmet Fiskeprell for å auke kunnskap om mat og helse og arbeidet med å styrke ungdom sin kompetanse gjennom utvekslingsprogram.

Fylkespolitikarane vedtok i samband med vedtak av folkehelseplanen at Hordaland fylkeskommune bør ha med vurderingar av folkehelseomsyn i sine saksførelegg.



Foto: Morten Wanvik

## Rettleiar for kommunane

Folkehelsearbeidet krev god oversikt over ressursar og utfordringar i lokalsamfunnet. Hordaland fylkeskommune har som første fylkeskommune i landet utvikla eit verktøy for kommunane for å få oversikt over folkehelsa lokalt. Dette verktøyet gjev rettleiing om både prosess og val av informasjon, og kan hjelpe med å forankre folkehelse i kommuneplanlegginga.

## Pilotprosjekt

Folkehelseplanen har særleg merksemd på barn og unge. På oppdrag frå Helsedirektoratet har Hordaland fylkeskommune delteke i kompetanseprogrammet «Folkehelse og nærmiljøkvalitetar». Målet med programmet er å utvikle kunnskap om korleis ulike nærmiljøfaktorar kan verke inn på folk si helse, samt utvikle tverrsektoriell kompetanse om verdien av gode nærmiljø. I Hordaland er pilotprosjekt utført i samarbeid med Høgskulen i Bergen, Hordaland fylkeskommune og 3 kommunar. Skulefritidsordningane (SFO) ved 8 skular har delteke i programmet. Fylkeskommunen har vore ansvarleg for å initiere samarbeid med HIB, kommunar/skular og følgje opp tiltaksutvikling. Nasjonal evalueringsrapport kjem i 2015.

Kunnskapsformidling om folkehelsearbeid inn mot ulike samfunnssektorar, særleg utdanningssektoren har vore prioritert. Fylkeskommunen har gjennom økonomisk støtte stimulert kommunar til å delta på lokale og nasjonale møteplassar for å auke kompetanse på folkehelsearbeid. Ein fellesnemnar i dette arbeidet har vore helsefremjande samfunnsplanlegging og heilskapleg folkehelsearbeid i tråd med temaområde 1 i folkehelseplanen.

## Tilskot

Frivillige organisasjonar vart i 2014 tildelt 900 000 kr gjennom ordninga Fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv. Som regional utviklingsaktør har fylkeskommunen i perioden 2011-14, bidrege med økonomisk støtte til Master i fysisk aktivitet og kosthold i eit skulemiljø ved Høgskulen i Bergen. Utdanninga starta hausten 2014.

## Helsefremjande skule

Mellom temaområda i Regional plan for folkehelse er oppvekst og læring. Opplæringslova pålegg at skulane skal



Foto: Hanne Espe

fremje helsa til barn og unge og konstaterer at alle elevar har rett til eit godt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Med utgangspunkt i folkehelseplanen sin handlingsplan starta fylkeskommunen i 2014 eit pilotprosjekt «Helsefremjande skule» med formål å auke kunnskap om, og å etablere eit bevisst forhold til samanhengen mellom helse og læring. Prosjektet har ein overordna strategi der heile skulesamfunnet skal vere involvert. I prosjektet vil ein også kunne involvere krava om at fylkeskommunen skal arbeide for å etablere sunne matvanar i skulane og skulekantinene etter nasjonale tilrådingar. I tillegg er det også sett krav om at fylkeskommunen skal arbeide for meir fysisk aktivitet i det vidaregåande opplæringsløpet.

I rapporten om tilstanden i den vidaregåande opplæringa for 2014 vert det understreka at fråvær og personlege problem kan ha årsaker utanfor det skulen kan løyse åleine. Psykisk helse vil vere eit hovudområde i prosjektet «Helsefremjande skule», og derfor må helse- og opplæringssektoren i større grad sjå kvarandre i samanheng.

Arbeidsgruppa for prosjektet har i siste del av 2014 oppretta dialog og samarbeid med ulike kompetansmiljø. I arbeidet framover vert det viktig å ha eit heilskapleg blick på

helse og læring. Skulane skal gjennom eit systematisk arbeid involvere føresette, nærmiljø og andre sosiale institusjonar for å gje elevane eit godt læringsmiljø som gjev grunnlag for meistring, utvikling og auka gjennomføring. Start av prosjektet på pilotskulane er sett til skulestart hausten 2015.

### Førebyggjande tannhelse

Tannhelsetenesta skal, etter «Lov om tannhelsetjenesten», organisere førebyggjande tiltak for heile befolkninga. I lova står det at førebyggjande tiltak skal prioriterast framfor behandling. Tannhelsetenesta sine tiltak byggjer på «Strategiplan for folkehelsearbeid» i tannhelsetenesta, og på samarbeidsavtalar på rådmannsnivå og med alle som tilbyr tenester til ulike grupper i alle kommunane i Hordaland.

Alle tannhelsedistrikta har folkehelserådgjevar og distrikta lagar plan for fleirsektorielt folkehelsearbeid, og summerer opp arbeidet i ein årsrapport. Utfordringa er å styrkje, koordinere og utvikle det førebyggjande arbeidet i fylkeskommunen i samarbeid med kommunane og andre aktuelle aktørar. Strategiplan for folkehelsearbeid i tannhelsetenesta er no under revisjon.

# Kultur — ein premiss for samfunnsutviklinga

Kulturen er ein premiss for alle sider ved samfunnsutviklinga, og spenner frå danning og utdanning til næring, stadutvikling og miljø. Dette er ein raud tråd gjennom «Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025», som vart vedteken i fylkestinget i 2014. Handlingsprogrammet kjem til å prege heile spekteret i kulturlivet dei neste elleve åra: museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Hovudføremålet med planen er å skape grunnlag for ein offensiv og langsiktig kulturpolitikk med føreseielege rammer, internt i fylket og i høve eksterne aktørar. Kultur er eit sentralisert politikkområde, og verkemidla er fragmenterte og lite samordna. Den sterke satsinga på Oslo som hovudarena for den statlege kultursatsinga, er med og utarmar det regionale kulturarbeidet og svekkjer det mangfaldet som sterke og ulike regionar kan vise.

Kulturplanen er ein regional plan etter plan- og bygningslova og skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging i regionen. Rekkja med innspelskonferansar for planen, i alle regionane i Hordaland, vart avslutta med høyringskonferanse i august.

79 høyringsinnspel er svært godt, og 18 av desse er frå kommunar i Hordaland.

## Kulturelt utviklingsprogram

Kultur- og ressursutvalet fordelte 6 mill. kr gjennom Kulturelt utviklingsprogram (KUP), fordelt på 16 prosjekt. Dette er ei ordning for å gjere det mogleg for kulturlivet å realisere større satsingar. Prosjekta varer frå eitt til tre år innan dei fire programområda som er vedtekne for KUP; kunsten i samfunnet, samarbeid, nyskapande formidling og kompetanse. Det er stor fagleg og kunstnarleg breidde i prosjekta som fekk tildelingane, og dei fleste sjangrar/felt innan kulturlivet var representerte, både det frivillige og profesjonelle.



Foto: Stein Ottosen

## Rekneskapstal



	Reknesk. 2011	Reknesk. 2012	Reknesk. 2013	Reknesk. 2014	Avvik netto- bud. 2014
Arkiv	4,7	6,0	5,6	5,5	0,3
Bibliotek	8,8	9,5	11,1	10,6	-0,4
Kulturvern, musé	97,7	92,7	108,0	105,3	0,4
Kunst, kunstformidling	52,6	54,6	61,7	64,9	0,6
Idrett	19,2	9,8	11,4	10,6	0,5
Barne- og ungdomsarbeid	3,5	3,6	3,5	3,7	0,0
Vaksenopplæring	0,7	0,7	0,7	0,7	0,0
Spelemidlar	45,5	71,9	81,3	124,6	0,0
Andre kulturforemål	23,5	27,5	28,9	33,8	0,0
Friluftsliv	9,1	10,0	11,2	14,3	-0,5
Sum brutto driftsutgifter	265,3	286,3	323,4	374,0	0,9

I 2014 var brutto driftsutgifter til kultur og idrett 374 mill. kr. Det er over 50 mill. kr meir enn i 2013. Vel 43 mill. kr av auken gjeld utbetaling av spelemidlar. Dei som får tilsegn om spelemidlar, har frist på to år til å gjere anlegget ferdig og levere revidert rekneskap. Eit prosjekt for å få tida frå tildeling til utbetaling ned i eitt år vert gjennomført i 2013-15. Den store auken i utbetalingar i 2014 viser at tiltaket har god effekt.

## Statistikk frå kultur og idrett

### Kultur & Idrett

2014 rekneskap:

**374 mill. kr**



Spelemidlar til anlegg  
for idrett og friluftsliv

**90 mill. kr**

til 105 anlegg i 29 kommunar.



Bokbåten

**53**

stoppestader

**17.656**

bøker utlånt

**3924**

besøkande



Kulturbygg

**11 mill. kr**

til 7 kulturbygg med  
regionale funksjonar.

**4,5 mill. kr**

til 14 lokale kulturbygg  
i 10 kommunar.



Kunst- og kunstformidling i skulen

**92**

turnéar.

**279**

utøvarar engasjert.

60 000 grunnskuleelevar og  
17 500 vgs-elevar nådd.



Bryggen i Bergen

**17,8 mill. kr**

til reparasjon og sikring.



Foto: Kenneth Rasmus Greve

## Arenautvikling

Det er mykje aktivitet i kommunar og institusjonar i Hordaland. Det tilseier og eit stort behov for tilskot til arenautvikling. Til lokale kulturbygg var det søknadar for 12 mill. kr med 4,5 mill. kr til fordeling. Til kulturbygg med regionale funksjonar vart det søkt om 88 mill. kr og gjeve tilskot på 11 mill. kr.

Fylkeskommunen fordelte spelemidlar for vel 90 mill. kr til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Det var 294 godkjente søknadar, med ein samla godkjent søknadssum på 362 mill. kr. Mellom anna vart det søkt om midlar til 37 kunstgrasbaner (FOTO?), 27 fleirbrukshallar, 13 symjeanlegg, 20 ballbingar og 11 anlegg knytt til friluftsliv. Det har vore ekstra merksemd på å få inn rekneskap frå kommunane for gamle spelemiddelsøknader.

Fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg vart gjeve til skyteskiver på Voss ski- og tursenter med 500 000 kr,

Bergen Tennisklubb med 1,5 mill. kr og hovudanlegg for symjing og stup (AdO-arena i Bergen) med 2 mill. kr.

## Grunnlovsjubileet

Hordaland fylkeskommune sette sitt preg på feiringa av Grunnlovsjubileet 1814-2014, med arrangement både åleine og i samarbeid med andre. Vardebrenning, festmiddag med historisk vri og grunnlovsseglas var nokre av programpostane. Om lag 3 500 personar deltok på fylkeskommunale arrangement. 2 140 var born som såg 40 framsyningar av «Leik og liv i 1814» med Merethe Gauden som forteljar. På «Christiedagen» 20. oktober vart det arrangert ei kulturminnemarkering i den nyleg oppgraderte Christieparken i Bergen, og i samarbeid med Riksantikvaren vart seminaret «Fra ting til ting – tingets arkeologi og historie» halde på Bryggens museum.



Foto: Fred Hocke

Figurteatergruppa Cie Sans Soucis frå Basse-Normandie var på turné i Hordaland med framsyninga «Les Saisons/Årstidene».

## Kunst- og kulturformidling

Også i 2014 fekk elevar i grunnskular og vidaregåande opplæring oppleve kunst- og kultur av beste kvalitet gjennom Hordaland fylkeskommune sitt samarbeid med Rikskonsertane og Den kulturelle skulesekken. Skuleelevar i heile fylket fekk møte regionale, nasjonale og internasjonale utøvarar inn- og utfor eit mangfald av kunstnarlege og kulturelle uttrykk.

Ved bruk av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken vart omlag 50 turnear gjennomførte til elevar i alle kommunane i Hordaland, og om lag 175 utøvarar var engasjerte. For skuleåret 2014-2015 vart Hordaland fylkeskommune tildelt vel 16,4 mill. kr i spelemidlar til dette. Av desse vart i overkant av 4,6 mill. kr vidarefordelte til Bergen kommune, og i overkant av 3,3 mill. kr til dei resterande kommunane og regionane. Hordaland fylkeskommune sin del av midlane gjekk til turnear til grunnskular utanfor Bergen og vidaregåande skular i heile fylket.

Skulekonsertordninga er statleg finansiert, og Hordaland fylkeskommune har produksjons- og gjennomføringsansvar for 75 prosent av skulekonsertane til grunnskulane i fylket. I 2014 fekk HFK overført 6,7 mill. kr frå Rikskonsertane til

skulekonsertar for barn og unge. Om lag 120 frilansmusikarar, dei fleste busette i Hordaland, er engasjerte som skulekonsertutøvarar. Dei ulike konsertane inneheld ulike sjangrar, som jazz, klassisk, viser, rock og pop.

### Kulturkort for ungdom

Kulturkortet fekk i 2014 endra namnet til «HFKopp» og ny grafisk profil. Plakatar vart sende til alle dei vidaregåande skulane og sms vart sendt til elevane. Ei referansegruppe for ordninga vart etablert, med ungdom i alderen 16-20 år. Kulturkortstipend vart delte ut for fjerde gong til utvalde deltakarar under Ungdommens kulturmonstring.

### Ungdommens kulturmonstring (UKM)

UKM på lokalplan engasjerte 811 unge rundt om i heile fylket i 2014. I tillegg deltok 33 personar som unge arrangørar. Fylkesmonstringa vart arrangert i Peer Gyntsalen i Grieghallen, med 232 deltakarar fordelt på 115 innslag. Som tidlegare år, stod Hordaland barne- og ungdomsråd for tilrettelegging av arrangementet, på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune.



## Støtnadsordningar

Ordningane ålmenne kulturføremål og kulturtiltak for barn og unge (aktivitetstilskot) er dei som famnar breiast og har flest søkjarar. Det vart fordelt mange tilskot til aktørar innan kunst, kultur og kulturhistorie, dei fleste i storleiken 10 000 – 30 000 kr. Desse to ordningane hadde til saman 1,5 mill. kr til fordeling.

## Kulturminnevern og museum

I samarbeid med kommunane og Riksantikvaren er det etablert eit treårig prosjekt for utvikling av lokal kulturminnekompetanse. Fleirtalet av kommunane i Hordaland vil starte kulturminneplanlegging innan utgangen av 2016. Prosjektet involverer frivillige, og har som mål å styrkje innbyggjarane sin eigarskap til kulturminna.

## Museum

Regional plan for museum 2011-2015 «Musea i samfunnet» vart følgt opp med 2,1 mill. kr. Dei fire tema musea i Hordaland særskilt vil vise er industri, kunst, kystkultur og immateriell kulturarv. Arbeidet med felles samlingsforvaltingsplan har vore prioritert. I tillegg gjekk 600 000 kr av midlane til sikringstiltak. Med utstillinga «Brudd» i 2014 vart vanskelege tema sett på dagsorden. Utstillinga var eit samarbeidsprosjekt mellom Museum Vest og Bymuseet i Bergen, med

Lille Lungegårdsvann som utstillingsarena. Dei konsoliderte musea inkluderer no Olav H. Haguesenteret i Ulvik. Det nasjonale museumsrådet vart arrangert i Bergen i september.

## Arkeologiske registreringar

Dei mest oppsøksvekkjande arkeologiske funna i 2014 var to velutstyrte graver med mellom anna sverd, spyd, øks, pilspissar, lå, sigd og beksel. Gravene vart funne på nabogardane Valland og Tolo i Kvam herad. Dei vart påviste av ein metall-søkjar og stadfest av Hordaland fylkeskommune, som òg var med på den faglege utgravinga. Dette er sjeldan kost og to av tre gravfunn med sverd i løpet av siste hundreåret i kommunen. Dei er daterte til merovingartid, tidsrommet 600-800 e. Kr.

I prosjektet «Langs brekanten» gjorde fylkeskommunen sine arkeologar, saman med Universitetet i Bergen, feltarbeid i området ved Vossaskavlen, ca. 1500 meter over havet. Det vart mellom anna funne delar av ein kjelke som er datert til tidsrommet 550-650 e.Kr. Han er truleg den eldste kjente kjelken funnen her i landet.

Det vart utført arkeologiske registreringar i om lag 50 plan-saker. Her kan nemnast områdeplan for Bildøy, oljerørleidning frå Johan Sverdrupfeltet til Mongstad, områdeplan for Hystadmarka på Stord, Ulven skyte- og øvingsfelt i Os og reguleringsplan på Lægroid i Eidfjord.

I samarbeid med kommunar og andre er det gjort arbeid med



Foto: Merius Helland HFK

I 2014 har ein ferdigstilt kvernhuset på Fiske i Samnanger, fylkeskommunale tømrarlæringar har delteke i arbeidet.

# Sverda og gravene

Dei mest oppsiktsvekkjande arkeologiske funna i Hordaland i 2014 var to velutstyrte graver med m.a. sverd, spyd, øks, pilspissar, ljå, sigd, beksel o.a. Gravene vart funne på nabogardane Valland og Tolo i Kvam herad. Dei er daterte til merovingartid, tidsrommet 560-800 e. Kr.

«Det var sverda finnaren vart først vår. Kraftige utslag på søkaren gjorde nok søket meir spennande enn timar med bomturar. Målet var myntar, nøklar eller andre småsaker, som folk hadde mista gjennom tida. Det skulle snart bli klart at dette var noko heilt anna. 1. nyttårsdag på kvelden fekk eg telefon frå Bård Gauden, som melde i frå at no hadde han funne eit sverd på Valland i Kvam. Slike informasjonar er ofte for gode til å vera sanne, men då bileta kom på mobilen, forsvann òg tvilen. Ei arkeologisk storhending var på gang. Når telefonen igjen ringer i påska, er det mest uverkeleg, men Gauden har nærmast snubla over noko han meiner kan vera nok eit sverd. Påskedagen vert difor brukt på Tolo, der det vert konstatert ei komplett grav i frå jernalderen. Her var funna endå meir spektakulære og funnstaden meir intakt. Frampå ein skrent i bakken hadde likbålet blitt tent og brent kraftig. Oske og kvitbrente bein var framleis synlege, men i svært små bitar. Gravgåvene var lagde ned i grava medan ho framleis var varm, men sverdet, spydet og andre gjenstandar vart herda, og ikkje øydelagde eller smelta av eld og varme. Sverda og spydet frå Tolo viser oss at Kvam var ein del av eit større samfunn. Kombinasjonen av lange einegga sverd og lange spyd skal vera vanleg for Vestlandet. Dette er med andre ord ein felles tradisjon over eit større, men avgrensa område. Me kan sjå det som ei markering av det fellesskapet dei var i. Sverdet er av norsk opphav i kombinasjon med spyd som er produsert lenger sør, moglegvis i noverande Tyskland. Dette viser ein utstrakt kontakt mellom folk og land alt på 600-talet.»

Tekst:  
Jostein Aksdal,  
Hordaland fylkeskommune

Arkeolog Jostein Aksdal frå Hordaland fylkeskommune tek siste finpussen på sverd og spyd i gravfunnet på Tolo.

Foto: Lars Øyvind Birkenes, HFK



fleire større skjøtselsplanar, mellom anna Hæreidsmoen i Eidfjord, Munketreppene) i Ullensvang og Høibøen i Fjell. I tillegg er det gjennomført skjøtsel i mindre prosjekt, mellom anna ved Mannaberg i Sveio og gravrøys ved Bekkjarviksundet i Austevoll.

Samarbeidet mellom fylkeskommunen og Universitetet i Bergen med hospiteringsordning for masterstudentar i arkeologi vart vidareført i 2014. Ni studentar tok òg del i prosjektet gjennom feltsesongen.

## Fredingssaker og istandsetjing

Hordaland fylkeskommune er forvaltingsmynde for 161 freda anlegg med i alt rundt 550 bygningar. I 2014 vart arbeidet med å gjere ferdig pågåande og mellombelse fredingssaker vektlagt. Eit fredingsforslag, for tobakksbutikken Reimers & søns eftf. i Bergen, er sendt på offentlig høyring. Mellombels freding er oppheva for flyvraket på Kvitanosi på Voss og Sandviksboder 76 A i Bergen.

Hordaland har delteke i ein nasjonal pilot der det er utvikla nye digitale verktøy for tilskotsforvaltning i bevaringsprogram for freda bygg i privat eige.

I 2014 har Prosjekt Bryggen hatt eit samla budsjett på ca. 18,9 mill. kr. Fylkeskommunen fordelte om lag 17,8 millionar kroner til istandsetjing og sikring av verdskulturminnet. Dei pågåande tiltaka omfatta i alt 10 bygningar.

Hordaland er det fylket med flest verneverdige (31) og freda (4) fartøy. Dei som er freda er MF Skånevik, MF Folgefonn, MS Granvin og MS Vestgar. MS Vestgar vart freda av riksantikvaren i 2014.

Hordaland fylkeskommune forvaltar tilskotsordningar til sikring og istandsetjing av freda bygningar i privat eige, verneverdige kulturminne og fartøyvern. I 2014 var det løyvd midlar til 63 bygningar og 25 fartøy i Hordaland. Fylkeskommunale løyvingar har gjort det mogleg å arrangere fleire kurs i tradisjonell byggjeteknikk og å bidra ved etablering av eit senter for bygningsvern på Voss.

## Arkiv og lokalhistorie

Hordaland fylkesarkiv tek imot og lagrar eldre arkivsaker frå fylkesadministrasjon og institusjonar i fylkeskommunen, og har ansvar for overordna, felles retningslinjer og rutinar for avlevering av arkivmateriale i fylkeskommunen. Til saman har fylkesarkivet 4500-4750 hyllemeter arkivmateriale.

I 2014 var det 36 arkivavleveringar, totalt 208 hyllemeter, hovudsakleg frå fylkeskommunale institusjonar. Ein katalog med oversikt over avleverte arkiv er publisert på internett. I oktober starta ein med å publisere arkiv som er registrerte i ASTA, på Arkivportalen.

Det vart utført om lag 1200 ekspedisjonar. Størst etterspur-



Foto: Erik Småland, Riksantikvaren

M/S Vestgar, ein av dei fire freda båtane i Hordaland.

nad er det etter persondokumentasjon og lokalhistoriske emne. Særleg ønskjer folk opplysningar frå arkiv avleverte frå opplæringsavdelinga, men folk etterspør òg personopplysningar i arkiv etter OT/PPT, barnevernsinstitusjonar og lønsavdelinga.

I samarbeid med Bergen byarkiv har ein arbeidd vidare med å få på plass eit elektronisk depot for fylkeskommunen. Dessutan vert det arbeidd for å få magasinplass på Årstad vidaregående skole, for plassering av arkiv etter vidaregåande skular i fylket. På sentralt hald er fylkesarkivet representert i styringsgruppa for Prosjekt fylkeskommunal administrasjonshistorie i regi av Landslaget for lokal- og privatarkiv, prosjektet SAMDOK (samla samfunnsdokumentasjon) og eit prosjekt om arkivstandardisering.

### Privatarkiv og lokalhistorie

Fylkeskommunen er koordinator for privatarkivarbeidet i Hordaland. Det har vore arrangert eit møte i nettverk for privatarkiv i Hordaland på Manuskript- og librarsamlingen, Universitetsbiblioteket, UiB. Elles har Etne lokalhistoriske arkiv fått råd og rettleiing om ordning og registrering av arkiv.

I 2014 tok ein inn arkiva etter Norsk bibliotekforening, avd. Hordaland, Stiftelsen Bryggen, Prosjekt Bryggen, Bømmel-

øens forenede grubekompagnier, Bergens stifts lærerforening (1894-1949), Hordaland lærarlag (1894-1920), Hordaland krins av Norges Lærarlag (1919-1963), Åsane lærarlag (1921-1961), Hardanger lærarlag (1948), Sunnhordland krins av Norges Lærarlag (1961) og Brita Gjerdåker Skre.

### Rallarveg-appen

Sidan lanseringa i 2012, har Rallarveg-applikasjonen formidla kultur- og naturinformasjon langs Noreg sin travlaste sykkelsti. I 2014 fekk appen berre mindre oppdateringar, men ein digital marknadsføringskampanje i sykkelsesongen medverka til å auke kjennskapen. Det er dialog med Norsk kulturråd om korleis teknologien bak appen kan gjenbrukast til framtidige prosjekt.

## Bibliotek

Nasjonalbiblioteket løyvde 600 000 kr til første året av prosjektet «Sterk, spenstig og klar», for å utvikle fem folkebibliotek til modellbibliotek, eitt i kvar samarbeidsregion. Målet er at innbyggjarane i Hordaland skal oppleve fornya biblioteklokale og meir aktiv formidling i dei fysiske og digitale bibliotekromma.



Foto: Solveig Rongved

Skuleborn gjer skjøtsel på bronsealdergravrøys i Austevoll

Biblioteknettstadene vert utvikla vidare med ulike løysingar i tråd med regionale samarbeid og initiativ frå kommunane. I august lanserte dei fire biblioteka i vest ny nettstad for kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden. Ein har òg arbeidd med nye biblioteknettstader for kommunane Os, Vaksdal og Voss, som skal dele struktur utan felles side. Malen er tilpassa alle einingar, integrerer ulike nasjonale tenester og danner grunnlag for fleire kommunar.

Fylkesutvalet vedtok å sikre innbyggjarane i Hordaland tilgang til e-bøker. Dette er no på plass gjennom eit konsortium for alle biblioteka i dei vidaregåande skulane og kommunane i Hordaland (utanom Bergen). Konsortiet består av ei felles teknisk løysing for utlån av e-bøker og ei felles samling av e-bøker/e-lydbøker.

E-lån Hordaland har 2 634 lisensar (fordelt på 732 titlar) for e-bøker og 166 (fordelt på 55 titlar) for e-lydbøker. Det er lånt ut 6 873 e-bøker/e-lydbøker i 2014.

I 2014 hadde bokbåten «Epos» 42 driftsdagar i Hordaland. Det er 53 stoppestader fordelt på 24 kommunar. Det var to nye stopp: Hellesøy i Øygarden og Øystese i Kvam. Dei fleste stoppa ligg slik at det er lett tilgang for skular. Stoppa blir vitja to gonger i løpet av året. I tillegg til direkte utlån har kvar stopp ein kontaktperson som tek i land 200-400 bøker til vidareutlån før neste vitjing. Kontaktpersonen er ansvarleg for å annonsere vitjinga og samle inn bøker før båten kjem.

Utlånet i 2014 var på vel 17 000 bøker, og nesten 90 prosent av dette var til barn. 3 924 personar vitja båten. 77,5 prosent var barn. Det var 93 kulturprogram om bord med totalt 3 400 tilskodarar. Bokbåten fekk 50 000 kr frå Fritt Ord for å formidle nyare norsk litteratur til vaksne.

For å auke mengda av program, har fylkeskommunen teke på seg å formidle og produsere framsyningar til folkebiblioteka. Under «Bibliotekdagane» i juni, stod biblioteket i samfunnet og innbydande bibliotekrom på agendaen.




Foto: Hordaland fylkesbibliotek

Med E-lån Hordaland kan du låne kor du vil, når du vil.

Fylkesbiblioteket arrangerte åleine, eller i samarbeid med andre, 13 faglege møte, seminar og konferansar, med til saman 329 deltakarar.

### Bibliotek i vidaregåande skular

Fylkesbiblioteket arbeider med gjennomføring av «Strategisk plan for skulebibliotek i vidaregåande skular i Hordaland, 2010-2015». Planen har tre mål; betre bemanning, utvikling

av tenestene gjennom kunnskaps- og erfaringsdeling, og kompetanseauke og satsing på fleire gode modellar. Nye skular, som Amalie Skram, viser korleis eit skulebibliotek kan utviklast og vere modell for andre.

Austrheim vidaregåande skule og Austrheim folkebibliotek inngjekk ei samarbeidsavtale der folkebiblioteket driftar skulen sitt bibliotek.



Foto: AdO arena.

AdO-arena, Bergen. Dert nye hovudanlegget for symjing og stup i Noreg.

## Idrett og friluftsliv

Regional kulturplan fram til 2025 vidarefører i hovudtrekk politikken frå «Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012». Gjennom auka satsing på ein aktiv skulekvardag når ein born og unge i Hordaland. Planarbeid er avgjerande for at høvelege areal til idrett og friluftsliv vert avsett og at anleggsutviklinga vert styrt etter behov. Slik kan ein kome nærare målet om at innbyggjarane i Hordaland, gjennom eit samla aktivitetstilbod, skal vere aktive kvar dag.

I 2014 vart NM i skiskyting arrangert i Voss kommune i mars, og EM i rugby for damer i Bergen i juni. Hordaland fylkeskommune gav tilskot på 100 000 kr til kvar meisterskap og stødde utviklinga av anlegga. I mai vart Tour des Fjords arrangert for første gong i Hordaland. Kommunane Bergen, Eidfjord og Ulvik var involverte i gjennomføringa av dette internasjonale rittet. Fylkeskommunen medverka med 250 000 kr. Bergen Swim Festival vart i mai for siste gong gjennomført i Sentralbadet med brei internasjonal deltaking. Hordaland fylkeskommune bidrog med 25 000 kr til arrangementet.

I september vart Norges cykleforbund tildelt Sykkel-VM 2017 med Hordaland fylkeskommune og kommunane Bergen,

Øygarden, Askøy, Fjell og Sund som medarrangørar. Sykkel-VM er eit av verdas største idrettsarrangement. Meisterskapen samlar deltakarar frå alle verdsdelar, med over 70 deltakande nasjonar, og når meir enn 300 millionar reelle TV-sjåarar. Fylkeskommunen har løyvt 15 mill. kr til arrangementet.

I oktober vart symjehallen AdO-arena, oppkalla etter Alexander Dale Oen, opna i Bergen. Som hovudanlegg for symjing og stup i Noreg, tilfredsstiller anlegget det internasjonale symjeforbundet sine lisenskrav til internasjonale arrangement. Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune med Amalie Skram vidaregåande skole samarbeider om utvikling og drift. Noreg sitt første symjemuseum er òg lagt til staden.

Total kostnad for Ado-arena er kr 1 058 mill. kr. Anlegget har fått tilsegn om 32,5 mill. kr frå kulturdepartementet sitt anleggspolitiske program og har godkjende spelemiddelsøknadar for 55,3 mill. kr. Hordaland fylkeskommune har gitt kr 14 mill. kr i investeringstilskot.

I samarbeid med kommunar, idretten, friluftsansisasjonar, Raudekrossen, utdanningsinstitusjonar, Helse Bergen og psykisk helsevern er det gjennomført ulike aktivitetsarrangement for menneske med nedsett funksjonsevne og fleirkulturelle i ulike delar av fylket. Den årlege dialogkonferansen vart

gjennomført i Kvinnherad kommune. Tema var mellom anna nasjonale føringar, planarbeid, aktiv kvardag i skule og barnehage, anleggssynfaring, spelemidlar og putball.

Ut over spelemidlar til idrett og fysisk aktivitet (90 mill. kr) og fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg (4 mill. kr), er det fordelt om lag 9,7 mill. kr på ni ulike tilskotsordningar.

Ni kommunar har fått tilskot frå ei ny ordning for arbeid med å kartleggje og setje verdi på friluftsområde i samarbeid med friluftsråda. Det er eit statleg og fylkeskommunalt mål (i regional kulturplan 2015-2025 og regional folkehelseplan 2014-2025) at alle kommunar skal ha gjennomført denne kartlegginga innan 2018. Det vert eit vilkår for å kunne søkje om statleg medverknad til sikring av friluftsområde.



Foto: Geir Ketil Lien

Friluftsliv i Bergen ein fin søndag. Folk på veg over Vidden.

# Brukte over 3 mrd. kr for gje unge rett kompetanse for framtida

Fylkeskommunen brukte i 2014 over tre milliardar kroner til vidaregåande opplæring. Talet på lærlingar auka, medan det var litt færre elevar ved dei vidaregåande skulane. Hausten 2014 opna Amalie Skram vidaregåande skole; ein moderne, høgteknologisk skule med plass til ca. 1000 elevar.

Hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland er auka læringsutbytte og fullføring. Innsatsen vår er retta mot ungdommen og der dei til ei kvar tid er i opplæringsløpet. I 2014 vart målet om å styrkje samarbeidet mellom skule og arbeidsliv vidareført gjennom blant anna den årlege konferansen «Rett kompetanse» og rekruttering av fleire læreplassar.

Målsettinga for fullføring over fem år er 80 % innan 2015. Denne offensive målsettinga som fylkestinget vedtok i

desember 2012, vert det ei utfordring å innfri. Fullføringsprosenten for perioden 2008-2013, som er den sist tilgjengelege, er på 68,9 % i Hordaland. På landsbasis er talet 69,9 %.

Talet på elevar i fylkeskommunen sine vidaregåande skular var 18 010 i 2014, ein nedgang på 288 frå året før. Ved dei private vidaregåande skulane auka elevtalet til 2 839 (+ 172). Det samla talet på lærlingar i Hordaland var 4 375 i 2014, ein liten auke frå året før.





Foto: Morten Wanvik



## Rekneskap

### Brutto driftsutgifter opplæring

Vidaregåande opplæring	Reknesk. 2011	Reknesk. 2012	Reknesk. 2013	Reknesk. 2014	Avvik netto-bud 2014
Lønsutgifter vgs	1 854,9	1 921,5	2 010,6	2 031,5	
Andre driftsutg. vgs	470,2	473,1	471,9	519,2	
Sum vidaregåande oppl.	2 325,1	2 394,6	2 482,5	2 550,7	1,4
Lærning opplæring	233,9	252,6	285,1	306,2	-2,2
Spesialundervisning	71,4	90,8	102,8	88,9	-1,5
Opplæring av vaksne m.m.	116,7	125,0	121,4	130,2	-9,7
Sum brutto driftsutgifter	2 747,1	2 863,0	2 991,8	3 076,0	-12,0

Hordaland fylkeskommunen brukte i 2014 for første gong over 3 milliardar kroner til drifta i opplæringssektoren. Brutto driftsutgifter var på 3 076 mill. kr. I høve til budsjettet var det ei overskriding på 12 mill. kr.

Nær 80 % av driftsutgiftene ved dei vi-

daregåande skulane er lønskostnader. I 2014 auka lønskostnadene berre med 20 mill. kr eller 1,0 %. Den låge auken heng saman med lærarstreiken, seinare tidspunkt for lønsauke og litt færre lærarar pga. skulesamanslåing og færre elevar hausten 2014. Om lag 550 lærarar ved 15 skular var i streik i august

2014. Som følge av streiken vart løns-tillegga for lærarane først gjevne frå 1. september, og ikkje 1. mai, som var føresett i budsjettet. Skulane har ei ordning der dei får avsetje overskot til disposisjonsfond. Mange skular har over nokre år bygd opp relativt store fond. Ved utgangen av 2013 summerte skulefonda seg til 109,9 mill. kr.

I 2014 vedtok fylkesutvalet reglar som set ei øvre grense for kor store fond den einskilde skule kan setje av (5 % av netto driftsbudsjett). Rekneskapen viser at mange av skulane har brukt av fondsmidlar i 2014. Ved utgangen av 2014 utgjorde summen av skulefonda 56,7 mill. kr. I tillegg har ein samla «overskytande» midlar i eit fellesfond for opplæringssektoren. Dette fondet er på 28,8 mill. kr.

15 skular hadde underskot i 2014 på til saman 18,3 mill. kr.



Foto: Magne Sandnes

### Sommarskulen

Sommarskulen vart arrangert for åttande gong i 2014 og er eit tilbod til elevar i den offentlege vidaregåande skulen og til læringar i Hordaland. I år samla sommarskulen 100 deltakarar på Askøy, i Knarvik og i Bergen, og dei fekk undervisning i matematikk og norsk dei to første vekene i sommarferien. 20 av elevane var minoritetspråklege med kort butid i Norge. Dei fekk tilbod om to veker med norskundervisning. Lærarar frå fylkeskommunen var ansvarlege for undervisninga med støtte frå frivilljuge frå samarbeidspartnar Røde Kors. Nesten 600 elevar og læringar har delteke på sommarskulen sidan tilbodet starta.



Foto: Bjarte Brask Eriksen

### Fagskule på Stord

Hordaland fylkeskommune har gjeve midlar, saman med nokre kommunar i sunnhordlandsregionen, til oppretting av tekniske fagskuletilbod på Stord innan maskinteknikk og elkraft/automasjon. Industrien i Sunnhordland har stort behov for kompetanseheving hjå eigne tilsette, og fylkeskommunen og fagskulestyret har med dette tiltaket imøtekome behovet. Det har vore svært god oppslutnad og gjennomføring ved desse tilboda, og til saman 80 studentar har vore fordelte på tre kull.

Elisabeth Siggervåg i Wärtsilä og Oddgeir Hjertenes i Kværner Stord er to av 28 studentar på det første kullet på det toårige ingeniørstudiet i Sunnhordland.

## Lærebedriftene – «Årets hordalending»

I Hordaland vart lærebedriftene v/NHO og LO i 2014 den første vinnaren av den nyoppretta prisen «Årets hordalending». Juryen bak prisen seier at lærebedriftene gjer ein stor og viktig jobb for å sikre ungdommane god yrkesutdanning. I Hordaland er det mange bedrifter som satsar på ungdom, og for tida har over 4 500 ungdommar lærekontraktar. Store bedrifter tar inn mange lærlingar, men like viktig er det at så mange små- og mellomstore bedrifter legg til rette for fagutdanning til ungdommane. Interesse for fagopplæring er stor og aukande.

Regiondirektør Tom Knudsen i NHO Hordaland (t.v.) og distriktssekretær Roger Pilskog i LO Hordaland (t.h.) tok imot prisen av fylkesordførar Tom-Christer Nilsen. NHO og LO tok i mot prisen på kr 50 000 på vegner av lærebedriftene. Organisasjonane skal i samarbeid ha fokus på å utvikle fagopplæringa.



Foto: Bjarte Brask Eriksen

## Framtidsretta skulestruktur

Prosjektet «Varige og gode verknader av skulebruksplanen» bidreg til at fylkeskommunen følgjer opp og koordinerer dei ulike tiltaka i skulebruksplanen fram mot 2025.

Det overordna målet for skulebruksplanen er å sikre eit godt fagtilbod til alle elevar og gje viktige føringar for framtidige investeringar.

I 2014 har dei viktigaste aktivitetane i arbeidet med skulebruksplanen vore programmering av Nye Åsane vidaregåande skule, start på byggjearbeidet med dei to nye skulane på Voss; Nye Voss vidaregåande skule og Nye Voss gymnas, samt opning av den nye store skulen i Bergen sentrum, Amalie Skram vidaregåande skule. Det er gjennomført eit større rehabiliteringsprosjekt ved Årstad vidaregåande skule, og to utgreiingsprosjekt om 8–13-skule, dvs. både ungdomsskule og vidaregåande skule på same skule, i samarbeid med Bergen kommune og Austrheim kommune.

### Amalie Skram vidaregåande skole

Amalie Skram vidaregåande skule stod klar til skulestart hausten 2014. Skulen er ei samanslåing av dei tidlegare sentrumsskulane Bergen handelsgymnasium, Bjørgvin vgs og Tanks vgs.



Foto: Geir Ketil Lien

Fylkeskommunen har i gang ei stor fornying av Årstad vgs. mellom anna med nytt inngangsparti.

Skulen har om lag 1 000 elevar og ca. 130 tilsette. Amalie Skram vgs tilbyr utdanningsprogramma studiespesialiserande og service og samferdsel. Skulen har også tilbod om allmennfagleg påbyggingskurs.

Innan studiespesialiserande utdanningsprogram vert det gjeve eit breitt spekter av programfag pluss nokre lånefag frå andre programområde; toppidrett symjning, breiddeidrett, dans og

drama og teaterproduksjon. Skulen er open utover ordinær undervisningstid, bl.a. med kveldsope sjølvbetjent bibliotek og studieverkstad.

Dei audiovisuelle løysingane er topp moderne med utstyr for videoopptak og streaming m.m. Heile bygget er eit samarbeidsprosjekt med Bergen kommune og inneheld vidaregåande skule og nasjonalt symje- og stupeanlegg, Alexander Dale Oen Arena.

## Læringsmiljø

Internasjonal og nasjonal forskning har gjennom fleire år vist at god helse, trivsel og læring heng tett saman. Miljømessige faktorar som venskap og relasjonar til jamaldringar, relasjonar mellom elev og lærar, læraren si leiing av klassar og undervisning og samarbeid mellom heim og skule er med på å utgjere læringsmiljøet.

### Mobbeombod

For å styrkje det systematiske arbeidet med å sikre at alle elevar og lærlingar får oppfylt retten til eit godt læringsmiljø vart det i 2014 vedteke å delta i ei prøveordning med mobbeombod. Ombodet skal vere eit lågterskelltilbod for elevar, lærlingar og føresette som ønskjer kontakt og rettleiing frå ein uavhengig instans. Mobbeombodet vil verte tilsett i første halvår 2015.

### Skulestartkonferansen 2014

Elevinspektørane saman med elevrådsstyra ved alle dei vidaregåande skulane i Hordaland samlast kvar haust til Skulestartkonferansen. I 2014 var temaet systematisk elevmedverknad for betre læringsmiljø. Elevmedverknad og elevdemokrati er grunnverdiar i skulen, og det er stor semje om at elevar har rett til medverknad i eigen skulesituasjon, og at skulane treng den innsikta som elevane har. På konferansen vart det diskutert korleis ein kunne få på plass gode arenaer for reell elevmedverknad på skulane. Korleis skal ein i eit travelt skuleår sikre jamleg og målretta innsats for læringsmiljøet? Konferansen viste at fleire skular i 2014 har starta med nye møtearenaer der elevane gjennom å fortelje om eigne skuleerfaringar, har bidrege til ei betre forståing av kva som er til hjelp og støtte i deira læring, og kva som er til hinder for læring.

## Auka læringsutbytte og fullføring

All pedagogisk verksemd ved skulane og lærebedriftene skal byggje opp under hovudmålet om auka læringsutbytte og fullføring. Gjennomføringsgraden for elevkullet som starta opplæring i 2008 er 68,9 %. Nasjonalt ligg gjennomføringa på 69,9 %. Tala viser at det framleis er behov for å halde fram med eksisterande tiltak og setje i verk nye for at fleire elevar skal fullføre vidaregåande opplæring. Tiltak for å auke gjennomføringa knyter seg i stor grad til vidareføring av erfaringar frå NY GIV. Tett oppfølging av elevane i overgangen frå grunnskulen, mellom trinna på vidaregåande, og fokus på nærvær er sentrale. Samtidig er det naudsynt å fortsetje arbeidet for å vidareutvikle kvaliteten og samanhangen i det fireårige løpet i fag- og yrkesopplæringa.

### Tett oppfølging i overgangen frå grunnskulen

I Ny Giv prosjektet vart det sett mykje fokus på ei tidleg kartlegging, identifisering og oppfølging av elevar som står i fare for å avslutte vidaregåande opplæring. Som eit konkret resultat av dette vart det i 2014 utarbeidd ei rettleiing, Blikk for alle – fokus på den enkelte, som set krav til skuleleiinga om å følgje opp elevar som står i faresonen for å slutte. Fylkeskommunen har i 2014 gjennomført overføringsmøte med alle ungdomsskular og PPT- kontor i fylket for å fange opp eventuelle utfordringar ein bør ta omsyn til når elevane går frå ungdomsskulen til vidaregåande opplæring.

I skuleåret 2013/14 fekk 28 vidaregåande skular midlar til skuleinterne tiltak, der målet bl.a. er å bidra til å lette overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande opplæring og styrkje motivasjonen og grunnlaget for å gjennomføre og bestå vidaregåande opplæring. Studieverkstad er godt etablert på mange skular som melder om gode resultat for elevar



Foto: Morten Wanvik

som har fått tilbudet. Studieverkstad er eit frivillig tilbod for elevar som treng ekstra oppfølging i fellesfag som norsk, matematikk og engelsk, og elevane inngår ein forpliktande avtale som set krav til oppmøte, oppfølging og innsats. Om lag 1 100 elevar deltok i studieverkstad i 2014. Frå hausten 2014 melde 12 skular at dei ønskjer å prøve ut intensivopplæring, t.d. før tentamen og eksamen, ofte i matematikk, og/eller tilbod til elevar som treng ekstraundervisning særleg i fellesfaga.

### «Rett kompetanse»

I november samla konferansen «Rett kompetanse» om lag 200 deltakarar. Den årlege konferansen har som målsetjing å styrkje samarbeidet mellom skule og arbeidsliv og å rekruttere fleire læreplassar. Konferansen er basert på eit samarbeid mellom fylkeskommunen og partane i arbeidslivet og vart arrangert for femte gong. Politikarar og næringslivsfolk saman med representantar frå opplæringskontor, utdanning og NAV kom saman for å diskutere samhandling og gode løysingar på korleis ein skal sikre rett kompetanse til framtidens arbeidsliv.

### Fleksibel opplæring

Vekslingsmodellen er eit tilbod der elevane vekslar mellom opplæring i skule og bedrift gjennom heile det fireårige yrkesfaglege løpet. Modellen er gjennomført med tilbod i helse- og oppvekstfag på Olsvikåsen vgs og i bygg- og anleggsteknikk på Slåtthaug vgs. Det har vore stor interesse for tilbodet som gjev ungdommane høve til å verte kjende med yrket tidleg i opplæringsløpet.

Lærekandidatordninga inneber at ein kan starte opplæringskontrakt i bedrift utan fellesfag eller programfag. Hausten 2014 var det 123 slike opplæringskontraktar i Hordaland.

Ei endring i opplæringslova i 2014 gjev ungdom med fagbrev rett til eitt år påbygg for å få generell studiekompetanse – heilt gratis. Med generell studiekompetanse kan ein søkje seg vidare til høgskule og universitet, og kombinasjonen av fagbrev og høgare utdanning er svært attraktiv på arbeidsmarknaden.

### Hospitering

Kompetanseheving og utvikling hos lærarar, instruktørar og fagleiarar skjer mellom anna gjennom hospitering i næringsliv og skule. Lærebedrifter og opplæringskontor søkjer om å hospitere i skule, og lærarar i bedrifter. Målet er at den som hospiterer, skal oppdatere eller utvide fagkunnskapen sin eller lære nye arbeidsmåtar/ny teknologi. Slik oppdatert kunnskap og praksis kjem elevane til gode gjennom meir relevant og samanhengande undervisning og opplæring. I 2014 var det 47 deltakarar frå skular og bedrifter i denne ordninga (2013: 41).

FYR (yrkesretting og relevans i fellesfaga) - Siktemålet med FYR er å gjere fellesfaga matematikk, norsk, engelsk og naturfag meir yrkesretta og relevant på yrkesfaglege utdanningsprogram. Elevane vil lettare sjå nytteverdien av fellesfag når dei vert opplevde som relevante for kvardagen deira og er retta mot framtidig arbeidsliv. I 2014 har ca. 100 lærarar og leiarar vore kursa i korleis dei kan arbeide aktivt med yrkesretting i fellesfaga som ein naturleg del av opplæringa.



Foto: Bjarte B. Eriksen

Dagen på Hyssingen produksjonsskole startar med frukost laga av ungdomane sjølve: Rene Alexander Amundsen Rosberg (f.v.), lærar Christer Sudmann Holgersen, Katarina Sundal Lien og Sonja Pernille Horpestad.

## Hyssingen produksjonsskole

Fylkeskommunen starta Hyssingen produksjonsskole hausten 2014. Namnet Hyssingen har skulen fått fordi den held til i lokala til ein tidlegare hyssingfabrikk. Målgruppa er elevar som ikkje har søkt eller som har falle ut av vidaregåande opplæring og som treng oppfølging. Ungdommane kan velje mellom tre tilbod; Restaurant- og matfag, kulturverkstad med musikk og filmproduksjon, og bygg og anlegg innan betongfag. Målet er at elevane skal halde fram på ordinær vidaregåande skule eller få seg jobb.

Fylkeskommunen har ansvar for å ha oversikt over all ungdom mellom 16 og 21 år som ikkje er i vidaregåande opplæring og skal sørge for at desse ungdommane får tilbod om opplæring og hjelp til utprøving i arbeidslivet. Den fylkeskommunale oppfølgingstenesta (OT) får tidleg kontakt og dialog med storparten av dei som sluttar i skulen, og svært mange av desse startar opp att i skuleåret etter kartlegging og rettleiing.

Produksjonsskulen er eitt av fylkeskommunen sine tilbod til ungdom som ikkje er i skule eller i lære. Frå våren 2014 er eit nytt tilbod til denne gruppa at dei kan følgje enkeltfag som matematikk, norsk og engelsk i studieverkstaden på Årstad vidaregåande skole. Dei kan få karakter i faget og ta privatisteksamen.

I år er det starta eit eige prekvalifiseringstilbod til ungdom som ikkje er klare for arbeidslivet eller praksisplass. Tiltaket som vert drive av OT-rådgjevarar, heiter #gameplan, og er eit tilbod der ungdommane får arbeide i prosess, bli klar over styrkar og hjelp til å setje seg mål. Det er veksling mellom samspel i gruppe og individuell rettleiing. Dei som har delteke så langt har gått over til anna aktivitet i etterkant. Tilbodet kom i stand som følgje av Ny Giv Oppfølging.

# Statistikk

## Fullført utdanning etter fem år

Prosentdelen av elevar som fullfører og består innan fem år etter at dei starta vidaregåande opplæring, har lege fast mellom 67 % og 70 % i mange år både i Hordaland og nasjonalt. Det er store forskjellar mellom utdanningsprogramma når det gjeld grad av fullføring i løpet av fem år. Den overordna forskjellen ligg mellom yrkesfag og dei studieførebuande utdanningsprogramma, både nasjonalt og i Hordaland. For kullet som starta i vidaregåande skule i 2008, var det 84,4 % av elevane på studieførebuande utdanningsprogram som fullførte over fem år. Tilsvarende for yrkesfag var 60,6 %. Nasjonale tal var høvesvis 86,4 % og 57 %.

### Studiespesialiserande




### Yrkesfag



## Privatistar

Hordaland fylkeskommune arrangerer skriftleg og munnleg privatisteksamen i heile fylket. Fylkeskommunen har også ansvaret for gjennomføring av sentralgjeven skriftleg prøve for praksiskandidatar og lærlingar. Etter mange år med stor auke i talet på privatistar, har det i 2014 vore ein liten nedgang. Av dei om lag 500 faga det er mogleg å melde seg opp i, vart det i 2014 gjennomført eksamen i 418 fag i Hordaland.



## Vaksenopplæring

Potensialet for vaksenopplæringa er stort i Hordaland. Det er 36 970 hordalendingar i alderen 20-49 år som ikkje har fullført vidaregåande utdanning ved utgangen av 2014 i følge SSB. Tala viser at fylkeskommunen gav tilbud om:




585 av dei nye kursplassane i 2014 var innan studiespesialiserande fag. Den største gruppa finn vi likevel innan yrkesfaga med 869 nye kursplassar førre året. 509 av desse plassane var innan helse- og oppvekstfag. Trenden dei seinare åra er at vaksne utgjer den største og viktigaste gruppa av nye fagutdanna innan helse- og oppvekstsektoren. Vaksne som tek vidaregåande utdanning, gjev eit viktig bidrag til fylket vårt. Kompetansen er viktig for den

vaksne som får ein tryggare og betre situasjon på arbeidsmarknaden, men også for private og offentlege bedrifter som har behov for faglærte medarbeidarar. Tverrfaglege samarbeid i fylkeskommunen og med andre aktørar er derfor viktig. Døme på eit breitt samarbeid mellom bedrifter, bransje og tiltaksmynde finn vi i agronomutdanninga på Stend vidaregåande skule og gartnarutdanninga på Hjeltnes vidaregåande skule.

## Fagskulane i Hordaland

Hausten 2014 var det 1 230 studentar ved fagskulane i Hordaland, ein auke på 6 % frå året før. Hordaland er fylket med flest fagskulestudentar på landsbasis med 16 % av den totale studentmassen. Dei private fagskuletilbydarane har alltid vore desidert størst, men hausten 2014 var forskjellen langt mindre. No viser tala at det er om lag 300 fleire fagskulestudentar i private skular enn i fylkeskommunale.




# Fag- og sveineprøver

## Avlagde fagprøver i 2014 fordelt på ulike opplæringsløp

Totalt 3 096 fag-/sveineprøver og kompetanseprøver vart gjennomførte i 2014. Dette er ein auke på 321 frå året før. Auken skuldast først og fremst at mange fleire praksiskandidatar gjennomførte prøva, 1 077 i 2014 mot 890 i 2013. Talet på lærlingar er også aukande, og 139 fleire gjennomførte derfor fag- og sveineprøve i 2014.

Opplæringsløp	Kvinner	Menn	Totalt
Lærlingar	524	1 381	1 905
Lærekandidatar	13	28	41
Elevar	11	62	73
Praksiskandidatar	537	540	1 077
Totalt	1 085	2 011	3 096



## Inngåtte lærekontraktar/opplæringskontraktar i 2014

	Totalt	Hovudmodell 2+2	Etter VG1	Full opplæring i bedrift	TAF	Verdiskaping
Lærlingar	2 049	1 508	154	231	67	89
Lærekandidatar	58	15	33	10	0	0
Totalt	2 107	1 523	187	241	67	89


Talet på nye kontraktar i 2014 er om lag som i 2013, då det vart inngått 2 138 lære- og opplæringskontraktar. Det er berre små svingingar mellom dei ulike modellane.

Fag- og yrkesopplæringa er fleksibel, og det er høve til å teikne lærekontrakt etter to år i vidaregåande skule (normalmodell), etter eitt år, eller direkte etter ungdomsskulen. Lærebedriftene avgjer kven dei vil skrive lærekontrakt med. Dei som går 2+2-modellen vert formidla til lærebedrift av Hordaland fylkeskommune. Kolonna verdiskaping gjeld særskilde fag der bedrifta berre har ansvar for verdiskaping og ikkje opplæring.

# Betre tannhelse hos barn og unge i Hordaland

Tannhelsa til barn og unge i Hordaland blir stadig betre. 81,6 prosent av alle femåringar i fylket har feilfrie tenner. Det er ein auke på 33 prosent dei siste 15 åra. Tilsvarande tal for 12-åringar og 18-åringar i fylket viser og ein framgang på over 30 prosent.

Betre tenner er og årsak til reduksjon i tal tannlegestillingar på 16 prosent dei siste 15 åra, frå 128 til 108. Derimot har behovet for tannpleiarar auka frå 26,5 til 40,8 stillingar.



Figuren viser kor stor del av 5-, 12- og 18-åringar i Hordaland, i eit 15- årsperspektiv, som har feilfrie tenner







## Økonomi

Effektivisering har tvinga seg fram for å tilpasse tenesta til økonomiske rammer. Likevel er over 8 000 fleire pasientar under tilsyn i 2014 enn i 1999 og arbeidsoppgåvene innan folkehelse har auka monaleg.

Rekneskapen viser at tannhelsetenesta brukte 331,4 millionar kroner til drift i 2014. Dette er 26,2 mill. kr meir enn i 2013. Inntektene har auka frå 107,4 mill. kr i 2013 til 119,4 mill. kr i 2014.

Etaten har eit overskot på 730 000 kroner. Ei medverkande årsak til auka inntekter og utgifter er at Tannhelsetenesta Kompetansesenter Vest, avdeling Hordaland, hadde sitt første år med full drift. Inntektene inkluderer eit tilskot frå staten på 17,7 mill. kr til kompetansesenteret og til behandling av innsette i fengsel.

I 2014 vart Årstad tannklinikk utvida frå 7 til 14 behandlingsrom, men elles vart det ikkje brukt så mykje pengar til investering. Ny tannklinikk og tannlegevakt i Solheimsviken blir ikkje realisert før hausten 2015. Ny tannklinikk på Klepppestø er og forseinka og blir ferdig i 2015.

Arbeidet med å tilpasse budsjetta i distrikta til oppgåvene er fullført, men vil verte vurderte årleg for å justere i høve til endringar i folketal og aldersfordeling og med det endring i oppgåvene.

Arbeidet med å legge om rekneskapen for å stette tilrådingane frå EØS vart gjort ferdig i 2014 og sett i verk frå 1. januar 2015. ESA har rådd til at rekneskapen for prioriterte og betalande pasientar vert skilt slik at det vert synleggjort at det ikkje skjer kryssfinansiering. Med dette vil tannhelsetenesta synleggjere at offentlege midlar ikkje vert nytta til å subsidiere behandling av vaksne, betalande pasientar.



## For alle i Hordaland

Tannhelsetenesta i Hordaland skal syte for at tannhelsetenester, og tilknytte spesialisttenester, i rimeleg grad er tilgjengeleg for alle som bur eller mellombels oppheld seg i Hordaland.

I tillegg skal tannhelsetenesta arbeide for å betre folkehelsa i eit fleirfagleg samarbeid. Tenestene skal vere av god kvalitet og utførast innanfor dei rammene politikarane vedtek for tenesta.



## Visjonar for framtida

### Tannhelsetenesta skal:

- Til kvar tid vere ein organisasjon med høg fagleg kvalitet og behandlingstilbod tilpassa pasientane sine behov.
- Syte for at tilsette får god etterutdanning for å ta vare på og vidareutvikle høg kompetanse og kvalitet i tenestene.
- Tannhelsetenesta skal på det grunnlaget følgje med i tannhelseutviklinga, og gje eit tilpassa tilbod til pasientane.
- Arbeide for at tilbodet til pasientane har stabilitet.
- Tilpasse organiseringa til endringar i oppgåver og samfunnsstruktur.

## Pasientgrupper

### Psykisk utviklingshemma

Betre tannhelse hos barn og unge medfører at ressursane vert flytta over til grupper med større tannhelseproblem. Berre åtte prosent av psykisk utviklingshemma i fylket har ikkje hol i tennene. I gjennomsnitt har kvar psykisk utviklingshemma 12,1 tenner som er reparerte.


Totalt er det 1 886 psykisk utviklingshemma i fylket, og gruppa har vakse med 31 prosent sidan 1999. Fleire psykisk utviklingshemma får tannbehandling etter at retten til gratis tannbehandling er vorten betre kjent, og omsorgsapparatet syter for at dei får tilgang til tannhelsetenester.

### Eldre og rusavhengige

Sidan 1999 har gruppa eldre med omsorgsteneste, og dermed rett til gratis tannbehandling, auka med 20 prosent. I denne gruppa er det om lag 16 600 pasientar med aukande behov for behandling. Rusavhengige og innsette i fengsel har og rett til gratis tannbehandling, men dei er krevjande å få systematisk behandla. Av totalt 2 149 vart berre 643 personar undersøkt og/eller ferdigbehandla.

# Statistikk frå tannhelsetenesta


## Endringar i folke- og pasienttal 1999-2014:



## Betre tannhelse hos barn og unge i Hordaland

Tannhelse til barn og unge i Hordaland vert stadig betre. 81,6 prosent av alle femåringar i fylket har feilfrie tenner. Det er ein auke på 33 prosent dei siste 15 åra. Tilsvarende tal for 12-åringar og 18-åringar i fylket viser ein framgang på over 30 prosent.

Betre tenner er og årsak til reduksjon i tal tannlegestillingar på 16 prosent dei siste 15 åra, frå 128 til 108. Derimot har behovet for tannpleiarar auka frå 26,5 til 40,8 stillingar.



Bekymringsmeldingar til barnevernet frå tannklinikane i Hordaland.



## Omfanget av behandling av prioriterte grupper i 2014.

Pasientar ferdigbehandla og under tilsyn.

Gruppe	Tal pasientar i gruppa	Tal pasientar som ikkje møtte eller takka nei	Pasientar under tilsyn %
Gruppe A	10 4375	1 178	99,7
Gruppe B	1 886	21	94,8
Gruppe C1	6 637	57	58,4
Gruppe C2	9 953	141	49,1
Gruppe D	12 703	123	
Gruppe E	2 149	246	76,2

## Omfanget av behandling av uprioriterte grupper i 2014

Gruppe F: Vaksne, betalende pasientar. Dei fleste av desse vert behandla i distrikta utanfor Bergen.

Gruppe	Totalt tal pasientar	Behandla pasientar	Prosentdel behandla pasientar
Gruppe F	19 165	15 242	14,3



## Fire store saker i 2014

### Tannhelsetenesta har i 2014 arbeidd med desse fire store sakene:

- Tannhelsetenesta Kompetansesenter Vest (TKV) har tilbod om alle sju spesialisttenester innan odontologi og har etablert forskingsavdeling.
- Fylkestannlegen har utarbeidd ny klinikkstrukturplan i eit 15-årsperspektiv.
- Prosjektering av ny klinikk i Solheimsviken med tannlegevakt og med høve til behandling i narkose er under arbeid. Opning hausten 2015
- ESA har rådd til å skilje mellom finansiering av prioriterte og betalande pasientar for å synleggjere at det ikkje skjer kryssfinansiering. Dette skjer frå 1. januar 2015

## Vaksne betalande pasientar

Den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland behandla i 2014 15 242 vaksne, betalande pasientar av ei total gruppe på 19 165. Dei fleste av desse fekk behandling på tannklinikkar i distrikta utanfor Bergen. Totalt utgjør vaksne, betalande pasientar 14,3 prosent av pasientane til tannhelsetenesta.

## Tortur og overgrep

Eit tilbod til pasientar med angst for tannbehandling, og pasientar som har vore utsette for tortur eller overgrep (TOO-tilbod) vart etablert ved Stord tannklinikkk våren 2013. Hausten 2014 vart eit tilsvarande tilbod etablert ved Norheimsund tannklinikkk. Tilbodet er organisert som ein del av tilbodet ved kompetansesenteret, og dei tilsette får fagleg opplæring der. Teama er samansette av tannhelsepersonell og psykolog. Det er utarbeidd brosjyre som skal vere tilgjengeleg hos aktuelle samarbeidspartar. Neste steg er å etablere tilsvarande tilbod i Nordhordland ved etablering av ny klinikk i Knarvik.

## Samarbeid med barnevernet

Bekymringsmeldingar til barnevernet har auka med 34 prosent frå 2012 med 83 meldingar frå tannklinikkkane i Hordaland. Samarbeidsavtalane med barnevernet har som mål å fange opp barn og foreldre som treng hjelp frå barnevernet. Rutinane for samhandling er utvikla og betra og dei tilsette tilført kompetanse. Utfordringa er å styrke samhandlinga med barnevernet ved auka kontakt.

## Organisering

Tannhelsetenesta er organisert i 6 tannhelsedistrikt med tannhelseavdelinga som stabsfunksjon for distrikta.

Tannhelsetenesta har 5 distrikt med desentraliserte tenester aust, nord, sentrum, sør og vest i tillegg til Tannhelsetenesta kompetansesenter Vest, avd. Hordaland som tilbyr spesialisttenester, rådgjeving og hospitering for tilsette i tannhelsetenesta.

### Ny klinikkstruktur

Fylkestannlegen har utarbeidd ny klinikkstrukturplan i eit 15-årsperspektiv. Planen foreslår ein struktur som legg til rette for større stabilitet i stillingane og eit styrke og betre fagmiljø. Dette skal leggje grunnlaget for at tannhelsetenester av høg kvalitet tilpassa pasientane sitt behov skal vere tilgjengelege for befolkninga i Hordaland.

### Tannlegevakta i Bergen

Tannhelsetenesta i Hordaland driv tannlegevakta i Bergen. Tannlegevakta er open kvar dag året rundt, og er akutttilbod til pasientar i Bergen med omland. Tannlegevakta har ein viktig funksjon, og profilerer tannhelsetenesta og Hordaland fylkeskommune på ein god måte. Det var 4 087 konsultasjonar på tannlegevakta i Bergen i 2014. Av desse var 1 161 prioritert klientell og 2 926 vaksne betalande pasientar. Dette er svært likt fjoråret.

Narkosebehandlinga har auka med 25 prosent frå 2013 til 2014, og i 2014 er 208 pasientar behandla i narkose. Sjølv om det som vert vurdert som akutte problem vert prioriterte, er ventetida om lag 5 månader både på Haukeland universitetssjukehus og på Stord sjukehus. Fordi Haukeland vil avgrense tilbodet til pasientar som har medisinske problem, vil tannhelsetenesta utvide tilbodet ved å leggje til rette for narkosebehandling ved den nye klinikken i Solheimsviken.

### Bemanning og rekruttering

Bemanninga er god ved årsskiftet. Fire tannlegestillingar og ei forskarstilling er under utlysing. Utylsing av tannlegestillingar har stort tal søkjarar, men mange av desse har utdanning med ukjent kvalitet og innhald og har oftast lisens og er ikkje autoriserte. Det fører til at om dei vert tilsette må dei følgjast nøye opp med omsyn til fagleg kvalitet på arbeidet, og at lisenstannlegar ikkje kan arbeide utan rettleiing.

Tannhelseavdelinga er stabsfunksjon for distrikta, og i alle deler av organisasjonen vert det arbeidd for å tilpasse kompetansen til oppgåvene til kvar tid. Avdelinga vert leia av seksjonsleiar og har teknisk avdeling med tre tilsette, IT-rådgjevar, kvalitetskoordinator, seniorrådgjevar samt tilsette som arbeider med personalspørsmål, økonomi, fakturaspørsmål, arbeid med nettsida og resepsjonsteneste. Til saman 12 tilsette i 9,1 årsverk.

Utfordringa er å tilpasse kompetanse til endringar i organisasjonen og samhandling med andre avdelingar.



Foto: Geir Ketil Lien

## Kompetansesenteret i full drift

Tannhelsetenesta kompetansesenter Vest, avd. Hordaland (TKV) kom i 2014 i full drift med 44 tilsette i til saman 33,9 årsverk og alle sju spesialistgreiner i arbeid. TKV tilbyr spesialisttenester, rådgjeving og hospitering for tilsette i tannhelsetenesta.

Avdelinga har etablert eiga forskingsavdeling med til saman 7 tilsette. Forskingsprosjekta er:

- Samarbeid mellom tannhelsetenesta og barnevernet
- Østrogenhermarar i plastfyllingar
- Sprøytefobi
- Oral helse, kjeveleddsfunksjon og livskvalitet hos barn med barneleddgikt.

Desse prosjekta har forskarar rekrutterte frå tannhelsetenesta i Hordaland og arbeida skal leie fram til doktorgrad.

Avdelinga har søkt om midlar til fleire prosjekt som etter kvart skal realiserast.

Leiar for kompetansesenteret har ansvar for den nye forskingsavdelinga og den administrative delen av kompetansesenteret med hjelp av administrasjonsleiar og leiande tannhelsesekretær. Kompetansesenteret har søkt om å få ein landsdekkande funksjon på fagområdet odontofobi etter at søknaden vart tilrådd av fylkesutvalet. Overtannlegen har ansvaret for den kliniske delen av verksemda.

## Ei av dei største suksesshistoriene



Dette er ei av dei største suksesshistoriene i heile helsetenesta. Tannråte har gått frå å vere den mest utbreidde folkesjukdomen til inga hol i dag og kvite smil, sa fylkesvaraordførar Mona Hellesnes under feiringa av det doble jubileet til den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland 3. oktober 2014.

I 2014 fylte folketannrøkta 50 år og den fylkeskommunale tannhelsetenesta 30 år. Det doble tannhelsejubileet vart feira på Scandic Ørnen Hotell i Bergen med 200 av dei 400 tilsette i tannhelsetenesta til stades.

Men sjølv om folketannrøkta vart innført i Hordaland for 50 år sidan, var det eit offentleg tannhelsetilbod lenge før det. Alt i 1912 vart den første skuletannklinikken etablert i Bergen fordi tannverk var den viktigaste årsaka til fråvær i skulen. Den einaste handsaminga den gongen var trekking.



Foto: Bjarte Brask Eriksen

Fylkesvaraordførar Mona Hellesnes gratulerte og overrekte blomster til fylkestannlege Arne Åsan.



## Miljøvenlege LED-lampar

Klima og miljøtiltak er viktige satsingsområde for tannhelsetenesta. Klinikane har i 2014 fått installert LED-operasjonslamper på alle tannlegeunitar. Desinfeksjonssprit vert nytta til handreingjering og har ført til monaleg reduksjon i bruk av såpe og papirhandkle.

# Solid vekst i kollektivtrafikken

Kollektivtrafikken i Hordaland hadde i 2014 eit nytt år med solid vekst i passasjertala. I alt reiste 51,9 millionar passasjerar med buss og bybane, ein auke på 3,2 % frå 2013. Også båtrotene hadde vekst. Det nye snøggbåtsambandet mellom Nordhordland og Bergen starta 2. januar 2014 og hadde nesten 85 000 reisande første året. Fornyinga av Bergen busstasjon vart fullført med opninga av terminal sør.

Store investeringsoppgåver i 2014 var utbygginga av Bybanen frå Lagunen til Flesland og ei rekkje fylkesvegprosjekt. I alt vart det brukt vel 1,4 milliardar kroner til fylkesvegbygging og 1,3 milliardar kroner til Bybanen byggjetrinn 3.

Brutto driftsutgifter for samferdsel var på 2 734 mill. kr i 2014. I høve til budsjettet vart det ei overskriding på 50 mill. kr. Overskridinga er eit resultat av både meirforbruk og mindreforbruk på ei rekkje postar. Største delen av overskridinga skuldast mindre inntekter frå kollektivtrafikken enn budsjettet. Ein har ikkje nådd dei trafikkinntektene som ein budsjetterte med. Det har mellom anna samanheng med at ein ikkje fekk den heilårseffekten av takstauken i bompengeringa i Bergen som var lagt til grunn i budsjettet. Vidare vart

det eit inntektstap på grunn av at dei reisande i større grad enn før nyttar førehandskjøpte og rabatterte billetter i form av mobilbillett og rabattkort. Dette er i samsvar med fylkeskommunen sitt ynskje om at dei reisande i større grad kjøper billetten på førehand. Dette gjev raskare påstiging og mindre kontantomsetning på transportmidlet.

Ein fekk heller ikkje inntekt frå reklame i 2014. Det var budsjettert med 10 mill. kr i reklameinntekter i 2014. På kostnadssida er det også eit meirforbruk på 17 mill. kr til drift og vedlikehald av fylkesvegane. Den største posten her gjeld salting og asfaltering. Elles har det vore ei gunstig kostnadsutvikling for fleire av driftskontraktane i kollektivdrifta. Dette har gjeve innsparringar i forhold til budsjettet.

Spor 2  
Track

Byparken  
Byparken

00 min  
04 min  
Avg





## Driftsutgifter

Brutto driftsutgifter samferdsel: Tal i millionar kroner. Løpande prisar.	Reknesk.	Reknesk.	Reknesk.	Reknesk.	Avvik nto.
	2011	2012	2013	2014	bud. 2014
Fylkesvegferjer	316,0	303,5	311,7	303,6	18,9
Spesialskyss for grunnskulen	51,0	48,4	48,6	45,5	-1,9
Skuleskyss vidaregåande skule	64,6	80,4	76,4	80,2	-3,1
Transport for funksjonshemma	50,2	47,9	53,0	51,0	0,5
Bilruter	1 250,9	1 232,9	1 256,0	1 300,2	-37,7
Båtruter	89,7	94,9	103,8	174,7	6,9
Skyss	89,4	103,6	129,2	134,5	-9,6
Bybanen	96,1	101,1	122,5	139,6	-17,8
Diverse transporttiltak	10,7	11,3	12,7	16,2	10,6
Fylkesvegvedlikehald	422,0	411,6	452,4	488,7	-16,9
Sum brutto driftsutgifter	2 440,6	2 435,6	2 566,3	2 734,2	-50,1



## Kollektivreisande

Kollektivreisande 2013 - 2014 Tal påstigande i tusen	2013	2014	Endring i % 2013-2014
Buss i Bergen kommune	28 648	29 562	3,2 %
Bybanen	9 125	9 406	3,1 %
Buss og Bybane i Bergen kommune	37 773	38 968	3,2 %
Vestpakken og Os	6 486	6 699	3,3 %
Bergensområdet	44 259	45 667	3,7 %
Buss i Hordaland utanom Bergensområdet	6 042	6 242	3,3 %
Buss og Bybane i Hordaland	50 301	51 909	3,2 %
Båtruter	680	912	34 %
Riks- og fylkesvegferjer <sup>1) 2)</sup>	7 603	7 141	-6,0 %
TOTALT	58 584	59 962	2,4 %

Kjelde: Skyss

<sup>1)</sup> Inklusiv den kommersielle ruta Breistein-Valestrand

<sup>2)</sup> Heilårseffekt av at riksvegferjesambandet Bruravik-Brimnes vart nedlagt i august 2013



## Fin vekst for Stord lufthamn

Stord lufthamn, Sørstokken, hadde god trafikkutvikling i 2014 med totalt 38 249 reisande, ein auke på heile 25 % frå 2013. Danish Air Transport (DAT) opererer dei to tunge sambanda til/frå Stord lufthamn, Stord-Oslo og Stord-Molde, og har etablert Stordflyet.no. Totalt reiste det 35 444 på desse to sambanda i 2014.

Som tidlegare år blir Stord lufthamn mykje nytta til treningsflyging med fly og helikopter. Drifta av Stord lufthamn var i balanse i fjor. Staten bidreg med inntil 12 mill. kr pr. år til drift, og 6 mill. kr i stønad til tårntenesta.





Foto: Magne Sandnes

## Kollektivtransporten

### Takstar

Frå 1. februar 2014 auka minstetaksten for einskildbillett med kr 2 til kr 31. Barne-/honnørtaksten auka med kr 1 til kr 16. Taksten for einskildbillett auka elles med gjennomsnittleg 2,8 % både på buss og båt. Ordninga med ombordtillegg, ved kjøp av einskildbillett på bussen i Bergen, vart vidareført med kr 10 og kr 5. Periode- og ungdomskorttaksten vart ikkje endra og ungdomskortet vart gjort upersonleg. DagSkyss for sone Bergen vart redusert frå kr 110 til kr 80. Ferjetakstane auka med gjennomsnittleg 3,5 % i samsvar med riksregulativet.

### Buss og bybane

Passasjerstatistikken for 2014 viser at talet på kollektivreisande i Hordaland framleis aukar. Samla for alle samband; buss, bane, snøgg- og lokalbåt og ferje var det ein auke på 2,4 %. For buss og bybane var det ein trafikkvekst på 3,2 % som utgjorde nesten 52 millionar påstigande. For Hordaland utanom bergensområdet var veksten på 3,3 %, medan den for Bergensområdet var 3,2 %. Bybanen er ryggraden i kollektivsystemet i bydelane den dekkjer. I 2014 hadde Bybanen 9,4 millionar påstigande mot 9,1 millionar i 2013. Dette tilseier ein passasjerauke på 3,1 %.

### Bybanen

Bybanen er fylkeskommunen si fremste kollektivstamlinje med stor kapasitet, høg frekvens og sikker framkomst. 2014 var første året med heilårsdrift for strekninga mellom Bergen sentrum og Lagunen. Både i 2013 og første del av 2014 var Bybanen tidvis prega av kapasitetsproblem med fulle avgangar i rushtida. I løpet av 2014 vart talet på vogner auka frå 17 til 20 vogner totalt. Fleire vogner la grunnlag for auka kapasitet i tilbodet, og frå august 2014 vart frekvensen auka. Ein la også om driftsopplegget noko for å få jamnare flyt i trafikken.

### Snøgg- og lokalbåtruter

Talet på reisande med snøggbåt i Hordaland var ca. 912 000 i 2014. Startavden nye snøggbåtruta Knarvik-Frekhaug-Bergen 1. januar 2014 var medverkande til den positive utviklinga. Talet på reisande mellom Knarvik og Bergen var 84 499. Snøggbåten mellom Kleppstø og Nøstet i Bergen hadde 334 235 reisande i 2014, tilsvarende 11 % auke frå 2013. Frå 1. januar 2015 er det skifte i operatør på denne ruta og stopp i Bergen er Strandkaiterminalen, mot tidlegare Nøstet.

Ny anbodspakke og ruteopplegg for Sunnhordaland vart sett i drift frå 1. januar 2014.



## Litt færre på Flesland

Totalt reiste 6,2 millionar flypassasjerar til og frå Bergen lufthavn, Flesland, (inkludert transittpassasjerar) i 2014. Samanlikna med 2013 er dette ein nedgang på 0,9 %. Talet på innanlandspassasjerar var ca. 3,7 millionar, ein auke på 0,8 % frå 2013, medan talet på utlandspassasjerar gjekk ned med 1,8 % til 2,2 millionar. Denne utflatinga i flytrafikken er mellom anna knytt til oljenæringa i regionen. Låg oljepris, innsparingar og uro i bransjen har konsekvensar for reiseverksemd i store delar av industrien i Hordaland.

Talet på offshore-passasjerar med helikopter i 2014 var 246 208, ein nedgang på 5,6 % frå 2013.

2014 har vore prega av byggjearbeidet med ny flyterminal, og utbetringar av den gamle terminalen for å auke kapasiteten fram til nye Bergen lufthavn, Flesland står klar i 2017. I mai starta Norwegian direkte rute frå Bergen til New York. Dette gav rutetilbodet eit interkontinentalt tilskot. I oktober gjekk den aller første flyginga på biodrivstoff frå Flesland. Dette markerte eit viktig steg i arbeidet med å redusere utslepp frå flytrafikken.



## Fleire med fjerntog, færre lokalt

NSB Regiontog på Bergensbanen hadde 1 080 000 reisande i 2014. Dette er 6 % fleire enn i 2013. 83 % av toga på Bergensbanen i 2014 var i rute.

Med NSB Lokaltog Bergen-Voss-Myrdal og Bergen-Arna reiste det 1 712 000 passasjerar i 2014. Det er ein nedgang på 3,3 % frå 2013. For strekninga Bergen-Arna var 98 % av toga i rute, og for strekninga Bergen-Voss-Myrdal var 87 % av toga i rute,




Foto: Stanley Hauge

## Fylkesvegferjene

Dei 16 fylkesvegferjesambanda i Hordaland transporterte ca. 4,5 millionar passasjerar i 2014, ein auke på 2,9 % samanlikna med 2013. Talet på køyretøy var ca. 2,3 millionar, tilsvarande ca. 3,3 millionar personbileiningar (pbe). Samanlikna med tal personbileiningar i 2013 utgjør dette ein auke på 2,6 %.

Dei fem mest trafikkerte fylkesvegferjesambanda i 2014 er Hatvik-Venjanaset med 781 764 passasjerar og 498 848 pbe, Krokeide-Hufthamar med 602 482 passasjerar og 407 956 pbe, Gjermundshamn-Varaldsøy-Årsnes med 471 400 passasjerar og 360 364 pbe, Jondal-Tørvikbygd med 388 081 passasjerar og 287 349 pbe og Leirvåg-Sløvåg med 352 489 passasjerar og 304 356 pbe. Samanlikna med 2013 er det ferja mellom Jondal og Tørvikbygd som har størst auke, 18 % for passasjerar og 17,8 % for pbe. Gjermundshamn-Varaldsøy-Årsnes hadde nedgang i trafikken både for tal passasjerar og pbe med høvesvis – 2,3 % og – 1,7 %.

Den kommersielle ruta mellom Breistein og Valestrand transporterte 394 912 passasjerar i 2014, ein relativ nedgang på 2,5 % frå 2013. Talet personbileiningar var 233 835, ein nedgang på 0,3 %.

## Riksvegferjene

Etter at Bruravik-Brimnes vart lagt ned i 2013, er Halhjem-Sandvikvåg det einaste attverande riksvegferjesambandet i Hordaland. Tal passasjerar her var 2 243 368 i 2014. Samanlikna med 2013 er det ein auke på 4,5 %. Talet på personbileiningar over Halhjem-Sandvikvåg var 1 894 119 i 2014, ein auke på 3,7 %.



Foto: Stanley Hauge

Sentrumsretta trafikk i Bergen var 5 % lågare i 2014 enn i 2010.

## Reklamefinansiering

I desember 2013 gav fylkestinget fylkesrådmannen fullmakt til å forhandle fram avtale med reklameoperatør for reklame på rullande kollektivmaterieill, kollektivterminalar og byromsmøblar. Bergen kommune gav tilslutnad til det fylkeskommunale prosjektet i juni 2014. Arbeidet med anskaffinga vart sett i gang i 2014, i form av eit prosjekt leia av Skyss. Kontrakt for rullande kollektivmaterieill og kollektivterminalar er venta inngått første halvår 2015, medan ein for reklamefinansierte leskur, reklame på haldeplassar og byromsmøblar ventar å inngå kontrakt første halvår 2016.

## Kollektivtransport i distrikta (KID-ordninga)

For 2014 mottok fylkeskommunen 0,6 mill. kr i statlege midlar, mot 3,3 mill. kr i 2013. Det øyremerkte statlege tilskotet har variert mykje i storleik over dei 7 åra ordninga har vore i gong. I 2014 vart midlane nytta til vidareføring av prosjekt bestillingstransport på Voss, «samordningsrute» i Jondal, servicebuss i Sund, «ungdomsrute i Masfjorden» og «ungdomsrute» Voss-Ulvik. Samferdselsdepartementet har varsla om at KID-ordninga skal utfasast i 2015, og at eit eventuelt tilskot vil vere av mindre storleik, og berre til pågåande prosjekt.

## Skuleskyss

I Hordaland vert om lag 20 000 elevar i grunnskulen og den vidaregåande skulen frakta mellom heim og skule med fylkeskommunal kollektivtransport eller særleg tilrettelagt transport. Kostnadane med spesialtransport for grunnskule-

elevane kan svinge frå år til år på grunn av elevsamansettinga og køyrestrekingar. I 2014 var utgiftene til særskyssen i grunnskulen 46 mill. kr. Kostnaden for elevar i den vidaregåande skulen var 80 mill. kr i 2014.

## Belønningsordninga

Avtalen mellom Staten, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune om belønning for betre kollektivtransport og mindre bilbruk for perioden 2011-2014 vart inngått i 2011. Totalt vart det sett av 550 mill. kr til tiltak i bergensområdet. Gjennom avtalen har Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune forplikta seg på to effektmål knytt til utviklinga av biltrafikken i perioden; nullvekst i biltrafikken i bompengering og reduksjon i trafikk inn mot sentrum i rushtida.

Fylkeskommunen og Bergen kommune mottok 162 mill. kr i påskjønningsmidlar i 2014. Desse midlane er fordelte med 50 mill. kr til 3. byggetrinn av Bybanen, 57 mill. kr til tiltak for å betre framkomsten for buss, 15 mill. kr til vidareføring og utvikling av takstiltak og nye rutetilbod, 23 mill. kr til sykkeltiltak, 16 mill. kr til informasjon og marknadsføring og 1 mill. kr til fortetting og konsentrert byutvikling langs bybanetraséen.

Biltrafikken i bomringen i Bergen har i perioden 2010-2014 auka med 1,6 %. Det er 1,6 % meir enn målsetjinga for perioden. Det siste året er biltrafikken redusert med 1,1 %. Trafikken i 2014 var lågare enn i 2011, 2012 og 2013. Sentrumsretta rushtrafikk målt i YDT (yrkesdøgntrafikk = gjennomsnittstrafikken utanom laurdag og søndag) var 5,0 % lågare i 2014 enn i 2010. Det er i samsvar med målsetjinga for perioden. Talet på kollektivtrafikkpåstigingar i Bergen var 39,0 millionar i 2014

– ein auke på 3,2 % frå 2013. Talet på påstigingar er omlag 44 % høgare i 2014 enn i 2010. Reisevaneundersøkinga frå 2013 syner at det har skjedd eit trendebrot i Bergen kommune frå 2008 til 2013. Færre køyrer bil, fleire nyttar kollektivtransport og fleire går.

## Kollektivtrafikktiltak

### Framkomsttiltak for kollektivtrafikken

I tilknytning til Storavatnet terminal vart det i april 2014 opna to nye kollektivfelt. På strekninga frå Olsviktunnelen til kryss ved Storavatnet kollektivterminal (Fv 562) og frå Olsvikkryss-øst i Loddefjordsdalen til Storavatnet kollektivterminal (Rv 555). Den siste strekninga vart finansiert med riksvegmidlar. Tiltaka sikrar framkomst for kollektivtrafikken inn mot bytepunktet på Storavatnet terminal og har gjeve betre framkomst for trafikken både mot Askøy og Sotra/Øygarden.

16. mai 2014 opna eit tosidig kollektivfelt mellom Breivikskiftet og Drotningstveit på Rv 555. Fylkeskommunen forskoterte 100 mill. kr til denne utbygginga som vart refundert frå riksvegmidlar.

Prosjektering av nytt kollektivfelt og sykkelveg med fortau mellom Allestadveien og Skarphaugen vart ferdigstilt i 2014, og vil ha anleggsstart tidleg i 2015. Prosjektet er del 1 av arbeidet med samanhengande kollektivfelt gjennom Fyllingsdalen.

### Haldeplassar og terminalar

Bergen busstasjon, terminal sør, opna i mars 2014. Hordaland fylkeskommune var byggherre, og har forskotert finansieringa med refusjon frå staten. Bergen busstasjon fungerer som nasjonalt, regionalt og lokalt knutepunkt. Saman med terminal nord som opna januar 2013, har oppgraderinga gjeve Bergen busstasjon ei stor kvalitetsheving og universell utforming, med tilgjenge for alle trafikantgrupper. Haldeplassane i Olav Kyrres gate, Nordahl Bruns gate, Christies gate, Småstrandgaten, Allehelgens gate og Torget vert omtala som «sentrumsterminalen». Opprustningsprosjektet for desse haldeplassane går over fleire år. I 2014 vart det gjort tiltak på leskur på midtperrongane i Olav Kyrres gate for å gje tilgang til mellom anna rullestol og barnevogn.

Arbeidet med ny snu- og reguleringsplass for buss på Kråkenes er starta, og vert ferdig i 2015. Ny rutestruktur for buss har gjort at bussane i dag køyrer fleire ekstra kilometer til og frå Fjøsanger for å snu, dette vil ta slutt med ny snuplass på Kråkenes. Det er òg etablert ny snu- og reguleringsplass for buss med sjåførfasilitetar på Hesjaholtet. Tiltaket vil gi ein meir føremålstenleg trase for stamlinje 4 og bidra til å redusere noko av presset på Oasen terminal. Sletten terminal vert finansiert over fylkesvegbudsjettet i programperioden 2014 – 2017. Reguleringsplan er utarbeidd i 2014, og ventar på handsaming i Bergen kommune. Når det gjeld haldeplassar, så vart 28 stk. oppgradert til universell utforming i 2014. Arbeidet vert vidareført i 2015. I tillegg vart 46 haldeplassar tilrettelagt for etablering av sanntidsinformasjon i 2014.



Foto: Morten Wanvik

## Universell utforming

For 2014 løyvde Samferdselsdepartementet 22 mill. kr i tilskot til 26 tiltak til universell utforming i kollektivtrafikken. Departementet opplyste at det for 2014 vart søkt om midlar til 94 tiltak rundt i Noreg for til saman 148 mill. kr. Hordaland fekk 560 000 kr i tilskot til eitt prosjekt: kartlegging av ferjekaiane.

I desember 2014 meldte Samferdselsdepartementet at ordninga med statleg tilskot til auka tilgjenge til kollektivtransporten vert avvikla.

## Transportordninga for funksjonshemma

Transportordninga for funksjonshemma er eit ikkje lovfesta tilbod til innbyggjarar i Hordaland som på grunn av varig sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan nytte det ordinære kollektive rute-tilbodet. Det er to prioriterte grupper i TT-ordninga, blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukarar. Andre med nedsett mobilitet kan også søkja. TT-ordninga (Tilrettelagt transport) hadde 13 476 godkjente brukarar i Hordaland pr. 31. desember 2014. Om lag 60 % av desse er busette i Bergen kommune, medan 40 % av TT-brukarane er busette i dei 32 andre kommunane i fylket.

I 2014 kom det nye retningslinjer for TT-ordninga. Retningslinjene er styrande for kven som vert godkjente brukarar. Retningslinjene vart gjeldande frå 1. november 2014. Den største endringa går fram av punkt 3 i retningslinjene, livsvarig godkjenning av personar med alvorlege og kroniske sjukdomar. Det inneber at personar med alvorlege diagnosar der det ikkje er realistisk å venta betring av helsetilstanden, får livsvarig godkjenning. Dette vert avgjort av dei rådgivande legane for fylkeskommunen, legenemnda, i kvart enkelt tilfelle.

I 2014 vart det utført 209 625 TT-turar med drosje, ein auke på ca 2 % frå 2013. Fylkeskommunen betalte ut 38,6 mill. kr til TT-køyring. TT-brukarane betaler ein eigendel på 15 % av turprisen.

Personar som har varig tilrettelagt arbeid, kan søkje om arbeidskøyring. Ved utgangen av 2014 var det 206 personar som var med i denne ordninga. Dei som er med i ordninga, betaler



Foto: Stanley Hauge

Universell utforming. Dei rustbrune rettleiingsfelte er ein viktig del av opprustinga i og rundt Bergen busstasjon.

ein mindre eigendel. Det vart nytta 10,7 mill. kr. til dette føremålet i 2014.

## Drosjar, turbil og godsbilløyve

I 2014 vart det utferda 93 drosjeløyve i Hordaland, medan 58 drosjeløyve vart leverte inn. Ved utgangen av 2014 var det totalt 1 021 drosjeløyve i fylket fordelt på 643 løyvehavarar. I Bergen køyreområde er det 750 drosjeløyve. Ein sentral kan ha maksimalt 60 % av det totale løyvetalet.

Ved utgangen av 2014 var det 53 selskapsvognløyve og 47 handikapløyve i Hordaland. 3 selskapsvognløyve vart

leverte inn, medan 3 nye vart utferda.

I 2014 vart det godkjend 256 nye gods-transportløyve i Hordaland, medan 230 løyve gjekk ut. Samla tal for aktive godsløyve i Hordaland ved utgangen av 2014 var 2 619 fordelt på 763 føretak. Ordninga med at fylkeskommunane har vore løyvemynde for gods- og turvogner vart avslutta 31. desember 2014. Ansvaret for å godkjenne og skrive ut løyve for heile landet er no overført til Nasjonal transportløyveseksjon under Statens vegvesen Region vest og er lokalisert til Lærdal i Sogn og Fjordane.

I løpet av 2014 vart det godkjend 42 nye turvognløyve, medan 165 løyve vart innleverte eller gjekk ut. Ved utgangen av 2014 var det registrert 1 415 turvognløyve i Hordaland fordelt på 97 føretak.

## Trafikksikring

Talet på drepne i trafikken på vegane i Hordaland i 2014 er 11, og i tillegg omkom fire hordalendingar i trafikken i andre delar av landet. Talet på omkomne er ein nedgang frå 2013 då det var 16 omkomne, og det er også ein nedgang samanlikna med 2012 (15 omkomne). Sjølv om talet på trafikkdrepne og skadde i trafikken varierer frå år til år, er trenden både for skadde, hardt skadde og drepne på veg nedover. Seks av dei omkomne forulukka på riksvegnettet, og det er framleis møteulukker og utforkøyringar som dominerer ulukkesbiletet.

Det nye politiske utvalet «Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland» (FTU) består av fem medlemmer, og 10 konsultative deltakarar frå ulike etatar og organisasjonar som til dagleg arbeider med trafikksikringssaker. FTU hadde i 2014 fire møte, og arrangerte Trafikksikringskonferanse for kommunane i Hordaland i november. Utvalet disponerte 4 mill. kr i eigne trafikksikringsmidlar, og har mellom anna ansvaret for tre ulike tilskotsordningar retta inn mot trafikktryggleik.

### Trygt heim

«Trygt heim»-ordninga som starta i 2005 går ut på å tilby kollektivtransport heim for ungdom frå seine eller nattlege arrangement i distrikta i helgane. Som tidlegare har denne fylkeskommunale trafikktryggleiksordninga vore driven med mål om «mest mogleg trafikktryggleik for pengane». Den årlege løyvinga på 0,7 mill. kr har vore nytta til rutene Rosendal

– Utåker, Leirvik – Langevåg/Mosterhamn og Vossevangen – Ulvik/Stalheim/Bolstadøyri og omvendt, pluss sporadiske ruter langs andre trasear i samband med ungdomsarrangement. Såleis er det framleis kommunane Bømlo, Granvin, Kvinnherad, Stord, Voss og Ulvik som kvar veke har «Trygt heim»-ruter, medan det i andre kommunar vert sett opp slike ruter ved innmelde behov.

I 2014 var det færre sporadiske transportar enn tidlegare. Dei transportane som var, omfatta kommunane Austrheim, Bømlo, Lindås, Radøy og Stord. Behova vart dekte ved at særskilde ruter vart sette opp. Dei faste rutene finn ein kunngjort i Skyss sine rutehefte, medan det sporadiske vert kunngjort på internettstader, via sosiale medium og lokale «jungeltelefonar».

## Fylkesveggar

Til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet, som er på om lag 2 900 km, vart det brukt 484,6 mill. kr. Gjennom faste kontraktar med entreprenørane som har ansvar for å sjå til at vegnettet er operativt, vart det utbetalt ca. 307 mill. kr. Til andre driftsoppgåver, til dømes lys og straum på vegnettet, vart det nytta 66 mill. kr. På vedlikehaldssida vart det nytta ca. 14,4 mill. kr til vegoppmerking. 58 mill. kr vart nytta til legging av ca. 80 km nytt dekke. Det vart nytta 27,4 mill. kr til vedlikehald av dei ca. 1000 bruene på fylkesvegnettet. Til anna vedlikehald som grøfter, drenering, kantar, murar, tunellar, skilt m.m. vart det nytta vel 11,8 mill. kr.



Foto: Statens vegvesen

Ca. 80 km fylkesveg fekk ny asfalt i 2014. Biletet er frå asfaltering på nyanlegget Tyssetunellen med vegar i Samnanger.



# Over 1200 mill. kr i bompengar

## Bompengeprosjekt i Hordaland

Bompengeprosjekt	Bompengar mill. kr			Køyretøy		
	2013	2014	Endring i %	2013	2014	Endring i %
Bompengeringen i Bergen	596,8	765,0	28,2	53 523 573	52 200 536	- 2,5
Osterøybrua	50,2	53,3	6,2	1 119 300	1 180 720	5,5
Trekantsambandet <sup>1)</sup>	56,0			674 881		
Rullestadjuvet	22,8	23,4	2,6	586 924	623 152	6,2
Følgefonntunnelen	16,5	16,5	0,1	345 727	356 862	3,2
E 39 over Stord	23,7	25,2	6,3	939 227	974 126	3,7
Halsnøysambandet	21,0	21,0	0,0	291 454	315 469	8,2
Hardangerbrua	37,8	90,0	138,1	457 335	591 838	29,4
Austevollsbrua	16,4	17,3	5,5	337 236	337 705	0,1
Jondalstunnelen	11,3	12,8	13,6	134 661	155 267	15,3
Voss og Omland Bomp.	81,6	86,5	6,1	2 324 565	2 455 027	5,6
Kvam Bompengeselskap	27,2	30,2	11,0	897 195	950 307	5,9
Gjermundshamn-Årsnes	5,1	5,0	- 2,0	246 633	227 668	- 7,7
Bømlo Vegselskap AS <sup>2) 3)</sup>	33,6	47,7	42,0	796 631	1 252 678	57,2
Askøypakken <sup>4)</sup>		17,1			1 379 739	
<b>Sum</b>	<b>1 000,0</b>	<b>1 211,0</b>	<b>21,1</b>	<b>62 675 342</b>	<b>63 001 094</b>	<b>0,5</b>

Kjelder: Bompengeprosjekta sine rekneskapsførarar

1) Innkrevjinga for Trekantsambandet vart avslutta 30. april 2013. 2) Innkrevjinga for Bømlopakken starta 2. mai 2013.  
3) Tala frå Bømlo Vegselskap har og med seg tala for ferjesambandet Langevåg-Buavåg. 4) Innkrevjing for Askøypakken starta 1. november 2014

Samla for alle bompengeprosjekta i Hordaland vart det i 2014 kravd inn 1 211 mill. kr. Samanlikna med 2013 auka dei samla inntektene i 2014 med 21,1 %. Storparten av auken kom i Bomringen i Bergen og for Hardangerbrua.

I 2014 vart det starta med innkrevjing for eitt nytt bompengeprosjekt, Askøypakken. Innkrevjinga for Trekantsambandet vart avslutta i månadsskiftet april/mai, medan innkrevjing til Bømlopakken starta frå same tid.

Auken i inntektene for Hardangerbrua, 138,1 %, kjem av at 2014 er første heile året med innkrevjing. Ser ein på talet passeringar av køyretøy over Hardangerbrua er auken frå 2013 «berre» 29,4 %, men tala for 2013 inkluderer 266 995 køyretøy som vart frakta med ferja før brua opna. Jondalstunnelen kan vise til ein auke i tal passeringar på 15,3 % og auke i inntekta på 13,6 %. Inntektene frå ferjesambandet Gjermundshamn-Årsnes gjekk ned med 2 % frå 2013, og talet på køyretøy gjekk ned med 7,7 %. I Bompengeringen i Bergen vart taksten for liten bil sett opp frå kr 15 til kr 25 frå 1. juli 2013. Dette er truleg medverkande til at det for 2014 er registrert ein nedgang på 2,5 % i tall køyretøypasseringar.



Foto: Stanley Hauge

# Satsing på leiarskap for framtida

Hordaland fylkeskommune har i 2014, på meir enn ein måte, sett framtida på dagsorden i organisasjonen. Ei stor medarbeidarundersøking viser høg grad av stoltheit og trivsel, men samstundes eit forbettringspotensiale innan leiing og arbeidsmiljø. Eit omfattande leiarutviklingsprogram er starta der både nye og røynde leiarar får utvikle seg som kompetente og offensive leiarar, dyktige til å kommunisere og å motivere medarbeidarar til å yte sitt beste. Samstundes er delar av fylkesadministrasjonen gjennomgått med tanke på effektivisering og måloppnåing. Prosjektet «Førebudd på framtida» er starta for å identifisere forbetringstiltak på alle nivå.





## Styrkt leiarkompetanse

Hordaland fylkeskommune har i 2014 sett i verk ei større satsing på opplæring og utvikling av leiarar. Leiarar som byrja etter 1. januar 2012 skal gjennomgå eit obligatorisk leiaropplæringskurs, HFK-leiarskolen, som består av fem dagsamlingar. To kull på om lag 30 leiarar har delteke i denne leiaropplæringa i 2014. Nytt kurs startar i januar 2015.

For dei med meir enn tre års leiarerfaring i HFK er det starta eit leiarutviklingsprogram i samarbeid med AFF gjennom ei fireårig rammeavtale. Her er det meir vekt på individuell leiarutvikling. Første kull på 24 deltakarar hadde si første samling i november 2014 og dei skal ha to samlingar til før sommaren 2015.

## Forbetringsprogrammet «Førebudd på framtida»

Gjennom budsjettvedtaka i 2012 og 2013 gav fylkesutvalet og fylkestinget fylkesrådmannen i oppdrag å sikre at Hordaland fylkeskommune arbeider «målretta med utviklingstiltak for å kunne effektivisere drifta, auke servicenivået og betre tenesteproduksjonen overfor innbyggjarane i fylket». På denne bakgrunnen initierte fylkesrådmannen prosjektet «Førebudd på framtida». Våren 2014 vart det gjennomført ein organisasjonsgjennomgang av sentrale delar av fylkesadministrasjonen ved hjelp av eit eksternt rådgjevingsselskap (BDO). I denne første fasen var ikkje avdelingane opplæring og samferdsel inkludert.

BDO-rapporten låg føre tidleg på hausten 2014 og gav ein del påpeikingar og tilrådingar som fylkesrådmannen ønskte å ta vidare, i lys av oppdraget frå fylkestinget. Fylkesrådmannen avgjorde å vidareføre dei ulike aktivitetane i eit større program med same namn: «Førebudd på framtida». Formålet er mellom anna å effektivisere og framtidrette fylkeskommunen, samstundes med at ein er førebudd på å handtere moglege endringar i rammevilkåra. Prioriterte forbetringstiltak skal gjennomførast i løpet av programperioden.

### Programområde

Programmet er delt i tre programområde:

- 1 **Strategisk utvikling:** Under dette programområdet vil ein i hovudsak ta tak i overordna utfordringar, som utvikling av ein verksemdstrategi for HFK, utforming av ny regional planstrategi, m.m.
- 2 **Kjerneoppgåver:** Under dette programområdet vil ein gjennomgå kjerneoppgåvene til den einskilte fagavdelinga. Formålet er å avgjere, prioritere, effektivisere og, om mogleg, samordne dei oppgåvene HFK skal levere i framtida.

- 3 **Administrativ drift og utvikling:** Under dette programområdet vil ein gjennomgå oppgåvene knytt til drift og utvikling i dei sentrale stabane, det vil seie organisasjonsavdelinga og økonomiavdelinga. Ein vil vurdere framtidig organisering av desse, samt ansvarsdelinga mellom staben og linja.

### Organisering

Programsjef vart tilsett i oktober 2014 og i løpet av seinhausten vart organiseringa av programmet konkretisert. Topp-leiargruppa til fylkesrådmannen er styringsgruppe og referansegruppe er samansett av hovudtillitsvalde og sentrale verneombod. Målet er at så mange leiarar og tilsette som mogleg skal engasjerast gjennom programmet.

### Framdrift og varigheit

Programmet vil starte opp med større tyngde tidleg i 2015. Eventuelt bidrag i form av ein BDO-gjennomgang (fase 2) vil bli vurdert. Målet er å få gjennomført flest mogleg av aktivitetane i 2015. Enkelte endringstiltak vil måtte ta noko meir tid å få ferdigstilt.

## Etikk i fylkeskommunen

Hordaland fylkeskommune har etiske retningslinjer som gjeld for alle tilsette og folkevalde. Desse omhandlar mellom anna habilitet, gåver, fordelar og varsling. I 2014 har ein halde fram med å løfte fram etikk som tema mellom anna i leiarutviklingsprogram, ved introduksjon av nyttilsette og i samband med selskapskontroll og eigarskapsforvaltning. Arbeidet med å sikre etisk gode haldningar i organisasjonen vert vidareført i 2015, i tillegg til at dei etiske retningslinjene vil verte evaluert og revidert. Hordaland fylkeskommune er innmeldt i organisasjonen Transparency International. Som medlem forpliktar fylkeskommunen seg til å praktisere nulltoleranse for korrupsjon i all si verksemd.

## Profesjonell kommunikasjon

I 2014 har ein halde fram med å utvikle det profesjonelle kommunikasjonsarbeidet i fylkeskommunen. Kommunikasjonsseksjonen, som vart oppretta i januar, har arbeidd målmedvite med proaktiv mediehandtering, god visuell profilering, utvikling av internett og bruk av sosiale medium. Ny teknologi har skapt fleire kommunikasjonskanalar mot innbyggjarar og samarbeidspartnarar og HFK har teke i bruk desse kanalane der ein har sett det tenleg for samfunnsoppdraget. Eit viktig prosjekt har vore utvikling av ny internettplattform og websider for alle vidaregåande skular. Desse vert lanserte i 2015. Samstundes har god kommunikasjon og dialog vore eit vedvarande tema i leiaropplæring og medarbeidarutvikling.

## Medarbeidarundersøkinga 2014

Våren 2014 gjennomførte HFK for fyrste gong ei medarbeidarundersøking for alle tilsette. Ei partssamansett arbeidsgruppe utarbeidde rammene for undersøkinga og valde deretter Rambøll Management Consulting til å gjennomføre henne. 83 prosent av medarbeidarane tok del i undersøkinga.

Resultata viste at dei fleste tilsette trivst godt. Fem av seks seier at dei er nøgde med jobben sin. Det kjem òg fram i rapporten at dei tilsette er stolte av arbeidsplassen sin og rår gjerne andre til å søkje jobb der. Moglegheit for utvikling på arbeidsplassen var òg ein klår styrke i HFK, samanlikna med andre verksemdar, meinte Rambøll.

Sjølv om mykje er bra, viser undersøkinga òg klare skilnader mellom einingane i fylkeskommunen. Der resultata syner utfordringar, vert det peika mot leing og særleg fysisk arbeidsmiljø.

Rambøll meinte at HFK sin skår på arbeidsbelastning var noko lågare enn i andre offentlege verksemdar dei tidlegare hadde kartlagt. Som følgje av dette vart det tinga ein ytterlegare analyse av data knytt til helsebelastning. Denne viste at opplevd negativ helsebelastning var størst i tannhelsesektoren, og dernest i skulesektoren. Analysen viste ikkje særlege skilnader mellom kjønn eller aldersgrupper.

Organisasjonsavdelinga har vedteke å setje i gang eit prosjekt, der dei einingane som har rapportert om størst helsebelastning er inviterte til å delta. Prosjektet skal leiast av bedriftshelsetenesta (BHT-seksjonen). I dei einingane som ønskjer å delta vil BHT kartlegge arbeidsmiljøbelastningar og risikobilete, for deretter å gje råd til leiarar, tilsette og verneombod om korleis dei systematisk kan arbeide for å hindre negativ helsepåverknad.

Elles vil oppfølging av resultata skje i linja. Dei aller fleste leiarane i HFK har delteke på kurs i korleis dei skal presentere resultata av undersøkinga for eiga eining, og korleis dei saman med dei tilsette skal utarbeide eitt forvaringsmål og to forbedringsmål. Rådmannen har vore klår på at dette skulle gjerast i alle einingar innan august 2014.

## Ny overordna HMT-plan

Eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø spelar ei avgjerande rolle for at Hordaland fylkeskommune skal kunne utøve samsynsoppgavene sine på ein god måte. Slik vert òg fylkeskommunen ein attraktiv og robust arbeidsplass.

Hovudarbeidsmiljøutvalet og administrasjonsutvalet har i 2014 vedteke ein overordna plan for det interne arbeidet med helse, miljø og tryggleik. Målet er å forenkle og gje føringar for planarbeidet på dette viktige området. Dermed blir òg arbeidet med oppfølging av planen enklare og meir oversiktleg for brukarane.

I planen blir det peika på fem sentrale satsingsområde for HMT-arbeidet dei næraste åra:

- 1 Nærvær og helsefremjing
- 2 Likestilling, likeverd og inkludering
- 3 Meistring av omstilling
- 4 Beredskap
- 5 Ansvar for ytre miljø

Den overordna HMT-planen er knytt opp mot kjerneverdiane "kompetent", "offensiv" og "i dialog." Verdiane er forankra mellom anna gjennom opplæring av tilsette, mål om god dialog og krav om gjennomføring av verneunder, risikovurdering og medarbeidarsamtalar.


Oppfølginga og konkretiseringa av dei lokale tiltaka under kvart satsingsområde skal frå 2015 evaluerast årleg.


## Sjukefråver

Det samla sjukefråværet i 2014 var på 5,47 prosent. Dette er marginalt lågare enn i 2013 (5,54 prosent). På grunn av omlegging til nytt statistikkssystem i 2014 er samanlikninga med tidlegare år noko usikker. Det ser ut til at den verkelege reduksjonen i fråvær er noko større enn det tala tyder på. Ei av årsakene til dette er at svangerskapsrelatert fråvær ikkje var med i statistikken før 2014. Det auka fråværet blant kvinner i 2014 samsvarar med denne feilen i tidlegare statistikk.

Fråværet ser ut til å ha gått litt ned i fylkesadministrasjonen, medan det er stabilt innan tannhelse og opplæringssektoren.

Sjukefråvær 2012 - 2014, fordelt på kjønn





for å få informasjon om talet på tilsette med innvandrerbakgrunn og utviklinga over tid.

Talmaterialet byggjer på første- og andre generasjonsinnvandrarakar. Talet på tilsette i 2014 med bakgrunn frå andre land enn Noreg er 315. Dette utgjør 6,8 prosent av arbeidsstyrken, ein auke på 0,8 prosent frå kartlegginga i 2013. Dei 315 tilsette fordeler seg med 162 frå «vestlege land» og 152 frå «ikkje-vestlege land». Av tilsette i tannhelsetenesta har 12,7 prosent innvandrerbakgrunn, herav 9,1 prosent frå «ikkje-vestlege land».

## Ufrivillig deltid

Ufrivillig deltid er eit tema som har fått stor merksemd dei siste åra. I 2013 gjorde Hordaland fylkeskommune ei kartlegging av ufrivillig deltid. Kartlegginga synte at om lag 28 prosent av dei som arbeider deltid, ønskjer ein høgare stillingsprosent. Ny kartlegging vil bli utført i 2015. Det er nedsett ei arbeidsgruppe som skal sjå på tiltak for å redusere ufrivillig deltid i HFK. Vidare er det i gang eit prosjekt som ser på organisering av reinhaldstenestene med sikte på å etablere desse tenestene i ei eiga fylkeskommunal eining, herunder òg vikarpool for reinhaldarar. Ein effekt ein ser for seg av ei eventuell omorganisering er høgare stillingsprosent for reinhaldarane.

## Inkluderande arbeidsliv (IA)

Fylkesrådmannen undertekna i juni 2014 ny IA-avtale (samarbeidsavtale) med NAV, saman med ein representant for dei tillitsvalde. Samarbeidsavtalen byggjer på intensjonsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv, som vart inngått mellom partane sentralt for perioden mars 2014 – desember 2018.

I oktober 2014 godkjende hovudarbeidsmiljøutvalet ein ny overordna plan for IA-arbeidet i HFK 2014-2018. Det er sett i gang eit arbeid med å lage tilpassa IA-mål og -tiltak for kvar avdeling i fylkeskommunen. IA-tiltaka skal vere integrerte i planar for helse-, miljø- og tryggleiksarbeid (HMT) på alle nivå. Ein legg både nærvær- og livsfaseperspektiv til grunn for IA-arbeidet.

Livsfasetilrettelegging vart integrert som tema i det reviderte verktøyet for medarbeidersamtale som vart teken i bruk i februar 2014.

I samband med den nye IA-avtalen vedtok Stortinget ei forenkling av reglane for oppfølging av sjukmelde. Organisasjonsavdelinga har revidert rutinen og IKT-verktøyet for oppfølging av sjukmelde i HFK, og hatt dette som tema i leiaropplæringa hausten 2014.

## Mangfald

Dei to siste åra har organisasjonsavdelinga kartlagt tal på tilsette med innvandrerbakgrunn i HFK. Opplysningane er basert på data frå Statistisk sentralbyrå. Kartlegginga er gjort

## Likestilling

Kjønnsbalansen er god på dei fleste nivåa i Hordaland fylkeskommune når det gjeld leiarstillingar. I skulesektoren var det, ved utgangen av 2014, 26 mannlege og 20 kvinnelege rektorar, og 21 mannlege og 25 kvinnelege assisterande rektorar. Dei tre overordna regionleiarane i opplæringsavdelinga er alle kvinner.

I toppleiargruppa til fylkesrådmannen er det 6 menn og 2 kvinner. Blant seksjonsleiarane i fylkesadministrasjonen er det 13 menn og 15 kvinner og i leiargruppa i tannhelseavdelinga er det 4 menn og 4 kvinner.

## Revisjon av personalforvaltninga

Oppfølgingsarbeidet etter revisjon av personalforvaltninga i Hordaland fylkeskommune, som vart gjennomført av Deloitte vinteren 2013, har halde fram i 2014. Handlingsplanen for oppfølging av revisjonen, med nær 45 tiltak, var nesten i mål ved utgangen av 2014.

Det er gjennomført to store samlingar for leiarar der fokus har vore på viktige personalområde som rekruttering, ufrivillig deltid, kompetansefastsetting og handtering av vanskelege personalsaker. I tillegg er det arbeidd med å forbetre rutinar, retningslinjer og reglement på personalområdet.

## Fullmaktsreglement

1.1.2014 vart det gjort ein del endringar i fullmaktsreglementet på personalområdet. Fullmakta til å gi ein arbeidstakar tilrettevising og formell irettesetting vart delegert til fylkesdirektørar og rektorar. Fylkesdirektørane fekk i tillegg fullmakt til å seie opp arbeidstakarar. Endringane vart gjort som lekk i ein strategi for å få meir samsvar mellom ansvar og mynde for leiarane i HFK. Det vart gjennomført ein opplæringsdag for leiarane i samband med at fullmaktene vart lagt ut.

## Introduksjonskurs for nytilsette held fram

Hausten 2013 starta ein opp med kurs/samlingar for nytilsette i Hordaland fylkeskommune. Målet er å inkludere alle tilsette under visjonen «Vi utviklar Hordaland», gje basis-kunnskap om fylkeskommunen, samfunnsoppdrag og kjerneverdier. Samlingane har vore godt mottekne blant deltakarane. I 2014 vart det gjennomført ei slik samling, med om lag 50 deltakarar.



## Tilsette

Tal på tilsette i HFK per 31.12.	2013**	2014
Totalt fylkeskommunen	4 703	4 544
Kvinner	2 726	2 606
Menn	1 977	1 938
Sektorvis fordeling	2013**	2014
<b>Fylkesadm./andre*</b>	<b>713</b>	<b>719</b>
Kvinner	362	365
Menn	351	354
<b>Opplæring</b>	<b>3 607</b>	<b>3 472</b>
Kvinner	2 019	1 913
Menn	1 588	1 559
<b>Tannhelse</b>	<b>383</b>	<b>372</b>
Kvinner	345	335
Menn	38	37
Årsverk per 31.12.	2013**	2014
Totalt fylkeskommunen	4 125	4 062
Kvinner	2 328	2 288
Menn	1 797	1 774
Sektorvis fordeling	2013**	2014
<b>Fylkesadm./andre*</b>	<b>669</b>	<b>672</b>
Kvinner	334	341
Menn	335	331
<b>Opplæring</b>	<b>3 152</b>	<b>3 069</b>
Kvinner	1 721	1 659
Menn	1 431	1 410
<b>Tannhelse</b>	<b>303</b>	<b>321</b>
Kvinner	272	289
Menn	31	32

\* Tal inkludert Skyss og Bybanen Utbygging

\*\* Ved ein inkurie vart det i 2013 rapportert feile tal tilsette og sektorvis fordeling av årsverk. Tala er retta opp i denne årsmeldinga.

Tilsette i deltidsstillingar	2013	2014
Totalt i fylkeskommunen	1 698	1 412
Kvinner i deltidsstillingar	1 180	990
Kvinner i deltidsstillingar (% av alle kvinner i fylkeskommunen)	43,3 %	38,0 %
Menn i deltidsstillingar	518	422
Menn i deltidsstillingar (% av alle menn i fylkeskommunen)	26,2 %	21,8 %

Likestillingsbarometer per 31.12.2014	Kvinner	Totalt
<b>Opplæring</b>		
Rektorar i vgs	20	46
Ass. rektorar i vgs	25	46
<b>Tannhelsetenesta</b>		
Fylkestannlegen si leiargruppe inkl overtannlegane	4	8
Klinikksjefar	13	19
<b>Fylkesadministrasjonen</b>		
Avdelingsleiarar	2	8
Stabs-/seksjonsleiarar	15	28
Skyss og Bybanen utbygging	6	13

Tilsette i leiande stillingar	2013	2014
Kvinner	148 (46,1 %)	153 (47,7 %)
Menn	173 (53,9 %)	168 (52,3 %)
Prosentfordeling tilsette etter kjønn	2013	2014
Kvinner	2726 (58 %)	2606 (57 %)
Menn	1977 (42 %)	1938 (43 %)

# Internasjonale prosjekt vekte merksemd

Economusea og Clean North Sea Shipping, to internasjonale prosjekt som Hordaland fylkeskommune har vore sterkt engasjert i gjennom fleire år, vart i 2014 trekte fram som svært vellykka. Fylkesordførar Tom-Christer Nilsen vart i juni valt til president i Nordsjøkommisjonen. 70 elevar starta hausten 2014 på Vg2 ved «hordalandsklassar» i utlandet.

## Vekte stor interesse

Hordaland var i 2014 einaste fylkeskommunen som vart invitert av Kommunal- og moderniseringsdepartementet til å fortelje om gode døme på internasjonalt samarbeid. Særleg to prosjekt vart framheva som svært vellukka: Economusea og Clean North Sea Shipping.

Economusea går ut på å gje handverksbedrifter nytt liv gjennom visingscenter der ein både kan sjå handverket verte utført og kjøpe produkt. Clean North Sea Shipping (CNSS) går ut

på at skip i hamn skal ureine mindre ved å få elektrisk straum frå land i staden for frå skipsmotoren. Begge desse internasjonale prosjekta er styrte av Hordaland fylkeskommune, og begge er plukka ut som to av dei beste norske internasjonale prosjekta.

## Clean North Sea Shipping (CNSS)

Prosjektet har hatt 19 partnarar frå Noreg, Sverige, Storbritannia, Tyskland, Nederland og Belgia. Utanom Horda-



land fylkeskommune, har Newcastle University, Helmholtz Zentrum og Port of Antwerp hatt eit særleg ansvar i prosjektet. Målet med prosjektet er å gje innspel til EU om tiltak som kan redusere luftureining (NO<sub>x</sub>, SO<sub>x</sub>) og utslepp av drivhusgassar frå skip både i hamn og til sjøs. Tilbakemeldingane frå EU-kommisjonen har vore svært oppmuntrande, og prosjektet har fått mykje positive omtale. EU har godkjent ny prosjektsøknad frå partnerskapet om å vidareutvikla og formidla resultatane frå CNSS. Hordaland fylkeskommune skal leie dette arbeidet.

## Economusee

Prosjektet er eit samarbeid mellom regionar frå Noreg, Irland, Nord-Irland, Færøyane, Island, Grønland, Sverige og Canada. Hordaland fylkeskommune har leia prosjektet, som er særleg retta mot handverksbedrifter som skaper sitt eige driftsgrunnlag ved å produsere brukarvenlege produkt laga etter tradisjonelle metodar og teknikkar, og ved å tilby kvalitets-sikra kulturelle opplevingar til alle besøkjande. EU-prosjektet er no avslutta med gode resultat slik at ein i dag har eit nettverk på ti Economuseebedrifter på Vestlandet. Av desse bedriftene er sju lokaliserte i Hordaland, høvesvis Tønnegarden i Fusa, Syse fruktgard i Ulvik, Hillesvåg Ullvarefabrikk i Lindås, Stine Hoff Kunstglass i Bergen, Fjordtønna i Tysse, Oselvarverkstaden på Os og Treskjerartunet i Myrkdalen.

## Eco Regions

Formålet med Eco Regionsprosjektet var å sjå nærare på velukka, regionalpolitiske grep som er gjorde for å stimulere til at små og mellomstore bedrifter legg om til ein «grønare» produksjon av varer og tenester. Prosjektet har hatt elleve partnerar frå ulike regionar i Finland, Tyskland, Frankrike, Sverige, Ungaren, Italia, Malta, Belgia og Noreg, representert ved Hordaland fylkeskommune.

## Samarbeid med Freistat Thüringen, Tyskland

Dei tre siste av i alt ni prosjekt som kom i stand under avtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Freistat Thüringen, vart avslutta i 2014. Universitetet i Bergen har delteke i eit teknologisamarbeid mellom forskingsmiljøa i Bergen og tilsvarende miljø i Tyskland/Austerrrike med siktemål å etablere ein større kompetanse rundt bruk av miljøvenleg energi. Aker Solutions MMO og Christian Michelsen Research har delteke i eit samarbeid med fagmiljø i Tyskland/Nederland for å utvikle ei løysing for tidleg å oppdage korrosjon og øydelagde eller defekte overflater i undersjøiske modular i utsette, maritime miljø.



Foto: Geir Ketil Lien

Oselvarverkstaden på Os er ei av sju economuseebedrifter i Hordaland.





Foto: Hordaland fylkeskommune

Foto: Fylkesordfører Tom-Charter Nilsen vart valt til president i Nordsjøkommissjonen på generalforsamlinga 27. juni 2014. Her er han saman med visepresident Kerstin Brunnström (som representerr Vestra Götaland, Sverige) and John Lamb (som representerer Southend on Sea, England).

## Internasjonal strategi

Gjennom Internasjonal strategi 2013-16 er det vedteke tre overordna prinsipp for det internasjonale arbeidet til Hordaland fylkeskommune:

- Internasjonalt arbeid skal vere ein integrert del av Hordaland fylkeskommune sin innsats for å utvikle hordalandssamfunnet.
- Hordaland fylkeskommune skal og bidra i internasjonalt samarbeid på regionalt nivå for å løyse globale utfordringar, til dømes utfordringar knytte til klima.
- Hordaland fylkeskommune skal ha eit aktivt samarbeid med sentrale aktørar i det internasjonale arbeidet; kommunane, (kompetanse)institusjonane, næringslivet og organisasjonar.

Det internasjonale arbeidet føregår både i avdelingar, vidaregåande skular og andre einingar. Tverrgåande aktivitetar vert koordinerte av internasjonale tenester i regionalavdelinga.

## Nordsjøkommissjonen

Fylkesordføraren vart valt til president for Nordsjøkommissjonen (NSC) i juni 2014. Som følge av dette vart det etablert eit sekretariat for Nordsjøkommissjonen i Hordaland fylkeskommune for perioden 2014-2016.

Nordsjøkommissjonen er ein medlemsorganisasjon som fremjar samarbeid mellom regionane rundt Nordsjøen. Organisasjonen jobbar med prosjektutvikling og politikktutforming i Brussel og i medlemsland. Viktige saker som ein arbeider med er til dømes maritime og marine rammevilkår, rein transport inkludert rein skipsfart og gode transportløyser for Nordsjøregionen. Organisasjonen har også energispørsmål høgt på agendaen og jobbar for å fremje tiltak og vilkår som medverkar til ein berekraftig energitilførsel til resten av Europa – «North Sea Grid».

## Delegasjonsreiser

Internasjonale tenester har koordinert fleire delegasjonsreiser i 2014. I samband med 70-årsmarkeringa for D-dagen i Frankrike reiste fylkesordføraren til samarbeidsregionen Nedre-Normandie. Som ein del av 200-årsjubileet for Grunnlova har dei historiske tingstadane i Vesterled hatt besøk av

veteranfiskebåten M/S Nybakk, og fylkesvaraordføraren var med på stoppet på Orknøyene. Fylkesutvalet var på studietur til København for å diskutere erfaringane med den danske regionreforma. Fylkeskommunen sendte vidare delegasjonar til samarbeidsregionane i samband med den årlege festivalen «Les Boréales» i Nedre-Normandie, og juletreseremoniane i Edinburgh og Orknøyene.

## Prosjektkoordinering

Internasjonale tenester har koordinert tretten mobilitetsprosjekt med 37 deltakarar ved hjelp av midlar frå Leonardoprogrammet. Lokalsamfunnsutvikling og mat har vore stikkord for fleire av desse, i tillegg til helsetenester og velferdsteknologi. I 2014 starta óg det polsk-norske prosjektet «Better understand than hate» i samarbeid med Norsk folkehjelp, der målet er auka forståing og toleranse. Prosjektet er finansiert gjennom EØS-midlar.

Gjennom Aktiv Ungdom-programmet har vi utvikla ei forsøksordning for ungdommar med spesielle utfordringar i samarbeid med OT/PPT og nokre kommunar i Hordaland. Europeisk volontørtjeneste (EVS) gjev ungdom i alderen 18-30 år høve til å reise ut i Europa og arbeide som frivillige i eit lokalt prosjekt i 2-12 månader. Sidan det ikkje er krav til utdanning eller annan formell kompetanse, så er dette er eit relevant tilbod óg for ungdommar som har droppa ut frå vidaregåande skule.

Det vi krev av ungdommen er ei positiv innstilling og eit ønskje om å yte ein innsats i organisasjonen dei kjem til. Volontøren får dekkja reise, bustad, mat, forsikring, språkkurs, lomme pengar og får delta på seminar saman med andre frivillige. Gjennom Europeisk volontørtjeneste får ungdom prøve seg i «den store verda», utvikle språk- og kulturkompetanse og få arbeidspraksis, noko som vil kunne gje ei auka kjensle av meistring og sjølvinnstikk, og gjere dei meir sjølvstendige og meir sikre på vegen vidare i forhold til utdanning/arbeid.

## Internasjonalt kultursamarbeid

Hovudinnsatsen i 2014 har vore retta mot to utvalde samarbeidsregionar, Basse-Normandie og Skottland med Orknøyane.

Med bakgrunn i samarbeidsavtale med Region Basse-Normandie, var figurteatergruppa Cie Sans Soucis på turne i Hordaland med framsyninga «Les Saisons/Årstidene».

I november var det ny markering av kunst frå Hordaland under den nordiske festivalen "Les Boreales" i Caen, Nedre Normandie, med merkelappen «Made in Hordaland». Fleire norske kunstnarar deltok. Hausten 2014 var også kunstnaren Amber Ablett på gjestekunstnaropphald i Caen/Nedre Normandie. Region Basse-Normandie og fylkeskommunen opna ei utstil-



Foto: Thea Cecilie Havn Skoge

I samarbeid med FN-Sambandet Vest sende fylkeskommunen ei gruppe til eit Aktiv ungdom miljøkurs, «Ambassadors of the reduction of waste», i Basse Normandie i 2014.



Foto: Hege Cruickshank, Knarvik vidaregåande skule

Elevar i «hordalandsklassen» i Cardiff 2013-14 på utflukt i det walisiske landskapet.

ling om krigshistoria under 70-års markeringa av landgangen i Normandie. Utstillinga var produsert av Museum Vest og CRÉCET.

I oktober arrangerte fylkeskommunen konferanse i Bergen der ein drøfta moglege samarbeid innan kulturminnevernet mellom organisasjonar og institusjonar i Noreg og Skottland. På konferansen deltok representantar frå Scottish Government, National Trust Scotland, Arts&Business Scotland, Built Environment Forum Scotland og generalkonsulatet i Edinburgh i tillegg til museum og organisasjonar frå Hordaland, pluss Riksantikvaren. Konferansen vart seinare følgd opp med møte i Edinburgh.

Musikarar engasjert av fylkeskommunen hadde julekonsertar i Edinburgh og på Orknøyane i november/desember. Utøvarar i Edinburgh var Edvard Grieg Kor, medan Trio Vibrizzo var på Orknøyane, m.a. eit samarbeid med St. Magnusfestivalen. I Edinburgh deltok også KODE, invitert med for å utvikle nettverk mot viktige kunstmuseum i Edinburgh.

Fylkeskommunen deltek i eit EØS-prosjekt med Polen om fleirkulturelle bibliotektenester «Library as meeting place for many cultures». I år har vi besøkt og hatt besøk frå regionen Goldap. Ei utstilling av den polske poeten Wislawa Szymborska skal på turne i folkebiblioteka.

I november var leiaren av fylkesbiblioteket invitert til å halde innlegg om utvikling av norske folkebibliotek, på tre ulike bibliotekkonferansar i Australia.

## Vidaregåande i utlandet

I 2014 har vi sett eit stort internasjonalt engasjement ved dei vidaregåande skulane i Hordaland.

Gjennom internasjonalt samarbeid og utveksling får ungdommar frå Hordaland kunnskap og erfaringar om andre samfunn og andre måtar å lære på. Betre språkkunnskap og kulturforståing er med på å gje ungdommane ein verdifull internasjonal kompetanse som arbeids- og næringslivet i Hordaland har behov for.

Fleire skular deltek i omfattande Comeniusprosjekt, og mange elevar og lærlingar har vore på praksisopphald i utlandet gjennom Leonardo da Vinci-programmet og det nye EU-programmet for utdanning, opplæring, ungdom og idrett, Erasmus+. Til saman 115 elevar og lærlingar gjennomførte utanlandsopphald på mellom to veker til tre månader i 2014. Nokre få lærlingar var utplasserte på kjende restaurantar som Noma i København og YOLO i Stockholm, men det store fleirtalet av elevane gjennomførte praksisopphald på helseinstitusjonar og forskjellige bedrifter i fleire land i Europa.

Elevar i Hordaland har høve til å ta heile Vg2 i utlandet. Tilbodet gjeld for elevar som har fullført Vg1 innanfor utdanningsprogramma studiespesialiserte, elektrofag eller hestefag. Tilboda finst i Cardiff i Wales, Missouri i USA, Nedre-Normandie i Frankrike, Erfurt i Tyskland og Babolna i Ungarn. Til saman var det 70 elevar som valde å ta eit år vidaregåande opplæring i hordalandsklassane hausten 2014.

# Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet

Fylkestinget vedtok i juni 2014 ny klimaplan for 2014-2030 med mål og strategiar for klimavenleg energiproduksjon, bygningar, arealbruk og transport, næring og teknologi og tilpassing til klimaendringar. Fylkestinget vedtok at planen skal leggjast til grunn for andre regionale planar i Hordaland, og den gjev retningslinjer for klimatiltak i kommunane. Visjonen er Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet. Handlingsprogram for 2015 følgjer opp visjonen med nye målretta tiltak.


## Klimarapport 2014

SSB publiserte hausten 2014 fylkesfordelte tal frå 2009 til 2012. Om lag 90 % av dei nasjonale utsleppa er fordelte. Dette har gjort det mogleg å utarbeide rapporten Klima og energistatus for Hordaland 2014 ([www.hordaland.no/klima-energi-2014](http://www.hordaland.no/klima-energi-2014)) som gjer greie for utvikling og kjelder til klimagassutslepp i fylket.

Fordeler ein utsleppa i Hordaland på kjelder syner det seg

at den største auken i klimagassutslepp frå 2009 til 2012 har vore i sektorar utanfor det fylkeskommunale handlingsrommet. Største auken har vore i energiforsyning, relatert til Mongstad (mørkeblå farge i grafen). I industri og bergverk har det også vore ein monaleg auke (sum av mørkebrun og lysebrun farge i grafen). Åtte verksemdar står for det meste av utsleppa frå desse to sektorane; Statoil Mongstad raffineri (55 %), Mongstad kraftvarmeverk (18 %), Tizir Titanium og Iron i Tyssedal (9 %), Sør-Norge aluminium på Husnes (5 %), Elkem Bjølvefossen i Ålvik (5 %), Statoil Stureterminalen (2 %), Gassco Kollsnes (2 %) og BIR Avfallsenergi i Rådalen (2 %).





## Negative utviklingstrekk

Av fylka har Hordaland har den største auken i klimagassutslepp frå 2009 til 2012, opp frå 7,4 % til 9 % av nasjonale utslepp. Skiftet mellom Rogaland og Hordaland på utsleppstoppen skuldast at gasskraftverket på Kårstø vart teke ut av drift samstundes med at gasskraftverket på Mongstad vart sett i drift.

Av anna kan nemnast at flytrafikken aukar, naturskadane skjer oftare og at temperaturen aukar – også lokalt.

## Positive utviklingstrekk

Dei einaste sektorane som syner ein jamn nedgåande trend for klimagassutsleppa er jordbruk – husdyr og husdyrgjødsel og avfallsdeponigass. Etter industri, bergverk og energiforsyning (gasskraftverket) er det vegtrafikk – lette køyretøy som er største kjelda til klimagassutslepp. Desse aukar litt, medan bilmengda har auka monaleg meir. Dette skuldast både reinare forbrenningsmotorar og rask vekst i talet på elbilar. Elbilane sin del av bilmengda i fylket aukar frå 1,2 % til 2,8 % i 2014.



Meir enn kvar femte nye bil i Hordaland i 2014 var elbil

Systematisk utbygging av infrastruktur for elbilar har medverka til at Hordaland var fremst i landet i 2014 med 23 % elbilar av nybilsalet. Systematisk innsats for å betre kollektivtilbodet gjev også resultat. Talet på reisande med kollektivtrafikk i fylket (bussane og Bybanen i Bergen) har gått opp kvart år sidan 2009 og auka med ytterlegare 3,2 % i 2014.

## Utfordringar og moglege alternativ

For klimagassutsleppa utanom det fylkeskommunale handlingsrommet er ein avhengig av nasjonal politikk og EU sin klimavoteordning og direktiv. Klimaråd Hordaland har gjennom fleire brev til nasjonale styresmakter søkt å påverke den nasjonale politikken. Varig finansiering av SSB sin fylkes- og kommunefordelte klimastatistikk er enno ikkje på plass. Utan denne statistikken kan vi ikkje levere tal om korleis det går med klimagassutsleppa i fylket i forhold til klimaplanen.

Av utslepp innanfor det fylkeskommunale handlingsrommet er det særleg vegtrafikk – lette køyretøy som peikar seg ut. Sektoren utgjer 13,2 % av dei totale utsleppa, 39 % av utsleppa utanom industri, bergverk og energiforsyning. Her kan fylkeskommunen fremje god transport- og arealplanlegging og overgang frå privatbil til buss, bane, båt, sykkel og gange. Vidare løyvingar og utbygging av infrastruktur for nullutsleppsilar vil fremje elbilisme og redusere utsleppa frå lette køyretøy.





Foto: Bjarne Brask Eriksen

To biogassbussar vart sette i drift i Bergen 8. desember 2014. Dei 24 meter lange bussane er dei lengste i landet. Bussane er svært miljøvennlige, går på biogass og er kjøpt inn gjennom eit interregprosjekt, «Baltic Biogas Bus», som skal spreie kunnskap og peike på korleis ein kan utvikle bussar for biogass. Bussane trafikkerer linje 9 mellom Festplassen og Høgskulen. Dei har praktisk kapasitet på 105 passasjerar, men kan teoretisk ta heile 152 passasjerar.

## Kollektivtransport og klima

Den største delen av CO<sup>2</sup>-utsleppa i Hordaland fylkeskommune sitt eige ansvarsområde kjem frå kollektivtrafikken. Grafen nedanfor syner at utslepp frå fylkesvegferjene er større enn utsleppa frå den samla bussparken i fylket. Utsleppa frå snøggått har auka på grunn av utviding i tilbodet.




Kollektivtrafikken er eit verkemiddel for å bidra til reduksjonar i klimagassutsleppa på andre felt (privatbilar). Grafen nedst til venstre på sida syner at det er privatbilen som er det største klimaproblemet på vegane i fylket. Dette gjeld også NO<sub>x</sub>-utslepp. Bussane står berre for om lag 13 % av utsleppa frå vegtrafikken, og fraktar eit stort tal passasjerar.

Fylkestinget vedtok i 2014 Kollektivstrategi for Hordaland. Kollektivstrategien viser kva som må til og korleis ein vil arbeide for å nå dei ambisiøse målsettingane. Ei av dei største utfordringane for kollektivtrafikken i åra framover vil vere finansiering av den nødvendige kapasitetsauken, spesielt i bergensområdet. Framkomst og fysisk tilrettelegging for buss i byområdet er også ei vesentleg utfordring for vidare vekst i kollektivtrafikken.

Sjølv om kollektivtrafikken sitt viktigaste bidrag er å få fleire til å setje frå seg bilen, er det også eit mål å redusere utsleppa – sjølv om kollektivtrafikken aukar. Overgang til biodrivstoff og elektrifisering av ferjer og bussar er døme på fornybar energi som på sikt kan føre til nye monalege kutt. Ved handsaminga av klimaplan for Hordaland 2014 – 2030 vedtok fylkestinget at kollektivsektoren innan 2025 så langt som råd er skal nytte framdriftsteknologi som er basert på fornybar energi.

## Eiga verksemd

Eiga verksemd omfattar dei vidaregåande skulane, den offentlege tannhelsetenesta og fylkeskommunal administrasjon. I 2011 vart dei fleste einingane miljøsertifiserte og arbeidet med systematisk energistyring kom i gang. I 2014 er systematisk miljøstyring innført. Sjølv om kald og mild vinter påverkar, syner grafen nedanfor jamvel at systematisk arbeid for å få ned klimagassutsleppa frå eiga verksemd gjev resultat.





# Miljørekneskap 2014

Systematisk miljøstyring er innført i Hordaland fylkeskommune si verksemd i 2014. Rapporten for 2014 syner at arbeidet gjev resultat. Endringar frå 2013 til 2014 er:

- 28 % reduksjon i klimagassutslepp frå bruk av fossil energi i oppvarming og transport
- 15 % reduksjon i kalkulerde klimagassutslepp inkl. CO<sup>2</sup>-faktor på straum (nordisk miks)
- 58 % auke i talet på miljøsertifiserte leverandørar
- 19 % auke i talet på miljømerka produkt som er kjøpt
- 9 % nedgang i papirforbruk
- 3,8 % nedgang i temperaturkorrigert energiforbruk per kvadratmeter oppvarma areal
- 2 % nedgang i km-godtgjersle fossilbil
- 34 % auke i km-godtgjersle elbil
- 57 % auke i talet på videokonferansar
- Uendra km flyreiser, men nedgang i CO<sup>2</sup>-utsleppa pga. meir miljøvenlege fly

Og sist, men ikkje minst: Fylkeskommunen har gjennom dette spart om lag seks millionar kroner på betre energi- og miljøstyring og mild vinter.

Nokre negative utviklingstrekk som ein må ta fatt i har det jamvel vore:

- 15 prosentpoeng nedgang i delen miljømerka papir til 58 %
- 2 % auke i total mengde avfall
- 2 prosentpoeng nedgang i kjeldesorteringsprosenten til 36 %

Miljørekneskap for alle einingane og andre miljørapportar for 2014 er publisert på [www.hordaland.no/miljorapport](http://www.hordaland.no/miljorapport).

# Kommune-Stat-Rapportering - KOSTRA

	Hordaland				Rogaland	Landet u/ Oslo
	2011	2012	2013	2014	2014	2014
<b>Finansielle nøkkeltal i prosent av brutto driftsinnt.</b>						
Netto driftsresultat	3,5	3,3	6,6	0,7	2,0	3,0
Avdragsutgifter netto	2,8	3,3	3,5	3,8	2,6	2,8
Renteutgifter netto	1,7	2,0	2,0	2,1	1,9	0,0
Netto lånegjeld	73,5	81,7	83,6	95,9	87,1	63,1
Arbeidskapital ex. premieavvik	5,7	8,5	9,4	11,3	7,1	11,2
Disposisjonsfond	2,5	2,7	2,9	4,4	6,0	7,3

<b>Finansielle nøkkeltal i kroner per innbyggjar</b>						
Brutto driftsutgifter	13 791	14 104	14 657	15 343	11 956	14 855
Brutto driftsinntekter	14 352	14 679	15 729	15 398	12 042	15 073
Frie inntekter	10 060	10 454	10 802	11 102	9 938	11 607
Netto lånegjeld	10 552	11 987	13 155	14 762	10 485	9 506

<b>Fordeling av brutto driftsutgifter (prosent)</b>						
Adm og styring	3,9	4,1	3,9	3,1	4,2	4,9
Vidaregåande opplæring	42,9	43,2	42,5	42,0	53,7	46,5
Tannhelsetenesta	3,8	3,8	4,0	4,0	3,6	4,2
Fys. planl./kult.minne/natur/ nærmiljø	2,7	2,6	2,1	2,4	2,3	2,4
Kultur	3,0	3,3	3,4	3,9	4,1	4,4
Samferdsel	38,1	37,2	37,4	38,3	26,1	29,1
Næring	2,7	2,8	2,5	2,4	2,2	3,7

KOMMUNE-STAT-RAPPORTERING er eit nasjonalt informasjonssystem som gjev informasjon om kommunal og fylkeskommunal verksemd. Statistisk Sentralbyrå offentliggjorde 16. mars ureviderte tal for 2014. Reviderte tal vil verte lagde ut 15. juni.

I tabellen er vist nokre nøkkeltal, der Hordaland fylkeskommune vert samanlikna med Rogaland fylkeskommune og gjennomsnittet for fylkeskommunane (utanom Oslo).

Hordaland har lånegjeld som er ein god del høgare enn landsgjennomsnittet. Netto lånegjeld utgjer 95,9 % av driftsinntektene. Nær 6 % av inntektene går med til å dekke renter og avdrag. Dette er dobbelt så mykje som gjennomsnittet for fylkeskommunane. Nokre av fylkeskommunane har utbytte og renteinntekter som overstig renteutgiftene.

Arbeidskapital er eit mål på likviditeten. Talet for Hordaland har auka for kvart år, og er no på nivå med landsgjennomsnittet.

Hordaland fylkeskommune ligg litt over landsgjennomsnittet når ein ser på brutto driftsutgifter og brutto driftsinntekter per innbyggjar.

Om ein ser på fordelinga av brutto driftsutgifter mellom ulike sektorar, er det samferdsel som skil seg ut. Hordaland brukar ein god del meir til samferdsel enn landsgjennomsnittet, og opplæring får ein mindre del av utgiftene. Delen av utgifter som går til administrasjon er redusert i 2014. Dette skuldast i stor grad at ein har vore meir nøye med å fordele utgifter ut på dei ulike funksjonane.

Kultur og idrett	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Rogaland	Landet u/ Oslo
	2011	2012	2013	2014	2014	2014
Netto driftsutg. til kultursektoren i prosent av samla netto driftsutg.	2,2	2,5	2,7	3,2	2,6	3,0
Netto driftsutg. i alt til kultursektoren per innb. i kroner	222	256	285	357	258	353
Netto driftsutg. bibliotek per innb. i kroner	14	15	16	15	9	33
Netto driftsutg. museum per innb. i kroner	83	87	95	92	84	86
Netto driftsutg. kunstformidling og produksjon per innb. i kroner	68	67	77	80	94	114
Netto driftsutg. idrett per innb. i kroner	- 3	19	33	91	3	57
Netto driftsutg. andre kulturaktiviteter per innb. i kroner	60	67	65	78	67	63
Brutto driftsutg. kultursektoren per innb.	409	458	506	600	495	661

Videregående opplæring	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Rogaland	Landet u/Oslo
	2011	2012	2013	2014	2014	2014
Prosent av personar 16-18-år som er i videregående opplæring, bustadfylke	93,1	93,8	93,6	93,9	92,4	92,2
Prosent i videregående opplæring som er i opplæring i skule, bustadfylke	83,1	82,4	82,0	81,9	77,7	82,2
Prosent i videregående opplæring som er i opplæring i bedrift, bustadfylke	16,9	17,3	17,9	17,9	22,3	17,4
Prosent elevar og lærlingar som er i studieførebuande utdanningsprogram, bustadfylke	46,8	47,0	47,3	48,0	44,6	48,9
Prosent elevar og lærlingar som er i yrkesfaglege utdanningsprogram, bustadfylke	53,2	53,0	52,7	52,0	55,4	51,1
Prosent elevar som går på skule utanfor bustadfylke	3,0	3,4	2,8	2,9	2,8	4,4
Prosent lærlingar som har læreplass utanfor bustadfylke	10,9	11,0	10,7	10,3	3,3	13,2
Prosent elevar som har fått oppfylt førsteønske til utdanningsprogram	86,8	86,7	87,5	..	..	..
Prosent av søkjarar til lærlingeplass som er vortne lærlingar per 1.10	77,9	77,3	75,6	..	..	..
Elevar per skule, fylkeskommunale skular (vgo)	401	400	398	419	654	542
Elevar per lærarårsverk, fylkeskommunale skular	9,4	9,5	9,4	9,6	8,9	8,6
Prosent beståtte fag- og sveineprøvar	91,4	88,6	88,2	91,4	94,0	93,5
Prosent elevar som har slutta i løpet av året - alle årstrinn	6,3	5,8	6,0	6,2	4,3	4,7
Ungdom 16-18 år, bustadfylke	19 491	19 825	19 664	19 556		
Lærlingar, nye siste år, bustadfylke	1 978	2 089	2 076	2 054		
Elevar ved fylkeskommunale videregående skular, skulefylke	18 032	18 384	18 298	18 010		
Elevar ved private videregående skular, skulefylke	2 271	2 442	2 667	2 839		
Lærlingar, læreplassfylke	3 992	4 176	4 347	4 375		

Samferdsel	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Rogaland	Landet u/Oslo
	2011	2012	2013	2014	2014	2014
Netto driftsutgifter i kr per innbyggjar, samferdsel i alt	3 730	3 723	3 883	4 180	3 069	3 791
Prosent netto driftsutg. for samferdsel i alt av samla netto driftsutg.	37,7	36,2	37,0	37,6	30,9	32,6
Brutto investeringsutgifter i kr per innbyggjar, samferdsel i alt	3 876	4 204	5 038	5 950	1 996	2 249
Netto driftsutgifter i kr per innb., fylkesvegvar	989	1 027	1 064	1 179	1 212	1 530
Brutto driftsutgifter i kr per km. fylkesveg	167 777	175 935	184 724	207 020	239 897	166 336
Netto driftsutgifter i kr per innb., bilruter	1 761	1 764	1 829	1 881	1 580	1 529
Netto driftutgifter i kr per innb., fylkesvegferjer	636	598	606	581	220	..
Netto driftutgifter i kr per innb., båtruter	167	176	192	254	1	..
Netto driftutgifter i kr per innb., transport for funksjonshemma	96	91	98	94	55	56
Netto driftutgifter i kr per innb., sporvegvar og forstadsbaner, konsern	80	67	93	190	1	..

Tannhelsetenesta	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Rogaland	Landet u/Oslo
	2011	2012	2013	2014	2014	2014
Netto driftsutgifter tannhelse pr. innb. i kroner	393	391	419	425	431	485
Netto driftsutg. tannhelsetenesta, i % av totale netto driftsutg.	4,0	3,8	4,0	3,8	4,3	4,2
Brutto investeringsutg., tannhelse, pr. innb. i kroner	29	43	56	17	0	15
Brutto driftsutgifter, tannhelse, pr. innb. i kroner	523	530	581	610	431	628
Prioriterte personar, prosent under off. tilsyn i tannhelsetenesta	88,7	87,7	91,4	92,9	92,2	89,3
Prioriterte personar, prosent undersøkt/behandla	60,6	59,6	59,8	60,5	70,6	64,5
Avtalte tannlegeårsverk (offentleg og privat) per 1000 innb.	0,99	0,89	0,91	0,98	0,88	0,89
Avtalte tannpleiarårsverk (offentleg og privat) per 1000 innb.	0,21	0,20	0,21	0,22	0,14	0,18
Barn og ungdom 3-18 år, prosent undersøkt/behandla	65,8	64,7	65,0	65,1	74,7	71,6
Ungdom 19-20 år, prosent undersøkt/behandla	45,6	44,0	44,0	45,2	71,4	48,1
Vaksne betalande klientell, prosent undersøkt/behandla	5,3	5,7	5,7	5,4	9,3	6,4
Heile befolkninga, prosent undersøkt/behandla	20,1	20,0	20,0	19,8	25,9	21,7
Personar undersøkt/behandla per offentleg avtalt årsverk i tannhelsetenesta.	326	317	310	313	411	309
12-åringar, prosent undersøkt i løpet av året	65,1	64,9	63,0	63,8	82,9	77,5
Prosent ledige tannlegestillingar, off. tannhelseteneste	0,9	0,8	0,0	0,0	0,0	4,0

# Vedlegg

## Tilskot til næringsutvikling 2014

### Prosjekt og institusjonar med driftstilskott

Aktør	Beløp
Fjord Norge	4 040 000
5 reiselivsdestinasjonar i Hordaland	765 000
Fellesoppgåver reiseliv, prosjektstilling	730 000
6 regionale tiltakskontor	1 025 000
Fiskeriforum Vest	310 000
VilVite, Bergen Vitensenter AS	3 350 000
HOG Energi	890 000
Business Region Bergen	4 180 000
<b>Totalt 17 aktørar i 2014</b>	<b>15 500 000</b>

### Støtte over HNH-budsjettet

Aktør	Beløp
Atheno	1 300 000
Industriutvikling Vest	700 000
Nyskapingsparken	900 000
MediArena	200 000
Nordhordland næringshage	300 000
Gulen og Masfjorden næringshage	150 000
Voss næringshage	300 000
Ungt entreprenørskap	400 000
UPTIME, Centre of Competence	250 000
Design Region Bergen	500 000
Maritimt Forum for Bergensregionen	500 000
Fiskeriforum Vest	190 000
Nordiske Mediedager	260 000
Filmfondet FUZZ	650 000
NCE Subsea	550 000
NCE Tourism Fjord Norway	350 000
<b>Totalt 16 aktørar i 2014</b>	<b>8 190 000</b>

## Tilskot frå Regionalt forskningsfond Vestlandet

Følgjande større forskingsprosjekt med forankring i Hordaland fekk i 2014 til saman nær 23 millionar kroner i stønad frå fondet (prosjektnamn og prosjekteigar):

Dietary AGD modulation  
EWOS AS

Fiskeprotein i restråstoff - et helseprodukt for mennesker  
HALSTENSEN GRANIT AS

Kvalifisering av teknologi for fremstilling av metalliske nanopartikkler ved fysisk fordampning til anvendelse i tynn film solseller.  
Ensol AS

Integrasjon av vind- og tordenprognoser i Promaps  
STORMGEO AS

Nye siderprodukt frå Hardanger  
Hardanger Siderprodusentlag

Korleis jobbe betre saman om Inn på tunet tilbod?  
Kvinnherad kommune

Dyrking og foredling av makroalger av høy kvalitet til nye matprodukter  
Austevoll Seaweed Farm AS

Klimaservice i Hordaland  
Hordaland fylkeskommune

Teknologiutvikling for storskala dyrking og høsting av tunikater (sekkedyr)  
TuniChor AS

Hydroakustisk energioverføring og kommunikasjon  
Transmark Subsea AS

## Aktivitet i arbeid med regionale planer

I arbeidet med Bergensområdeplanen og Senterplanen vart det gjennomført:

- Arbeidsverkstader om natur, kulturmiljø og landskap, kollektivknutepunkt
- Medverknadsmøte om bustad og næringsareal, transport, senterstruktur
- Sunnhordlandsplanen hadde samlingar om strandsone og sjøtransport/maritim næring samt studietur til Færøyane.

## Tilskot – Partnerskap i kommune- og tettstadplanlegging

For 2014 var det avsett 530 000 til «Partnerskap i kommune- og tettstadplanlegging». Desse er fordelte til Kvam (mogleighetsstudie), Kvinnherad (plan for Uskedalen), Osterøy (plan for Lonevåg), Ullensvang (stadanalyse Nå) og Stord (gangbar tettstad).

Fylkeskommunen har løyvt 2,2 millionar kr frå Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNH) til realisering av ny sjøfront i Rosendal. Det vart også løyvd midlar til «Liv på Øyro» i Os kommune, utforming av fellesareal i Knarvik sentrum og sentrumspark i Austrheim.

# Visste du dette om Hordaland?

15 437 km<sup>2</sup>

areal

Niande største fylke i landet.



55%

femåringar utan karies i 2001.

83%

femåringar utan karies i 2013.

10 937 292 m

kystline



6%

av arealet er ferskvatn.



1,9°C

auke i snittemperatur

Daglege temperaturmålingar på Florida frå 1970 til 2014.

35,2 innbyggjarar per

km<sup>2</sup> landareal

Sjette tettast busette fylket i landet.



2 910 km

Fylkesveg

763 km

Riks/europaveg

3 120 km

Kommunale vegar

6 512 km

Private vegar



Kr 416 500

gjennomsnittleg bruttoinntekt i 2013  
48.000 mindre enn Rogaland



4,7

interessa for friluftsliv på ein skala frå 1 (svært lite interessert) til 6 (veldig interessert). Til samanlikning scorer rock 3,8 og hip-hop og opera 2,4.



511 357

Tal innbyggjarar per 31.12. 2014.  
(tredje største fylket i landet)

2026

året fylkeskommunen ventar at fylket vil passere 600.000 innbyggjarar



20 849

elevar i vidaregåande (nest flest i landet)

6 111

folkeauke i fylket i 2014

9 524

polske statstborgarar i fylket per 1. januar 2014



Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5  
Postboks 7900  
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Mars 2015